

# **Faderen, Sæle og den heilage allianse**

*Norge IDAG*-redaktør Finn Jarle Sæle sine planar for ein borgarleg fleirtalsallianse mellom KrF og FrP om kristne hjertesaker



Av Sindre Grønmyr Rise

Masteroppgåve i Historie

Universitet i Bergen

Vår 2008



## Forord

Først av alt vil eg takke mine to rettleiarar professor Øyvind Bjørnson, og professor Tore Grønlie ved Universitetet i Bergen. Tore tok over ansvaret for meg då Øyvind så tragisk gjekk bort i desember 2007, etter å ha vore min rettleiar i nesten halvanna år. Begge har med sine gode idear, faglege styrke og oppmuntrande kommentarar vore sterke inspirasjonskjelder for meg. Dernest vil eg takke min far, Olav Sindre, og min gode venn, Anders Elling, for timane dei brukte på å lese korrektur på oppgåva, og mi mor, Oddrun, som kom med oppmuntringar undervegs. Til slutt vil eg takke alle masterelevane på lesesalen som har bidrege til eit godt miljø, og muntre samtalar i pausane.

Sindre



# Innhold

1. Alliansetanken vert sådd .....	7
1.1: Talen i Levende Ord.....	7
1.2: Problemstilling .....	8
1.3: Avgrensingar av oppgåva.....	9
1.4: Kjelder og litteratur .....	10
1.5: Disposisjon.....	13
2. KrF og FrP sine partihistorier - To religiøse parti blir til.....	17
2.1: KrF – frå Vestlandsparti til landsdekkande folkeparti .....	17
2.2: FrP - Frå protestparti under Anders Lange til leiande opposisjonsparti .....	22
Oppsummering .....	25
3. Finn Jarle Sæle og <i>Norge IDAG</i> .....	27
3.1: Det tidlege engasjementet .....	27
3.2: Norge IDAG – ”Stien i tåken” .....	30
3.2.1: Om avisa.....	30
3.2.2: Abort og Genforskning .....	32
3.2.3: Israel og Midtausten .....	34
3.2.4: Det amerikanske samfunnet som ideal.....	39
3.2.5: Skepsis til homofili .....	42
3.2.6: Kampen for kristendomsundervisning og kristne privatskular .....	44
3.2.7: Motstand mot muslimsk fundamentalisme .....	46
Oppsummering .....	49
4. Alliansebygging i <i>Norge IDAG</i> .....	51
4.1: Kva talar for ein allianse? .....	52
4.1.1: Allianse og fundamentsakene .....	52
4.1.2: ”Veljarane og grasrota vil ha samarbeid” .....	56
4.1.3: ”Veldig lite skil partia” .....	59
4.1.4: ”Populisme er positivt” .....	60
4.2: Kva talar mot ein allianse?.....	62
4.2.1: Usemje om abort- og genpolitikk.....	62
4.2.2: Leiinga i KrF som bremseklossar .....	63
Oppsummering .....	64
5. Tilnærmingar mellom KrF og FrP?.....	67
5.1: Bles det mellom partitoppene?.....	68
5.1.1: KrF og FrP 1993-2005 .....	68
5.1.2: Samanstøytar mellom Hagen og Bondevik.....	70
5.1.3: Etter valet i 2005 .....	71
5.2: Kva med veljarane?.....	73
5.2.1: Innleiande om valundersøkingane til Statistisk sentralbyrå.....	74
Feilkjelder.....	74

5.2.2: Prioriteringar og avgrensingar.....	76
Val av saker.....	77
5.2.3: Veljarvandringane mellom KrF og FrP.....	78
Stortingsvalet 1993.....	78
Stortingsvalet 1997.....	79
Stortingsvalet 2001.....	80
Stortingsvalet 2005.....	80
5.2.4: Partiprofilar for KrF og FrP basert på fråhald og religiøs tilknytning.....	81
KrF.....	82
FrP.....	82
Studien av stortingsvalet i 2005.....	83
5.2.5: Partisamanlikningar over forskjellige aktuelle tema.....	84
Innvandring.....	85
Private skular og kristendomsundervising.....	86
Abort og gen-politikk.....	87
Synet på homofile.....	88
Andre interessante statistikkar.....	88
Kva med regjeringssituasjonen?.....	89
5.3: Oppsummering.....	90
6. Konklusjon.....	93
Alliansebygging – Eit luftslott eller berande konstruksjon.....	93
Kjem partane nærare?.....	97
Går det mot ein allianse?.....	100
Litteraturliste:.....	101
Andre kjelder:.....	103
Appendix:.....	105
Valundersøkinga 2005.....	105
KrF.....	105
FrP.....	107

# 1. Alliansetanken vert sådd

## 1.1: Talen i Levende Ord

Den 13.juli 2004 stod Carl I. Hagen på talarstolen i den kristne frimenigheita Levende Ord i Bergen. Som partileiar for Framstegspartiet (FrP) hadde han dei siste åra vore med på å dreie partiet i retning av ein meir kristeleg profil.<sup>1</sup> Likevel var det få som var budde på det som skulle kome frå partileiaren denne kvelden. Framfor ein fullsett forsamlingsaal gjekk Hagen til angrep på både palestinarane og islam som religion, samstundes som han brukte vendingar som "vi kristne" for å ikkje leggje skjul på si eiga overttyding.<sup>2</sup> Talen vart fordømt av eit nærmast samstemt pressekorps, men også av stortingskollegar og samfunnsdebattantar. Representantar frå parti over heile partiskalaen, med unntak av FrP, stilte seg kritisk til Hagen sine utsegner.<sup>3</sup>

Likevel kan det verke som partileiaren nærmast traff blinken i eit miljø av kristne som var samde i det han ytra denne kvelden. I dette miljøet opplevde Hagen støtte for haldningane sine, og fekk sympati då det i ettertid vart retta kritikk mot han. Frå pressehald stod mellom anna avisa *Norge IDAG* som ein av dei som sterkast forsvarte Hagen i den etterfølgjande debatten.<sup>4</sup> Avisa sin redaktør, Finn Jarle Sæle, hadde i lengre tid ivra for eit samarbeid på borgarleg side, spesielt mellom KrF og FrP, for å ta vare på kristne verdiar i samfunnet. Sjølv om Sæle ikkje var tilknytt miljøet rundt Levende Ord og leiaren deira, Enevald Flåten, hadde Sæle, i likheit med Flåten,<sup>5</sup> snakka varmt om ein kristen fleirtalsallianse i politikken.<sup>6</sup> Kanskje var det å danne politiske alliansar Flåten tenkte på då han inviterte Hagen til å halde tale for Levende Ord.

Ein del av denne draumen om politisk innverknad gjekk i oppfylling ved kommunevalet i 2007, då fleire med bakgrunn frå nettopp Levende Ord fekk plass i byrådet i Bergen.<sup>7</sup> Ved dette valet greidde fleire lågkyrkjelege menigheiter å kome seg i posisjon som tillitsvalde i KrF i Bergen. Tre kom frå Levende Ord, to frå Tabernaklet, og ein kvar frå Sion,

---

<sup>1</sup> Ekeberg 2001: 250

<sup>2</sup> [http://www.frp.no/Innhold/FrP/Dokumenter/Taler/Hagens\\_tale\\_pa\\_Levende\\_Ord/](http://www.frp.no/Innhold/FrP/Dokumenter/Taler/Hagens_tale_pa_Levende_Ord/) (talen referert i sin heilskap på FrP si nettside).

<sup>3</sup> <http://www.nytid.no/?sk=8&id=2085> (artikkelen "Hagen og Blasfemi" frå nettavisa NyTid)

<sup>4</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=5366> ("Hva sa Carl I. Hagen- og hva er sannheten?" 15.07.2004)

<sup>5</sup> <http://idag.no/aktuelt-oppslag.php3?ID=7826> (Ønsker FrP i regjering 06.07.2005)

<sup>6</sup> <http://idag.no/aktuelt-oppslag.php3?ID=13121> ("KrF-majoritet sier ja til Frp" 14.08.2007)

<sup>7</sup> <http://www.bt.no/lokalt/bergen/article419634.ece> (Bergens Tidende) ("Disiplene tar makten" 04.10.2007)

Bergenskirken og Kristkirken. I den nye bystyregruppa som vart danna etter kommunevalet var tre av fire frå det lågkyrkjelege miljøet.<sup>8</sup> Det kunne dermed sjå ut som draumen om ein kristen politiske allianse, som Sæle hadde snakka om, materialiserte seg for første gong.

Dei første spora til Sæle si politiske organisering for å skape ein allianse mellom kristne i Noreg, fører attende til stiftinga av "Kristen Koalisjon Norge" våren 1993. Denne rørsla vart eit viktig reiskap for Finn Jarle Sæle i kampen mot partnerskapslova, som var oppe i Stortinget dette året. Same år kom også boka "Norge vend i tide", som Sæle gav ut saman med ein annan politisk engasjert kristen, Jan-Aage Torp. På denne tida sat Sæle som redaktør for den kristne dagsavisa Dagen, men måtte gå frå denne stillinga i 1999 etter å ha vorte regelrett støytt ut av avisa, og erstatta med den noverande redaktøren, Odd Sverre Hove.<sup>9</sup>

Etter avgangen i *Dagen* grunnla Sæle si eiga avis, *Norge IDAG*, som i 2006 passerte *Dagen* sine lesartal, og hadde eit opplag på 10154.<sup>10</sup> Avisa, som kjem ut ein gong i veka, har den sjølvforklarande undertittelen "Israelsavis, vekkelsesavis og næringslivsavis". Denne undertittelen levnar liten tvil om kvar i landskapet denne avisa ligg. I avisa er Sæle på leiarplass svært oppteken av å danne alliansar på borgarleg side i politikken, spesielt mellom KrF og FrP, og om nødvendig med Høgre for å sikre fleirtalet. Redaktøren ser på FrP som ein heilt sentral støttespelar for KrF når det gjeld å støtta det han ser på som viktige kristne hjertesaker.

## 1.2: Problemstilling

At kristne organisasjonar og rørsler engasjerar seg i det politiske liv er ikkje noko nyhende. KrF har vore med på å forma norsk politikk heilt sidan dei vart skipa i 1933. Det som har vore nytt dei siste 10-15 åra, er forsøka frå for eksempel Sæle og hans tilhengarar på å bygge breie alliansar i politikken for ta vare på det dei ser på som kristne hjertesaker. Føremålet for oppgåva vert derfor å finne ut kva planar Sæle og *Norge IDAG* har for politiske alliansar og alliansebygging, og kva saker, personar og grupper det er som verkar positivt eller negativt inn på allianseplanane hans. I tillegg vil eg finne ut kva konsept denne alliansen følgjer utover dei sakene han presenterar som viktige. Sentrale spørsmål er korleis kjem denne

<sup>8</sup> <http://www.bt.no/lokalt/bergen/article419051.ece> (Bergens Tidende) ("Tre av fire fra karismatiske menigheter" 03.10.2007)

<sup>9</sup> <http://www.vl.no/meninger/kommentar/article2902527.ece?service=print> (Vårt land) ("Nye tider nye allianser" 31.07.2007)

<sup>10</sup> <http://mediebedriftene.no/novus/upload/file/avis/marked/opplagstall/2006/opplagspresentasjonen%202006-rettet.pdf> (oversikt over opplagstala til dei største avisene i landet)



alliansen til makta, kven er med i den og kva institusjonar skal den innta? Eit naturleg problemstilling ved sida av dette er å undersøke kva saker han ser på som viktige, og frontar i avisa si. Med andre ord, kva saker vil dei at KrF, og dei andre potensielle deltakarane i alliansen, skal fokusere på, og kva skal haldninga vere i desse sakene?

På grunn av ein motvilje frå KrF til å danne allianse med FrP, har allianseforkjemparane ofte kome i opposisjon til partileiinga, samstundes som dei ønsker ein meir konservativ profil på partiet. Aktivistane har heller ikkje vore like nøgde med alle regjeringskonstellasjonane som KrF har delteke i. Spesielt er det lett å tenkje seg at eit sentrumsalternativ er vanskeleg å svelgje, då dette bryt med tanken om å søke samarbeid med partia på høgresida. Mange innanfor denne rørsla ser også ein samanheng mellom den fallande oppslutninga og liberaliseringa av partiet. I denne samanhengen er Sæle ikkje noko unntak. Valundersøkinga for dei to siste vala har vist ein markert overgang av veljarar frå KrF til FrP. Desse undersøkingane kan brukast til å undersøke om det har vore noko tilnærming på veljarnivå mellom KrF og FrP i retning av ein framtidig allianse. I tillegg vil eg med hjelp av partiprogram og forskjellig politisk faglitteratur undersøke forholdet mellom dei to partia på topplan, og finne ut om dei har kome noko nærare kvarandre dei siste åra.

### **1.3: Avgrensingar av oppgåva**

Når det gjeld starttidspunktet for hovuddelen av oppgåva, vil det vere mest føremålstenleg å setje startpunktet i 1993, då Sæle vart aktiv i rørsla "Kristen Koalisjon Norge" mot partnerskapslova. Sjølv om dette er relativt få år sidan, har det vore vanskeleg å finne ut kva aksjonar denne rørsla verkeleg stod bak, og kva Sæle si rolle var i den. Likevel var dette den første verkeleg aksjonen frå denne kanten, og kanskje var det også her spiren til alliansetanken ein gong låg. Det kan verke som om Sæle alt frå den gongen hadde ein klar tanke om at aksjonar frå enkeltpersonar eller små miljø hadde lite å seie så lenge ein ikkje hadde ein allianse og fleirtalet på Stortinget med seg. Sjølv om sikkert mange har brent for alliansetanken, vil eg konsentrere meg hovudsakleg om Sæle sine aktivitetar som spenner seg over mange år og mange tema, godt støtta av hans eiga avis. Sæle sine rørsler er også svært lette å følgje fordi han gjennom si avis produserar ein konstant flaum av leiarartiklar om ymse politiske tema. Andre aktivistane vert derfor henvist til å få kome med enkelte innspel i oppgåva.

I kapitel to vil eg derimot trasse denne årstalsavgrensinga som stoppar på 1993. Dette kapitelet skal vere eit bakgrunnskapitel med partihistorie for begge parti heilt tilbake til skipingane av dei. Kapitelet har som formål å vise på kva grunnlag Sæle kjempa for alliansar i 1993, då han kom inn i manesjen. Var det verkeleg noko som tyda på at partia var i ferd med å nærme seg kvarandre så mykje at det var håp for eit samarbeid?

Dette vesle opprøret som kom innanfor KrF i Bergen etter kommunevalet i 2007 vert lett sett på som eit vestlandsfenomen, då den lågkyrkjelege aktiviteten i dette området tradisjonelt er større enn andre stadar i landet. Sjølv om *Norge IDAG* har rotfest seg på Vestlandet og opprøret i Bergen skjedde i denne regionen kjem svært lite av oppgåva til å dreie som om landsdelen. Fokuset til *Norge IDAG* på alliansar engasjerar seg først og fremst på nasjonalt plan, og har ofte klar adresse til stortingsgruppa til KrF i mange saker.

#### **1.4: Kjelder og litteratur**

Av dei kristne avisene eg har lese i samband med oppgåva har *Norge IDAG* utmerka seg som heilt spesiell på fleire måtar. Få talar varmare om FrP enn denne avisa, og ingen brenn meir for at dei andre borgarlege partia må opne opp for eit samarbeid i denne retninga. Sæles avis er også den som har dei mest positive og optimistiske tankane om kva ein brei koalisjon mellom kristne på Stortinget vil ha å seie for kristne hjertesaker. Elles tek avisa opp ei lang rekkje saker som ofte vert oppfatta som tradisjonelle kristne saker. Mange av sakene er typiske for religiøse aviser, som for eksempel sympati for Israel, abortmotstand, motstand mot ymse homofile rettar, forsvar for kristne privatskular og organisasjonar, og motstand mot muslimsk innvandring og påverknad. Denne avisa er derfor ei svært god kjelde å bruke som utgangspunkt for masteroppgåva, for å få innblikk i dette miljøet. Det var då også denne avisa som utløyste interessa for temaet som eg jobbar med, og som følgjeleg var med på styre oppgåva i denne retninga. *Norge IDAG* kan gje innblikk i Sæle sine alliansetankar, samstundes som avisa presenterar det breie spekteret av saker som han er oppteken av, og som han meiner bør vere viktige for denne alliansen. Derimot kan den ikkje seie så mykje om det har skjedd noko tilnærming mellom dei to partia på riksplan, sjølv om det ikkje manglar på synspunkt frå hovudpersonen på dette spørsmålet.

Ein god grunn til å fokusere på aviser som medium for informasjonssamling, framfor for eksempel TV, er mangfaldet, som også omfattar kristne aviser. Dei største TV-kanalane er alle sekulære og har derfor lite innsikt i lågkristlege miljø, trass i at informasjonen og nyhendene dei presenterer av mange vert sett på som meir balanserte enn det dei kristen-konservative avisene presenterar. Mangfaldet mellom avisene er større, men også her er dei fleste av dei verkeleg store media sekulære. *Vårt Land* er rett nok ei av dei største avisene i landet, men knyt seg nok meir til dei statskyrkjelege kristne enn til dei lågkyrkjelege, og har heller ikkje stått spesielt langt framme i kampen for politiske alliansar. Innspel frå andre lågkyrkjelege kristne aviser som *Magazinet* og *Dagen* vil førekomme, men desse vert underordna fokuset på *Norge IDAG*. Lågkyrkjeleg tyder i denne samanhengen menigheiter utanfor statskyrkja, med andre ord dissentarar.

Miljøet rundt Sæle har produsert noko litteratur på feltet, mellom anna "Norge vend i tide" som redaktøren gav ut saman med Jan-Aage Torp. I denne boka skreiv mange framstående kristne kvart sitt kapitel, der til dels sterke karakteristikkar vart brukt om situasjonen som landet vårt har hamna i på grunn av at folket har vendt seg vekk frå Gud. Men dette kan vel knapt kallast faglitteratur. Likevel gjev denne litteraturen innsikt i kva saker som vert sett på som viktige av dette miljøet.

Når det gjeld valundersøkingane frå Statistisk sentralbyrå kan desse brukast til å undersøke om det skjer ei tilnærming mellom KrF og FrP. Undersøkingane kan hjelpe til med på å kartleggje endringa i FrP si veljarmasse, for å finne ut om denne nærmar seg KrF sine veljarar og omvendt. Dette vil verte gjort gjennom ei analyse av tala i dei såkalla partiprofilane, statistikkane over veljarvandringane og med å samanlikne dei haldningane veljarane har til forskjellige saker. I tillegg til sjølve valundersøkinga som kjem ut to år etter kvart stortingsval, kjem det samstundes ut ei bok med vurderingar av talmateriala som vart innsamla frå vala, skriven av Bernt Aardal med fleire. I den siste utgåva frå 2007 har også endringane mellom kristne veljarar fått sitt eige kapitel i valvurderinga, skriven av Sunniva Holberg. Her vurderar Holberg mellom anna om det er haldningsmessige endringar mellom veljarane og veljarvandringane. I tillegg vurderar ho nokre konkrete saker som har vore sentrale for kristne veljarar, for eksempel Israel og innvandring.

Ein måte å finne ut om partileiingane i dei to partia har nærma seg kvarandre er å studere partiprogramma til dei to partia. Her kan ein finne ut kva kristne saker som vert prioritert av

FrP, og for så vidt også KrF. Med hjelp av det enkle dataprogrammet "Vi vil..." får ein oversikt over alle dei største politiske partia sine komplette partiprogram frå skipinga av partiet og fram til stortingsvalet i 2001. Når ein les partiprogramma kronologisk får ein eit innblikk i utviklinga av sakene innanfor begge parti. Vidare vert det mogeleg å samanlikne vegen deira fram mot det vi kjenner dei som i dag. På denne måten kan ein også følgje med på om partia nærmar seg kvarandre når det gjeld kristne spørsmål. Partiprogramma er rett nok informative, men gjev likevel ikkje noko fullverdig bilete av det storpolitiske spelet, og gjev heller ikkje alltid den fullstendige oversikta over den reelle politikken partiet fører. For å supplere det desse partiprogramma kan seie meg om utviklinga i dei to partia og forholdet mellom dei, vil eg også ta for meg fleire biografiar av framstående personar i partia.

To av hovudpersonane i det rikspolitiske spelet om kristne hjertesaker og alliansar, Kjell Magne Bondevik og Carl I. Hagen, har nett skrive kvar sin sjølvbiografi. Desse viste seg å vere svært nyttige for å få innsikt i kvifor forholdet mellom dei to partia har vorte slik det er no, og korleis utviklinga har vore frå starten av. Dessutan kan dei vere ein temperaturmålar for om det har vore noko tilnærming mellom dei to partia. Biografiane er utjevne med eit relativt kort mellomrom, Bondevik i 2006 og Hagen i 2007, og omfattar omtrent den same historiske perioda, frå starten av 70-talet til 2005, noko som gjev eit godt grunnlag for samanlikning av dei to. Ein annan likskap mellom dei er at begge biografiane har forholdet dei to i mellom som eit viktig tema. I desse avsnitta vekslast det mellom ros og ganske kraftig ris, noko som framhevar den tydelege rivaliseringa mellom dei to partileiarane på fleire plan. Her ligg mellom anna kringling om FrP sin rett til å delta i regjeringssamarbeid, usemje i enkeltsaker og kritikk av handlemåtane til kvarandre. Alle desse likskapane mellom dei to biografiane gjev ei god mogelegheit til å sjå dei fleste politiske hendingar i denne over tretti år lange perioden frå to, ofte heilt forskjellige, sider. Denne rivaliseringa gjev også ein ekstra dimensjon til oppgåva, då det er få andre stadar at konfrontasjonen mellom to synspunkt er så markert som akkurat her. Bondevik og Hagen sit på kvar sin høge tinde, på toppen av kvar sin organisasjon, og kranclar i full offentlegheit.

I tillegg til desse to biografiane vil eg i avgrensa grad også ta i bruk ein anna Hagen-biografi, skriven av Jan Ove Ekeberg og Jan Arild Snoen. Denne boka kan brukast til å supplere det Hagen sjølv ikkje seier, eller ikkje vil seie. Biografien er nemleg uautorisert, og derfor skriven utan å ta omsyn til kva Hagen måtte ønske om framstillinga av han i den. På ei anna

side er den skriven av ein tidlegare FrP-medlem som trekte seg ut av partiet, og som derfor openbart også kan ha ein agenda i å framstille Hagen på ein bestemt måte.

## **1.5: Disposisjon**

Det første kapitelet skal vere eit bakgrunnskapitel som skal klargjere dei religionspolitiske preferansane til KrF og FrP over tid. Dette skal ta for seg ei kort partihistorisk oversikt for dei to partia, med hovudvekt på religiøse saker, for å finne eventuelle utviklingstrekk i retning av ei tilnærming mellom partia. Dei to første delane av kapitelet skal handle om KrF si utvikling frå eit landsdelsparti med utelukkande fokus på moralsaker til folkepartiet med brei politisk appell i dagens politikk, og om FrP som protestparti under fanen til Anders Lange til å vere mellom dei største partia på Stortinget i starten av 1990-åra. Begge partia vil i første omgang berre verte presentert fram til 1993, før resten av historia kjem i kapitel fem. Grunnen til dette er at kapitel to berre skal gje ein forsmak på kva det politiske klimaet var då Sæle for alvor vart politisk aktiv dette året. I tillegg fell dette året saman med at FrP på landsmøtet dette året gjekk inn for å fjerne seg meir frå den kristne religion, før det igjen tok heilomvending tilbake til noko som kan kallast ein religiøs plattform året etter.

Det neste kapitelet vil i hovudsak handle om Finn Jarle Sæle sine aktivitetar. Første del vil å korte trekk gje oversikt over tida før han starta si eiga avis, og framleis var redaktør i Dagen. Rundt skipinga av Kristenkoalisjon Norge var Sæle, den gong som no, ein aktiv samfunnsdebattant, men hadde ikkje eit medium som var styrt av han sjølv. Også den gongen var han medforfattar i fleire bøker innanfor ein sjanger som kan kallast konservativ kristen litteratur. Andre del av dette kapitelet vil handle om danninga av eiga avis, og utviklinga og haldningane i denne avisa. Eg vil då ta for meg sentrale tema i avisa som Israel, USA, abort, homofili, kristendomsundervisning og muslimar, og prøve å få oversikt over haldningane som kjem fram på leiarplass hjå Sæle og andre tilsette i avisa.

Kapittel fire, som heng saman med det før, vil vurdere Finn Jarle Sæle og *Norge IDAG* sitt forhold til alliansebygging i politikken. Dette er hovudkapitelet i oppgåva som skal prøve å kome nærmare svaret på spørsmålet om kva saker, personar og grupper Sæle ser som positive og negative faktorar i kampen for å samle ein allianse. Kapitelet vil i all hovudsak byggje på leiarartiklane han har skrive om temaet, med moglege innspel frå andre tilsette i avisa og lesarinnlegg dersom nokon viser seg spesielt interessante.

Det neste kapitelet skal søke å finne ut om dei to partia har kome nærare kvarandre etter 1993, og om dei veljargruppene har nærma seg kvarandre. Den første delen av kapitelet plukkar opp tråden i presenteringa av partihistoria der kapitel to slutta, i 1993, med sikte på å finne ut meir om utviklinga mellom partitoppene. Etter dette følgjer eg maktkampen mellom dei to gamle partileiarane, Hagen og Bondevik, det siste tiåret, som var med på å prege norsk politikk i denne perioden. Avslutninga på denne første delen vil ta for seg utviklinga av forholdet mellom KrF og FrP etter valet i 2005.

Den andre delen av kapitelet skal avsløre om det er noko i Sæle sine påstandar om veljargruppene er likare kvarandre enn partitoppene er. For å finne svar på dette vil eg nytte meg av valundersøkingane for stortingsvala frå 1993 til 2005. Desse skal brukast til å finne ut om FrP verkeleg går mot å verte eit meir religiøst parti på veljarfronten, og om veljarane deira nærmar seg KrF, og omvendt. Databasen inneheld nemleg ei rikhaldig oversikt over veljarane sine haldningar til eit relativt vidt spekter av aktuelle moralsaker, som er delt inn etter partipreferansane til veljarane. Tradisjonelle kristne hjertesaker som alkoholregulering og abort er godt representert, men også saker av ein nyare dato som privatskular, kristendomsundervisning, partnerskapslov, og genforskning. Noko som dessverre manglar er derimot haldningane til konflikten i Midtausten, som er ein svært viktig sak for mange kristne veljarar.<sup>11</sup>

Stortingsvalet i 1993 vil verte tona noko ned då denne berre har mangelfulle statistikkar og oversikter i forhold til dei andre undersøkingane. Poenget med å ha med 1993-valet er at KrF ved dette valet hadde ein meir ”normal oppslutnad” enn ved dei to neste. Sidan 1961 har ”normalen” til partiet ligge på 7,8 - 9,8 %, med unntak av eit val, heilt fram til 1997 då oppslutninga plutseleg spratt opp i 13,7 %. Det påfølgjande valet enda også med høg oppslutnad, 12,4 %, men datt tilbake igjen til ”normalen” i 2005 med 6,8 %. Det er derfor formålsteneleg å ha eit samanlikningsgrunnlag også frå tida før partiet nærmast vart ”kunstig stort” i 1997. Dei andre vala har som sagt detaljerte oversikter over mange forskjellige problemstillingar som vart presentert for deltakarane i undersøkinga. Det viktigaste valet, i 2005, vart derimot skadelidande av at undersøkinga ikkje tok omsyn til kva parti

---

<sup>11</sup> Holberg i Aardal ”Norske velgere” 2007: 243

respondentane stemte på. Dette har det likevel lukkast meg å rekonstruere med hjelp frå Norsk samfunnsvitenskaplige datatjeneste (NSD), som sendte meg alt talmaterialet.





## 2. KrF og FrP sine partihistorier - To religiøse parti blir til

For å få ei oversikt over korleis forholdet mellom KrF og FrP var i forkant av Finn Jarle Sæle si politisk aktiv periode, vert det i dette kapitlet presentert ei oversikt over dei to partia si historie fram til 1993. Altså under kva politiske omstender starta Sæle sin kamp for alliansar? Var det teikn i den politiske situasjonen i Noreg som tyda på at det eit stort borgarleg samarbeid i forsvar av kristne hjertesaker var i emning i 1993? Dette året vart Sæle både aktiv i Kristen Koalisjon Norge og var med å gje ut boka ”Norge vend i tide”.

Partipresentasjonane vil ha eit klart fokus på utvalde saker som mange kristne er opptekne av, og korleis utviklinga har vore innanfor desse sakene heilt frå partiskippingane. I tillegg vil ei vurdering av FrP sitt forhold til samarbeidsregjeringane på borgarleg side og spesielt KrF vere sentralt. Partihistoriene som kjem etter 1993, vil verte følgde opp i kapitel fem, der det vil verte vurdert om partia har kome nærare kvarandre i perioden etter at Sæle vart politisk aktiv.

### 2.1: KrF – frå Vestlandsparti til landsdekkande folkeparti

Forspelet til KrF si utskiljing frå Venstre i 1933, ligg så langt tilbake som i 1888 då Moderate Venstre skilde seg ut. Den fundamentalistiske fløya i Venstre fann den gongen ut at dei ikkje lenger kunne samarbeide med nasjonalsinna radikale. Sjølv om denne splittinga var av det meir kortliva slaget, som enda allereie i 1905, hadde det vorte avslørt ein varig sprekkdanning i samhaldet innanfor partiet.<sup>12</sup> Det nysamla Venstre prøvde i tida etter 1905 å halde på den religiøse fløya i partiet gjennom ein serie kompromiss. Den kanskje aller viktigaste var motstanden mot alkohol, der partiet stod i fronten for folkeavstemninga i 1919 som førte til forbodstida.<sup>13</sup> Trass i denne innsatsen i å halde partiet samla, fann ”fundamentalistane vestpå”, som Rokkan kalla dei, det stadig vanskelegare å halde saman med Venstre, særleg etter at alkoholforbodet vart oppheva i 1926.<sup>14</sup>

Etter ein nominasjonsstrid innanfor Venstre i Hordaland i 1933, vart det stilt ei liste kalla Kristeleg Folkeparti som vart leia av lekmannshovdingen Nils Lavik.<sup>15</sup> Partiet skaut raskt fart, og vart tidleg ein utfordrar for Venstre på Vestlandet,<sup>16</sup> og vidareførte tradisjonane til

---

<sup>12</sup> Rokkan 2001: 71

<sup>13</sup> Mjeldheim 2006: 421-422

<sup>14</sup> Rokkan 2001: 151-152

<sup>15</sup> Furre 1999: 108

<sup>16</sup> Rokkan 2001: 71

Moderate Venstre frå 1890-åra, både i vektlegging av saker og i topografisk spreiring.<sup>17</sup> Lavik kom også på Stortinget ved dette første valet som einaste representant, trass i berre 0,8 % oppslutnad på landsbasis. Partiprogrammet frå dette første året var av det meir smålåtne slaget, med ei enkel sekspunkts oversikt over partimåla. Første punkt var svært generelt, og femnde kanskje om hovudgrunnen til at partiet skilde seg ut, nemleg å ”verna um dei kristelege og nasjonale verdiar i kyrkja, skule, arbeidsliv og i vårt kulturliv i det heile.” Eit anna sentralt punkt for partiet var fråhaldssaka, der dei for eksempel krevde at alle med ansvar for menneskeliv skulle vere fråhaldsmenn, og at ” Målet må vera eit edrufolk”. Dei andre punkta handla om eit trygt arbeidsliv, sosial rettferd, å ”hjelpa fram alle gode næringsgreiner” og eit ønske om ”fred på jordi”.<sup>18</sup>

Framfor valet i 1936 kom nye saker som vern om kristendomsopplæringa i skulen, ”alkoholistforsorg”<sup>19</sup> og skatteletter til barnerike familie på dagsorden for første gong.<sup>20</sup> Trass i denne store utvidinga av aktuelle saker, var partiet framleis avgrensa til Vestlandet. Denne landsdelstilknytninga hindra likevel ikkje partiet i å auke mandattalet til to, og oppslutninga på landsbasis til 1,4 %. Grunna krigen skulle det gå 9 år før det igjen var stortingsval i Noreg, og denne gongen med eit KrF som nærmast hadde skifta ham. Partiet tok i 1945 steget opp til landsdekkjande parti, og presenterte seg som eit parti utanfor blokkene, som vil søke samarbeid til venstre i næringspolitiske spørsmål, medan høgresida låg nærmast i moralske spørsmål.<sup>21</sup> Ved dette valet auka oppslutninga også dramatisk, til 8 mandat og 7,9 % av stemmene. Mellom dei viktigaste nye sakene var at dei støtta statskyrkja sin rett til fridom i deira arbeid, og at ”All opplæring må være i samsvar med den kristne tro”.<sup>22</sup> Den pågåande sekulariseringa av skulen var nemleg eit svært aktuelt stridstema i tida. Arbeidarpartiet la i 1946 fram forslag til lov om framhaldsskulen utan nokon kristen føremålsparagraf, likevel overlevde både føremålsparagrafen og kristendomsfaget skulereformene på 50- og 60-talet. Men også debatten om kyrkja sin posisjon i samfunnet rasa i etterkrigstida. Spørsmålet var kor mykje påverknad kyrkja skulle ha i lovgjevingssaker på Stortinget vedrørande moral og tru.<sup>23</sup> Trass i at alle desse religiøse spørsmåla var på dagsordenen i denne tida skulle KrF no

---

<sup>17</sup> Rokkan 2001: 152

<sup>18</sup> KrF Valgprogram 1933: 1

<sup>19</sup> KrF Valgprogram 1936: 1

<sup>20</sup> KrF Valgprogram 1936: 2

<sup>21</sup> Furre 1999: 175

<sup>22</sup> KrF Valgprogram 1945: 1

<sup>23</sup> Furre 1999: 245-246

gå inn i ei nesten tjue år lang periode med marginal politisk makt under Arbeidarpartiet sitt stortingsfleirtal, sjølv med femten representantar på Stortinget på det meste.

I denne perioden auka talet på samfunnsområder KrF engasjerte seg i for kvart val, men partiet var stadig nesten heilt utan makt på grunn av dominansen til Arbeidarpartiet.<sup>24</sup> Likevel var partiet på fleire punkt samd med Ap i deira politikk. Spesielt kom dette til syne i ønske om ein ekspansiv sosialpolitikk. Edruskapspolitikken kom i slutten av 40-åra meir på defensiven i partiprogrammet, og vart lagt som eit underpunkt av sosialpolitikken.<sup>25</sup> Frå 1953 vart ”hjelp til teknisk og økonomisk tilbakeligjande land” viktig for første gong,<sup>26</sup> saman med eit punktet som heitte at ”Inseminasjon, abortus provocatus...motarbeides”.<sup>27</sup> Andre debutantar i dette programmet var forsvaret av ekteskapet som kristen institusjon, og at ein kravde ”Forbod mot rusdrikkreklame på staten sin eigne områder”.<sup>28</sup> Korkje abort eller kunstig befruktning var ei spesielt stor sak i tida, sjølv om dei første teikna til endring på desse områda var i emning. Ekteskapet sin situasjon var derimot ei varm potet i samfunnsdebatten der fleire og fleire no gifte seg borgarleg, noko som spesielt gjaldt gjengifte.<sup>29</sup>

I 1957 vart partiet tilhengarar av private skular, men punktet hadde førebels mange atterhald, og var av ein avgrensa karakter.<sup>30</sup> Fire år etter vart ei viktig nyvinning, TV-en, sett på med skepsis, og skal i følge programmet berre ”tjene positive, byggende og skjønnhetsfremmende livsverdier” dersom det skal akseptast. For dei borgarlege partia var det svært vanskeleg å samlast i ein samstemd opposisjon til Arbeidarpartiet i denne epoken som Trond Bergh kallar ”sosialdemokratiet si stordomtid”.<sup>31</sup> Både Bondepartiet og Kristeleg Folkeparti såg på seg sjølv nærmast som interessegrupper for sine særrområder på Stortinget, og var ikkje spesielt opptekne av å kome i regjeringsposisjon. KrF hadde til og med hevda at dei stod nærare Ap i sosial- og økonomisk-politikk enn dei gjorde dei borgarlege.<sup>32</sup> Likevel kom dei fire borgarlege partia saman til regjeringssamarbeid i 1965.<sup>33</sup>

---

<sup>24</sup> Furre 1999: 236-237

<sup>25</sup> KrF Valgprogram 1949: 2

<sup>26</sup> KrF Valgprogram 1953: 6

<sup>27</sup> KrF Valgprogram 1953: 2

<sup>28</sup> KrF Valgprogram 1953: 3

<sup>29</sup> Furre 1999: 246

<sup>30</sup> KrF Valgprogram 1957: 3

<sup>31</sup> Furre 1999: 236

<sup>32</sup> Furre 1999: 236-237

<sup>33</sup> Furre 1999: 296

KrF sitt program for perioden 1965-69 inneheldt ikkje så mange nye saker, sett vekk frå den auka interessa for ungdomsarbeid,<sup>34</sup> men sakene vart meir nyanserte og kompliserte, noko som gjer at lengda på dokumentet aukar for kvar periode. I 1969 kom miljø og naturvern på dagsorden for første gong.<sup>35</sup> I løpet av denne perioden vaks motsetningane mellom dei fire borgarlege regjeringspartia, heilt til samarbeidet sprakk i 1971 då Borten måtte gå mellom anna på grunn av manglande tillit til han som statsminister frå dei tre andre partia. KrFs Kjell Bondevik prøvde då å danne ei ny regjering, men mislukkast då frontane rundt EF-spørsmålet vart for steile.<sup>36</sup> KrF kvilte likevel ikkje lenge i opposisjon, og kom attende til regjeringsmakta i 1972 då ei sentrumsregjering vart leia av deira eigen Lars Korvald, etter at statsminister Bratteli lova å gå av om det vart nederlag i EF-avstemninga.<sup>37</sup> KrF på si side var splitta på midten mellom nei-mannen Kjell Bondevik si fløy, og ja-sida sin fremste talsmann, Kåre Kristiansen, men unngjekk ein opprivande partistrid.<sup>38</sup> Ei anna sak som vart varm året etter var abortstriden, der KrF i all hovudsak stod samla bak egne vedtekter. KrF tente nok mange stemmer på merksemda saka fekk, og partiet gjorde også eit svært godt val i 1973 med 11,9 % av stemmene. Likevel tapte sentrumsregjeringa posisjonen sin til Arbeidarpartiet som no skulle halde på regjeringsmakta heilt fram til 1981. Under denne perioden med Arbeidarpartistyre gjekk også KrF sin kamp mot abort tapt i 1978, då abortlova vart vedteken med eit knapt stortingsfleirtal bak seg.<sup>39</sup>

Private skular vart ved valet i 1973 ei viktigare og meir konkret sak for partiet, som ville sikre dei ein "fri og ubunden plass i utdanningssystemet".<sup>40</sup> Ved neste val vart nemninga "private skular" endra til "friskular" i partiprogrammet, altså ei slags positivisering av omgrepet, og denne gongen med ei klar vektlegging av dei kristne friskulane.<sup>41</sup> Likevel var kanskje det viktigaste nye bidraget i dette programmet; "Israels rett til eksistens innanfor trygge grenser sikres. Problemene for palestinerne må snarest få en tilfredsstillende og rettferdig løsning gjennom forhandlinger".<sup>42</sup> Dette er første gongen KrF nemner konflikten i Midtausten i sine

---

<sup>34</sup> KrF Valgprogram 1965: 1

<sup>35</sup> KrF Valgprogram 1969: 14

<sup>36</sup> Furre 1999: 302

<sup>37</sup> Furre 1999: 303

<sup>38</sup> Furre 1999: 307

<sup>39</sup> Furre 1999: 380

<sup>40</sup> KrF Valgprogram 1973: 8

<sup>41</sup> KrF Valgprogram 1977: 19

<sup>42</sup> KrF Valgprogram 1977: 5

partiprogram, kva som er grunnen til at dette ikkje kom før er uviss. Kanskje var opinionen i ferd med å snu i spørsmålet, så KrF følte at dei var nøydde til å ta eit klart standpunkt?

Ved valet i 1981 tok Høgre eit stort jafs av forspranget som Ap hadde hatt gjennom heile etterkrigstida og låg berre 6 % bak dei i oppslutnad. Begge partia gjekk mot midten av partiskalaen og gjorde levkåra trongare for mellompartia.<sup>43</sup> Willoch skipa derfor mindretalsregjering med Høgre aleine, men tok opp Sp og KrF to år seinare og danna ei fleirtalsregjering.<sup>44</sup> I 80-åra kom også abortsaka tilbake på dagsorden, fordi stortingsfleirtalet var annleis enn det var i 1978, men i mellomtida hadde Høgre på landsmøte i 1980 fristilt sine representantar. Dette gjorde at lova frå då av var trygt forankra i Stortinget, etter at tilhengar- og motstandarsida i Stortinget hadde vore jamnstore heilt sidan ho vart vedteken.<sup>45</sup>

KrF sat i Willoch-regjeringa til denne vart kasta på eit kabinettsspørsmål i 1986. Partiet gjorde comeback tre år etter i Syse si trepartiregjering etter valet i 1989, men nok ein gong vart det borgarlege samarbeidet sprengd over EF-saka, denne gong etter berre eit år med makta.<sup>46</sup> I 1990 viste det seg at Sp ønskte ei Ap-regjering etter sjølv å ha gått ut av regjeringa med Høgre og KrF. KrF på si side reserverte seg mot å seie dette direkte, men det var ingen tvil om at forholda mellom Høgre og mellompartia hadde vorte forverra.<sup>47</sup>

I 1989 kom gen- og bio-teknologi på dagsorden i partiprogrammet for første gong, og partiet såg moglegeheitene i denne teknologien, men åtvare også sterkt mot misbruk.<sup>48</sup> Samstundes vart det kunngjort det ”at ekteskapets positive særstilling som samlivsform mellom kvinne og mann må styrkes og komme til uttrykk i juridiske, sosiale og økonomiske ordningar”. Det vil seie at det for første gong vert nemnt at heterogene ekteskap er det einaste rette.<sup>49</sup> Fire år etter kom motstanden mot adopsjon for homofile og lesbiske par på dagsorden.<sup>50</sup> Denne saka utløyste også Finn Jarle Sæle sitt engasjement, då han starta sitt arbeid i Kristen Koalisjon Norge i protest mot nettopp partnerskaplova, mens han framleis var redaktør i Dagen.

---

<sup>43</sup> Furre 1999: 365-366

<sup>44</sup> Furre 1999: 393

<sup>45</sup> Furre 1999: 380

<sup>46</sup> Furre 1999: 396

<sup>47</sup> Furre 1999: 400

<sup>48</sup> KrF Valgprogram 1989: 14

<sup>49</sup> KrF Valgprogram 1989: 23

<sup>50</sup> KrF Valgprogram 1993: 28

## 2.2: FrP - Frå protestparti under Anders Lange til leiande opposisjonsparti

8.april 1973 vart "Anders Langes Parti til sterkt nedsettelse av skatter, avgifter og offentlige inngrep" (ALP) skipa under eit folkemøte på Saga kino i Oslo. Partiet sin soleklare leiar, Anders Lange, hadde gjennom heile etterkrigstida protestert mot byråkratiet og dei høge skattane og avgiftene her i landet. Skipingstidspunktet var berre fem månadar før valet, og gjorde at tida var svært knapp til å samle ein oppslutnad som kunne gje plass i Stortinget.<sup>51</sup> Allereie 29.mars 1973, før møtet på Saga kino, presenterte ALP ein plakat med fjorten punkt som alle starta med "Vi er lei av...". Eit partiprogram ville ikkje Anders Lange ha, men let seg til slutt overtale av Carl I. Hagen til å ha eit offisielt valmanifest.<sup>52</sup> Den plakaten gjekk i hovudsak ut på misnøye med høge skattar og avgifter, offentlege forkjøpsrettar, trygdemisbruk, u-hjelp, reklameforbod og offentleg pengeslusing.<sup>53</sup> Ved valet hadde dette manifestet vorte litt utvida og litt forandra, men var i hovudsak det same.

Trass i den korte valkampen greidde partiet likevel å få 5,0 % oppslutnad, og fire mandat på Stortinget ved valet. For grunnleggjaren sjølv vart ikkje stortingskarrieren lang, då han døydde etter berre eit år.<sup>54</sup> Bortgangen til Lange bana veg for Carl I. Hagen som sat som varamann på Stortinget for Lange. Han hadde allereie kome på kant med partileiaren og meldt seg ut av partiet før han kom på Stortinget.<sup>55</sup> Dette vart reversert året etter, og dei to siste åra sat Hagen som representant for ALP.<sup>56</sup> Problema tårna seg likevel opp for partiet som skifta namn til Fremskrittspartiet i 1977. Lange sin død skapte eit maktvakuum etter den sjølvskrivne leiaren, og ein påfølgjande maktkamp. I tillegg gjorde partiet eit svært dårleg kommuneval, med 1,2 % oppslutnad, og eit påfølgjande katastrofalt stortingsval der partiet vart sittande igjen utan representasjon.<sup>57</sup>

Valnederlaget kom trass i at partiet hadde teke eit betydeleg steg i retning av å verte eit meir seriøst parti i løpet av stortingsperioden. Plakaten på to sider frå 1973 var erstatta med eit partiprogram som var mykje meir omfattande enn for eksempel KrF sitt partiprogram på denne tida. Det nye programmet var bygd opp rundt 17 hovudpunkt som mellom anna

---

<sup>51</sup> Furre 1999: 371

<sup>52</sup> Hagen 2007: 49-50

<sup>53</sup> FrP Valgprogram 1973: 1-3

<sup>54</sup> Furre 1999: 371

<sup>55</sup> Hagen 2007: 55

<sup>56</sup> Hagen 2007: 58-59

<sup>57</sup> Furre 1999: 371

inneheldt ein meir reindyrka liberalistisk tankegong med enkeltindividet i sentrum,<sup>58</sup> ei langt meir detaljert oversikt over forslag til endringar i skattesystem, og utseljing av statsbedrifter.<sup>59</sup> Når det gjeld det religionspolitiske delen har partiet rett nok vedteke at: ”FP bygger på...de bærende hovedelementer i vestlig kulturarv med basis i et kristent livssyn.”<sup>60</sup> I tillegg skulle skulen bygge på kristne grunnverdiar,<sup>61</sup> men samstundes vil partiet ha valfri kristendomsundervisning,<sup>62</sup> og dei fristilte sine medlemmar i abortspørsmålet.<sup>63</sup> Eit anna viktig punkt er at ” Kirkesamfunnene skal rå for egen arbeidsform, organisasjon og forkynnelse”, det vil seie stønad til ei kyrkje som er minst mogeleg styrt av staten.<sup>64</sup> I 1977 hadde FrP synt få trekk som tyda på at det var eit kristent parti, for eksempel var avstanden til KrF enorm. Året etter gjekk Arve Lønnum av som partileiar, og Carl I. Hagen tok over.<sup>65</sup>

I 1981 gjorde FrP heilomvending når det gjaldt kristendomsundervisninga, og gjekk i mot at det skal undervisast i andre religionar enn protestantisk luthersk.<sup>66</sup> Ei anna viktig kristen hjertesak var konflikten i Midtausten, der partiet i tråd med tradisjonelle kristne synspunkt erklærte at ”staten Israel må sikres anerkjente, sikre og respekterte grenser. PLO anerkjennes ikke før den aksepterer Israels rettigheter og er demokratisk organisert”.<sup>67</sup> FrP la seg då på ei linje som var betydeleg mindre nyansert i konflikten enn det KrF skreiv i sitt program på same tid. Likevel nærma partiet seg eit lite hakk KrF gjennom å setje Israel på dagsorden, og med å kome KrF meir i møte på kristendomsundervisninga. I dette partiprogrammet vart også punktet om innvandring kraftig utvida, og tydelegvis ei mykje viktigare sak enn fire år før.<sup>68</sup> Likevel vart ikkje denne saka nemnd i samanheng med utfordringane som vart skapt i kontakt med framande religionar, som partiet meir har brukt som argument i denne samanhengen seinare.<sup>69</sup> Ved valet i 1981 tok FrP tilbake nesten alle dei tapte stemmene frå 1977, og fekk inn fire representantar ved dette valet.

---

<sup>58</sup> FrP Valgprogram 1977: 10

<sup>59</sup> FrP Valgprogram 1977: 42-44

<sup>60</sup> FrP Valgprogram 1977: 2

<sup>61</sup> FrP Valgprogram 1977: 28

<sup>62</sup> FrP Valgprogram 1977: 6

<sup>63</sup> FrP Valgprogram 1977: 9

<sup>64</sup> FrP Valgprogram 1977: 6

<sup>65</sup> Hagen 2007: 69

<sup>66</sup> FrP Valgprogram 1981: 5

<sup>67</sup> FrP Valgprogram 1981: 24

<sup>68</sup> FrP Valgprogram 1981: 26

<sup>69</sup> FrP Valgprogram 1993: 56

Etter å ha hatt meningsmålingar i slutten av 1984 som snusa på 10 %, <sup>70</sup> kom valet året etter som ein solid nedtur for FrP. I programmet i samband med dette valet valde partiet å ”stille sine representanter fritt i spørsmål av religiøs karakter”. <sup>71</sup> Samstundes ville partiet knyte Noreg nærare sin fremste allierte, USA. <sup>72</sup> I tillegg vart profileringa i Midtausten-konflikta endå meir tydeleg med uttalinga: ”Staten Israel må sikres sine grenser. Norge må reagere skarpt på krenkelser av grensene, og ikke svikte Israels rett til å overleve”. <sup>73</sup> I løpet av valkampen hadde partiet høglydt proklamert sitt mål om å få femten på Stortinget, i staden vart det 3,7 % og to representantar. <sup>74</sup> Trass i den lave oppslutnaden fekk FrP no langt meir makt enn dei hadde før. Etter valet kom nemleg partiet i ein vippeposisjon mellom dei to jamstore blokkene i Stortinget med sine to representantar. Utnyttinga av denne vippeposisjonen førte også til at Willoch-regjeringa måtte gå av i 1986, noko som førte til varige sår i samarbeidet mellom FrP og dei resterande partia i den borgarlege blokka. FrP hadde igjen auka avstanden til KrF, om ikkje på det saklege planet, så i alle fall på det taktiske planet. Hagen skriv i sin biografi: ”...jeg skjønnte at vi kom til å bli enda mer hatet, særlig av Høyre, men også av KrF og Sp.” <sup>75</sup> FrP vart også halde ansvarleg for at Brundtland-regjeringa vart sitjande i 1987, då partiet ikkje støtta mistillitsforslaget mot jordbruksoppgjæret som dei borgarlege partia sette fram. <sup>76</sup> Året 1987 vart kanskje likevel betre huska for ”Mustafa-brevet”. Carl I. Hagen hadde referert til eit brev som han hadde motteke frå ein innvandrar som kalla seg Mustafa, som i brevet forklarte korleis innvandrara skulle overta Noreg. Det bles derfor opp til storm då det visste seg at brevet var eit falsum, sjølv om Hagen hevda at han trudde brevet var ekte. <sup>77</sup> Det påfølgjande stortingsvalet i 1989 vart eit gjennombrøt for partiet som fekk 13,0 %, og vart nest største borgarlege parti. <sup>78</sup> Etter valet var partiet igjen ein del av borgarlege fleirtalet på Stortinget som den nye Syse-regjeringa klamra seg til, men allereie året etter gjekk regjeringa i oppløysing. <sup>79</sup>

Ved å setje eit skilje i partihistoriene ved 1993, som er starten på Sæle sitt engasjement, delar ein også FrP si historie i to på eit særdeles sentralt tidspunkt. Dette var like før Carl I. Hagen

---

<sup>70</sup> Hagen 2007: 87

<sup>71</sup> FrP Valgprogram 1985: 7

<sup>72</sup> FrP Valgprogram 1985: 20

<sup>73</sup> FrP Valgprogram 1985: 37

<sup>74</sup> Hagen 2007: 91

<sup>75</sup> Hagen 2007: 116

<sup>76</sup> Hagen 2007: 127

<sup>77</sup> Hagen 2007: 137-138

<sup>78</sup> Hagen 2007: 165

<sup>79</sup> Furre 1999: 396



”gjeninnførte kristendommen” i FrP på landsmøte på Bolkesjø i 1994, etter at religiøse tema ei stund hadde vore nedprioritert under liberalistane sin dominans i partiet. Fortsettinga på partihistoria, med partiet sin nye veg vil kome attende i kapitel fem, med ei vurdering av avstanden til KrF.

## Oppsummering

Etter først å ha hatt svært store avstandar mellom seg etter ALP si skiping, kom etterkvart FrP litt nærare KrF på saker som var viktige for kristne veljarar. Frå å ikkje ha noko om dette på sitt svært enkle valmanifest i 1973, gjorde partiet eit betydeleg steg med å seie at dei vil byggje eit samfunn på den vestleg kulturarv med basis i eit kristne livssyn på sitt partiprogram i 1977. Andre viktige saker ved dette valet var ønsket om meir sjølvstendige kyrkjer og at skulen skulle byggje på kristne grunnverdiar, sjølv om kristendomsundervisninga skulle vere valfrie. Sjølv om desse endringane var relativt store frå 1973 til 1977, kunne ikkje partiet kallast eit parti for kristne veljarar i ei slik grad som KrF var det.

I 1981 kom to nye endringar i retning av kristne hjertesaker. Partiet involverte seg då på Israel si side i Midtausten-spørsmålet, i tillegg til at dei snudde når det gjaldt kristendomsundervisninga, som frå no skulle vere den einaste religionsundervisninga. Fire år etter gjekk partiet inn for å knyte Noreg nærare USA, noko som er viktig for mange kristne, i alle fall om ein skal tru Sæle.<sup>80</sup> Det kan derimot diskuteras om det å fristille sine representantar i religiøse spørsmål, er å gå i retning av å verte eit parti for kristne veljarar. På ei side vil kristne representantar for FrP ha ein ukrenkeleg rett til å stemme etter si eiga overbevisning, medan det på ei anna side ikkje vert lagt ned noko medviten kristen profil i partiet. Det viktigaste kapitelet i FrP si historie når det gjeld profilering av kristne hjertesaker er derimot ikkje med i denne omgang. Carl I. Hagen si bibelsitering på Bolkesjø kjem igjen i kapitel fem.

Ein forskjell mellom KrF og FrP som delvis er heva over dei partipolitiske haldningsforskjellane dei i mellom, er forholdet mellom dei i den praktiske politikken på Stortinget. Ved i alle fall to høver i perioden fram mot 1993 har FrP forpurra borgarlege regjeringsplanar, som har gjort at forholdet til både KrF og dei andre borgarlege partia har vore noko spent. Sjølv om FrP ikkje ved noko borgarleg regjering har vore invitert til å vere

---

<sup>80</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=11351> (“Gamlehjemmet mot ungdomslandslaget” 01.11.2006)

med på samarbeidet, har vel heller ikkje desse samanstøyta mellom FrP og resten av dei borgarlege partia hjelpt på avstanden.

Det var i dette politiske klimaet i 1993 at Finn Jarle Sæle byrja å involvere seg i politikken for alvor. Sjølv om fokuset på FrP var heller sterkt nedtona både i arbeidet hans i Dagen og starten av Norge IDAG, har han sidan han var med i Kristen Koalisjon Norge snakka om koalisjonar av kristne krefter i landet. I 1993 var derimot ikkje noko magisk år for å gå med alliansetankar til forsvar for kristne hjertesaker. Rett nok var partnerskapslova oppe i Stortinget dette året, og førte til danninga av Kristen Koalisjon Norge, men FrP var for eksempel eit godt stykke frå å vere aktuell i ein slik allianse, og erklærte avstand til den kristne trua på sitt landsmøte same år. Likevel hadde KrF og FrP vorte meir like i løpet av dei tjue åra etter skipinga av ALP, sjølv om dei langt frå var like nok til å samarbeide. Faktisk vart dei meir like kvarandre i perioden som følgde. Dette årstalet ser tydelegvis ut til å vere ganske tilfeldig som startpunkt for alliansearbeidet, men så er vel kanskje ikkje Sæle ein som er avhengig av å jobbe hardt for noko han trur på mens han er i medgang. Då er det kanskje passande å trekkje fram eit Sæle-sitat frå ”Norge vend i tide” som kom ut nettopp dette året: ”Vi har som kristne ikke noe kall på å være i majoritet. Men vi har et kall til å si ifra.”<sup>81</sup>

---

<sup>81</sup> Sæle og Torp 1993: 15.

### **3. Finn Jarle Sæle og Norge IDAG**

Det viktigaste i dette kapitelet vil vere å finne ut kva saker som vert sett på som viktige av Finn Jarle Sæle og *Norge IDAG*. Gjennom sakene som vert presentert i avisa kan ein nemleg få innsikt i kva Sæle prioriterar av politiske saker, som i framtida skal vere fundamentet for ein allianse til forsvar for kristne hjertesaker på Stortinget, om han får viljen sin. Eit interessant poeng er å finne ut kvar i det politiske landskapet Sæle legg seg innanfor dei forskjellige sakene. Kva argument og haldningar er han samde eller usamde med, og kva ”vennar” og ”fiendar” har han på dei forskjellige områda. Det meste av dette kjem klart og tydeleg fram i den lange rekkja med artiklar han har skrive som leiar av avisa.

Etter å ha lese opp mot tusen saker frå avisa sin nettstad, har eg kome opp med seks forskjellige saker, som eg har valt å kalle ”fundamentsakene”. Desse er abortmotstand, forsvar av Israel, hyllinga av USA og amerikanske verdiar, motstand mot homofili og homofile rettar, kjemping for kristendomsundervisning og kristne private skular, og til slutt kritikken av muslimsk religion og kultur. Alle desse sakene har vore svært hyppig framme i avisa, og vert ikkje minst ofte presentert i leiarartiklar som Sæle sjølv skriv. Den høge temperaturen i desse artiklane kan tyde på at han legg meir kjensler og engasjement her enn i for eksempel miljøvern, skattereduksjonar og fråhald mot alkohol som han også er oppteken av. I tillegg er fundamentsakene som er valt alle relatert til kristne verdiar, noko ein i alle fall ikkje direkte kan seie om miljøvern og skattereduksjonar. Fråhaldskampen har ikkje vorte teken med fordi det rett og slett er for få saker i avisa som er knytt til dette.

Utviklinga eller forandringane i Sæle sine haldningar er ikkje så store, så derfor ser eg ikkje på dateringa av alle sakene og sitat som spesielt sentralt, men vil datere der det er formålstenleg. Spesielt når artiklane er knytt opp mot bestemte hendingar i samtida. Men før eg går laus på presentasjonen av fundamentsakene er det nødvendig å ta eit nærare blick på personen og engasjementet rundt Finn Jarle Sæle, sidan han er den mest sentrale aktøren i oppgåva.

#### **3.1: Det tidlege engasjementet**

I 1985 tok den tidlegare soknepresten Finn Jarle Sæle over redaktørstolen i den kristne dagsavisa *Dagen*, etter at den førre redaktøren, Arthur Berg, sin skarpe penn hadde sett sitt

preg på avisa sine haldningar i nesten tretti år. Sæle vart også godt skolert av sin forgjengar Berg, som meinte at avisa skulle fungere som ein slags kamparena der ”fosterdrapa”, Israel, motstand mot EU, kamp mot bibelkritikk og utviklingslære, og kamp for friskulane og heimeundervisning skulle stå sentralt.<sup>82</sup> Med *Dagen* som talerøyr kom Sæle med mange oppsiktsvekkande synspunkt. Mellom anna gjekk han til kamp mot vitskapen, først og fremst utviklingslæra: ”Som kristne som har sukket under åket av apekattskolens mange pedagogiske villfarelser (som utviklingslæren), ser vi lys i enden av tunnelen. Det 21. århundret blir vårt.”<sup>83</sup> Dette brukte han til å argumentere for heimeundervisning, kritisere dei dårlege offentlege skulane, og samstundes gje eit spark til vitskapen.

Engasjementet var markant også i abortsaka der han mellom anna i ein artikkel frå 1999, med tittelen ”Islam – vinneren?”, åtvare mot at Europa kom til å verte slukt av islam dersom abortstatistikkane heldt seg på den tida sitt nivå. Han brukte samstundes den islamske religionen som eit skremsel, og USA som eit førebilete som var i ferd med å rykke i frå i den økonomiske konkurransen.<sup>84</sup> Sæle meinte nemleg at barnefødsalar var nøkkelen til ”kristen gjenerobring, når ikke-kristne grupperinger har bestemt seg for å dø ut på et hundre år med hjelp av lave fødselstall (på linje med de homofile) og høye aborttall.”<sup>85</sup> Redaktøren skapte også furore i 1992 med sitt abortengasjement, då han trykte eit bilete av eit sju månadar gamalt abortert foster, som i følgje avisa hadde vorte funne i ei plastbøtte på eit sjukehus.<sup>86</sup> Sist men ikkje minst kjem engasjementet for jødane og staten Israel. I ein anna artikkel frå 1999 skreiv Sæle at det ikkje fanns nokon argument for opprettinga av det han kalla ein PLO-stat, og han oppfordra KrF til å gå imot dette, då det vil dele opp jødane sitt land.<sup>87</sup>

Undervegs i sitt verke som *Dagen*-redaktør hadde Sæle også delteke i fleire prosjekt av religiøs karakter, mellom dei var vekkingsboka ”Norge vend i tide” frå 1993, der han hadde redaktøransvaret saman med Jan-Aage Torp. Fleire framstående kristne personar skreiv kvar sitt kapittel, mellom desse var anti-abortprestane Ludvig Nessa og Børre Knutsen, tidlegare *Dagen*-redaktør Arthur Berg, og Finn Jarle si kone, og KrF-representant på Stortinget, Anita

---

<sup>82</sup> *Dagen* 19. mars 1999, side 3 (papirutgåve)

<sup>83</sup> <http://home.online.no/~hunwww/Nyh9806.htm> (1998) (Hjemme Undervisningen i Norge - på Internett – ”Kristen undervisning seirer” 08.06.1997)

<sup>84</sup> *Dagen* 6. mars 1999 side 3 (papirutgåve)

<sup>85</sup> *Dagen* 12. mars 1999 side 3 (papirutgåve)

<sup>86</sup> <http://www.ikrist.com/cgi-bin/npublish/archives.cgi?category=1&view=11-04> (2004) (I Kristus Jesus – Informasjon fra Kristenfronten ”Klipp fra www.dagbladet.no: Men KrFs Anita Apelthun Sæle ble vraket likevel.” 15.11.2004)

<sup>87</sup> *Dagen* 18. mars 1999 side 3 (papirutgåve)

Apelthun Sæle. I sitt eige kapitel erklærte Finn Jarle Sæle at kristne ikkje har noko kall på å vere i majoritet, men har eit kall på å seie ifrå.<sup>88</sup> ”Gud bruker ikke de mange, men de få til å frelse en nasjon”<sup>89</sup> fortsette Sæle. Det kan verke som han såg på seg sjølv som ein av frelsarane for nasjonen. Han ramsa opp livsstilssjukdommar, sosialutgiftene til ugifte mødrer, skilsmisser, og korrupsjon som har spreidd seg frå det seksuelle området til det økonomiske, og erklærte at dette var ”avkristningens pris”.<sup>90</sup> Desse kostnadane, meinte Sæle, fører til at eksperimentet etter krigen med ein ateistisk velferdsstat nærmar seg samanbrotet. For å hindre dette må vi gjenopplive dei bibelske prinsippa og motkulturane, var bodskapen.<sup>91</sup> For å oppnå ei gjenoppliving må dei kristne veljarane ta omsyn til åndskampen når dei går til valurnene, meinte Sæle, og samanlikna Noreg med USA der ”millioner av kristne har sagt til hverandre – nå er det nok.”<sup>92</sup> Han kalla også på ein kristen koalisjon for å auke det kristne samfunnsmedvitet til å kjempe mot partnerskapslova og abortlova, og kjempe for Israel, friskulane og kristendomsfaget.<sup>93</sup> Dette måtte, i følgje Sæle, skje saman med at fleire biskopar og kristenleiarar tør å seie det dei meiner, ”Strømmen snur. Vi vil få et sannere og mer bibelsk språk. Da kan vi begynne å vinne seire”,<sup>94</sup> trudde Sæle. Same år var han også engasjert i ”Kristen-koalisjon Norge”, i kampen mot partnerskapslova som vart handsama i Stortinget på same tid. Trass i at denne koalisjonen markerte eit viktig startpunkt for Sæle si politiske organisering, har det vore vanskeleg å finne ut så mykje om denne rørsla. Det einaste som er sikkert er at den vart starta dette året som ein reaksjon på debatten mot partnerskapslova, og at Sæle var involvert. Korkje i ”Norge vend i tide” eller i artiklar i *Dagen* har koalisjonen fått noko særleg merksemd.

Den 19.mars 1999 stod det å lese i *Dagen* at Sæle var oppsagt frå jobben som redaktør, og at hovudpersonen i ein avskjedsartikkel sjølv meinte at oppseiinga er svært usakeleg. Ex-redaktøren nytta seg heller ikkje av ein stille retrett då han stilte opp på ein pressekonferanse arrangert av gruppa ”*Dagens* venner” same dag. Tre av dei mest markante medlemmane av denne gruppa, leiar for ”Internasjonale kristne ambassade Jerusalem” Leif Wellerop, tidlegare KrF-leiar Kåre Kristiansen og den kjende abortmotstandaren Ludvig Nessa, uttalte at dei

---

<sup>88</sup> Sæle og Torp 1993: 15

<sup>89</sup> Sæle og Torp 1993: 16

<sup>90</sup> Sæle og Torp 1993: 18

<sup>91</sup> Sæle og Torp 1993: 19

<sup>92</sup> Sæle og Torp 1993: 24

<sup>93</sup> Sæle og Torp 1993: 25

<sup>94</sup> Sæle og Torp 1993: 28

frykta for *Dagen* si framtid etter dette.<sup>95</sup> Den påtroppande sjefredaktøren Odd Sverre Hove uttalte i avisa at Sæle hadde gjort ein stor innsats for avisa dei nesten 14 åra han hadde vore der, men at det var "leit at andre sider ved sjefsredaktørtjenesten har ført til det sluttresultatet som ble offentlig kjent i går."<sup>96</sup> Sæle sjølv hyra kjendisadvokat Tor Erling Staff til å tala si sak, men heller ikkje dette hjelpte.<sup>97</sup>

## 3.2: Norge IDAG – "Stien i tåken"

### 3.2.1: Om avisa

Berre tre månadar etter oppseiinga som redaktør i *Dagen* var Finn Jarle Sæle med på å stifte ei ny kristen avis, "*Norge IDAG*", gjennom Kristen Medicallianse, og var frå første nummer ansvarleg redaktør. Føremålet med stiftinga var, i følgje den første leiarartikkelen, at avisa skulle mobilisere i dei store slaga i åndskampen, ikkje berre referere på ei armlengds avstand. Leiaren hevda også at det var denne haldninga til engasjementet som gjorde at "vi" vart kasta ut av avisa *Dagen*, "Nå er vi fri". Stiftarane var i følgje avisa mellom dei fremste namna i kristen-Noreg, og spann over heile breidda, frå indremisjonen til pinsevekking. For avisa var målet at skrifta skulle vere den absolutte autoritet, sjølv om dei hevda at også samfunnsforskning og sosiologi skulle verte høgt akta. Det vart også erklært at avisa skulle søke å vere objektive midt i mellom alle dei andre avisene, der ein som intervjuobjekt ikkje lenger kunne kjenne igjen det ein har sagt.<sup>98</sup>

I dei første nummera av avisa var det relativt få verkeleg kontroversielle saker. Stort sett dreia det seg om sterkt fokus på Midtausten-konflikta, motstandsarbeid mot abort, rapportering frå menigheitsarbeid rundt omkring i landet, og intervju med eldsjeler frå det kristne arbeidet, og med dei som hadde vend om. Etterkvart som avisa vart meir omfattande i sidetal, auka talet på saker med lovprising av USA og amerikanarar som førebilete for det kristne samfunnet i Noreg, men også med saker som ytra skepsis til vitskapen, spesielt når det gjaldt utviklingslæra. I starten av 2000 kom også nettutgåva av avisa ut, ein nettstad som gjev full oversikt over alle publiserte nettsaker frå avisa heilt frå starten. Etter kvart steig også sjølvtillita og salstala innanfor avisa, og i 2006 proklamerte Sæle stolt: "*Vi er i ferd med å forvandle vår opplagssuksess, den største på så kort tid i Norge etter krigen, til en økonomisk*

---

<sup>95</sup> *Dagen* 19. mars 1999, side 4 (papirutgåve)

<sup>96</sup> *Dagen* 19. mars 1999, side 3 (papirutgåve)

<sup>97</sup> <http://www.aftenposten.no/forbruker/article921011.ece> ("Familien Sæle - et lite stykke Norge 28.11.04)

<sup>98</sup> *Noreg IDAG* nr.1 1999, side 3 (papirutgåve)

*suksess. Mens andre kristne aviser får 60 prosent av sitt abonnement betalt av staten (pressestøtten), er prosentandelen for Norge IDAG 10 prosent. Vi er en av de få aviser i Norge som er posisjonert for overlevelse om olje-Norge krasjer, og pressestøtten må gå til eldreomsorg.”*<sup>99</sup> Dette med pressestøtta var tydelegvis eit ømt tema for avisa: *”De kristne kan ikke uten videre regne med kamp for likestilling i det nye viktigste spørsmålet for kristenfolket, mediepolitikken. Derfor har ikke Norge IDAG og Magazinet fått likestilt pressestøtte med de andre politiske aviser. Faktisk har de fått langt mindre enn det lille homomagasinet Blikk.”*<sup>100</sup>

Etter å ha sett på Sæle sin språkbruk og val av saker som redaktør i *Dagen* kom det knapt som nokon overrasking at den nye avisa hans skulle leggje seg på ei svært kontroversiell linje i dei fleste saker, der han rører ved kjensleladda stoff utan å ta på silkehanskar. Dei fleste artiklane spinn rundt ein eller fleire av dei seks fundamentsakene, og tek ofte for seg ein eller fleire av fire følgjande innfallsvinklane: 1. Kva meiner KrF, eller kva har KrF gjort innanfor ei bestemt sak, 2. Kva meiner FrP, eller kva har FrP gjort innanfor ei bestemt sak, 3. Kva ”vennar” har Sæle i sakene, om dette er innanfor dei to partia eller utanfor, 4. Kva fiendar har han innanfor sakene, både innanfor og utanfor dei to partia. Ut i frå desse fire innfallsvinklane argumenterar Sæle for at politikarar og andre må endre syn til hans ståstad.

Formålet, ved sida av den overordna alliansetenkinga som kjem i neste kapittel, er for redaktøren å overbevise KrF om at dei er på veg i feil retning. *”Alt for KrF – er mottoet i denne avisen”*,<sup>101</sup> skreiv Sæle i ein artikkel som omhandla KrF sin nestformann, Inger Lise Hansen, si motvilje mot å snakke med *Norge IDAG*, i frykt for feilsitat. Eit anna eksempel på at avisa rettleiar KrF finn vi i ein artikkel frå like etter det borgarlege valnederlaget i 2005. Då proklamerte Sæle om det raudgrøne fleirtalet: *”Denne syltynne majoriteten, vil de tape neste gang, om KrF skjerper seg, og Frp gjør et like godt valg som sist gang.”*<sup>102</sup> Det var med andre ord KrF som måtte forandre seg, mens FrP skulle halde fram akkurat som dei hadde gjort tidlegare, etter Sæle sitt syn. FrP vert altså sett opp som førebilete for korleis KrF bør vere. *Norge IDAG* ser også ut til å ha teke på seg ansvaret for å vere rådgjevingsorgan for KrF innanfor dei forskjellige sakene som dei syns er viktige: *”Hadde Bondevik-regjeringen tatt imot råd (for eksempel fra denne avis og KrF-ordførerne) om kommuneøkonomien, ville*

<sup>99</sup> <http://idag.no/ledere-oppdrag.php3?ID=9506> (“Dagens løshvalper” 01.03.2006)

<sup>100</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppdrag.php3?ID=7496> (“Gjennombruddet” 19.05.2005)

<sup>101</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppdrag.php3?ID=12608> (“Slem eller snill med Inger Lise Hansen” 04.05.2007)

<sup>102</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppdrag.php3?ID=11969> (“Debatten om kristen oppseding 01.02.2007)

den borgerlige side som hadde flest stemmer ved valget, også fått flest mandater. Det var svært knappe marginer. Statsministeren ville da fortsatt vært Kjell Magne Bondevik.”<sup>103</sup> Sæle overser her galant at ei slik regjering måtte ha stønad frå FrP, noko Carl I. Hagen hadde lova at han ikkje ville gje med Bondevik som statsminister.

Eit anna formål med *Norge IDAG*, ved sida av å vere rådgjevarar for politiske parti, er å leie veljarane på rett veg: ”Snillhet er faktisk en av våre største dyder. Vi lar velgerne finne en sti i tåken.”<sup>104</sup> Sæle har også teke ordet ”profetere” i sin munn. Då han kommenterte samanslåinga mellom dei to kristne avisene *Dagen* og *Magazinet* i 2007 skreiv han: ”Vi ser nå begynnelsen på kristen medieallianse. Vi profeterte det for åtte år siden ved å kalle vårt eget aksjeselskap A/S Kristen Medieallianse.”<sup>105</sup> Eit spørsmål som er vanskeleg å svare på er om Sæle ser på seg sjølv som ein slags profet. Sannsynlegvis ser han berre på seg sjølv som ein leiar som skal få alle inn på rett veg, jamfør ”sti i tåken”.

### 3.2.2: Abort og Genforskning

Sæle brukar sterke karakteristikkar når han uttalar seg i abortsaka. Sjølv om dette ikkje er uvanleg kost frå den kanten, er denne saka heilt tydeleg eit spesielt betent tema. For eksempel vert ordet ”abortlova” konsekvent erstatta med ”fosterdrapslova”. Eit språkleg verkemiddel som avspeglar det moralske aspektet til saka. Linja han legg seg på i forskjellige artiklar ser ut til å avvise abort uansett situasjon. Men Sæle trugar med at vi kjem til å møte ein sterk nedbremsing i befolkningsveksten om dagens abortpraksis får fortsette. Han trur også, etter å ha lese ein artikkel av trendforskaren Philipp Longman, at abortpolitikken som venstresida støttar vil føre til at venstresida rett og slett døyrt ut, noko som igjen fører til at dei konservative kan overta jorda. Den naturlege følgja av dette vil vere at religionen kjem tilbake til Europa, i følgje Sæle.<sup>106</sup> Ordet ”Europa” er sannsynlegvis ikkje tilfeldig valt av Sæle, sidan tiltrua hans til USA og det amerikanske samfunnet nærmast er grenselaust. Religionen er nemleg framleis tilstades i USA, det er Europa som må finna den att. ”Om Europa stiller mot USA, så bli det som å stille gamlehjemmet mot ungdomslandslaget... Et kontinent med høy Jesusfaktor har langt bedre overlevelsesmuligheter enn et kontinent som helst ikke vil snakke om Jesus, og har tatt Gud ut av EU-Grunnloven.”<sup>107</sup> Redaktøren

<sup>103</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=8346> (”Valgforklaringene–Er det bortforklaringer?” 20.09.2005)

<sup>104</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=12608> (”Slem eller snill med Inger Lise Hansen” 04.05.2007)

<sup>105</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=12754> (”Velsignet helg” – 01.06.2007)

<sup>106</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=11969> (”Debatten om kristen oppseding 01.02.2007)

<sup>107</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=11351> (”Gamlehjemmet mot ungdomslandslaget” 01.11.2006)



samanliknar altså Europa med ein gamleheim, ein stad der forgubbinga er på full fart inn om vi ikkje snart snur i abortpolitikken. USA vert på si side sett i svært positivt lys, gjennom å bli kalla ”*ungdomslandslaget*”, sjølv om også dei har ei lov som tillet abortar. Forskjellen mellom Noreg og USA er at det her i landet er brei konsensus om den lova vi no har, medan det i USA er ein kjensleladd og jamn debatt om saka enno. Derfor kan avisa sjå lyset i enden av tunnelen når konservative republikanarar som George Bush jr. sit som president. Bush vart tydelegvis tidleg ein helt for Sæle, og hevdar at presidenten si første embetshandling, allereie denne første natta han var president, var å stoppe den amerikanske pengestønaden til abort i u-landa.<sup>108</sup> Ei anna viktig sak for Bush var kampen mot seinabortar, som vart kalla ”*en ny seier for Ja til livet-bevegelsen*” av ein anna *Norge IDAG*-journalist, Bjarte Ystebø.<sup>109</sup> Det ser med andre ord ut som det er eit håp i kampen mot abort i USA.

I Noreg, derimot, ser kampen ut til å vere meir håplaus, med brei konsensus på Stortinget for sjølvbestemt abort. Også Sæle må innrømme at KrF stend sørgjeleg åleine i denne kampen på Stortinget, utan stønad frå noko parti.<sup>110</sup> Trass i dette får partiet ofte gjennomgå i avisa på grunn av påståtte retrettar i abortspørsmål. Då gallupane byrja å peike nedover for KrF under den siste Bondevik-regjeringa hadde nemleg Sæle svaret på kvifor det gjekk dårlegare enn før. ”*Partiet har glemt at det er et saksparti som etter krigen har gjort det stort når de har fokusert abort, kontantstøtte, Israel osv*”. Med desse sakene som fokus vil KrF igjen gå over 10 % på gallupane, og over 15 % til neste val, meinte Sæle.<sup>111</sup> Ein motstandar som Sæle tydeleg kan sjå innanfor KrF er Inger Lise Hansen, som vart vald til ny nestleiar i 2005, og som vil bli kvitt det mørkemannsstempelet KrF har fått på seg. Dette meiner redaktøren er berre tøv ettersom at ho må kaste KrF sine standpunkt om abort på båten for å oppnå dette.<sup>112</sup> Sæle har derimot berre godt å seie om Ludvig Nessa og Børre Knudsen si valliste mot abort. Han poengterar at mange bagatelliserte denne lista, sjølv om alle media hadde offentleggjort nettsaka som omhandla opprettinga av denne lista berre ein time etter at *Norge IDAG* hadde lagt saka ut på nettavisa si.<sup>113</sup> Sistnemnde vart faktisk fråteken sitt presteembete av dåverande kyrkje- og undervisningsminister Kjell Magne Bondevik i 1984. Bondevik skreiv i sin sjølvbiografi at aksjonsforma hans ikkje var nokon farbar veg, sjølv om han i hovudsak var

---

<sup>108</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=3679> (“Kristen politikk” 05.10.2003)

<sup>109</sup> <http://idag.no/aktuelt-oppslag.php3?ID=3755> (“Ny seier for Ja til Livet-bevegelsen” 22.10.2003)

<sup>110</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=1947> (“Jordskjelvgallupen – Hva betyr den?” 05.08.2002)

<sup>111</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=2160> (“Hvordan kan KrF doble opplutninga?” 17.10.2002)

<sup>112</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=8416> (“Hva vil KrF svare BA?” 30.09.2005)

<sup>113</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=6768> (“KrF mellom barken og veden 21.02.2005)

samd med Knudsen i synet på abortsaka.<sup>114</sup> At Norge IDAG støttar Knudsen fullt ut, gjev derfor ein peikepinn på kvar avisa legg seg i denne saka, nemleg til høgre for KrF verdimelessig, og på ei meir kompromisslaus linje. I denne samanhengen siterar Sæle også Christian Vennerød i Dine Penger, ”Børre Knudsen har rett. Abort er drap. Og etter barnet kommer turen til bestemor i senga. Har du ikke tatt pillen din ennå, bestemor?”<sup>115</sup>

Sjølv om KrF får kritikk for oppmjukinga i haldninga si i abortsaka, så får dei likevel betre omtale enn dei andre politiske partia på dette området. Dei to største borgarlege partia, Høgre og FrP, får gjennomgå for sine haldningar. Høgre vart skulda for å vere styrt av raudstrømper etter at landsmøtet i 2000 vedtok at partiet sine stortingsrepresentantar skulle vere forplikta til å seie ja til sjølvbestemt abort, og ikkje lenger skulle ha rett til reservere seg. Redaktøren meinte at den verdikonservative profilen i partiet hadde vorte stygt redusert etter dette. Harde ord vert også sagt om FrP si verdimelessige utvikling i denne artikkelen. På sitt landsmøte same år vedtok partiet ei positiv haldning til patent på liv og bruk av fostervev. Sæle meiner at dette er ein form for kannibalisme. ”Kannibalene spiste mennesker for å overleve. De var sultne. Idag spiser statens helsevesen små ufødte barn. De er sulten på reservemateriale. Det er det samme”. Redaktøren trøystar seg likevel med at han kan gå ut i frå at reservasjonsretten i abortspørsmålet framleis er intakt i FrP.<sup>116</sup> Den som likevel får mest kjeft er venstresida i politikken og media. ”Framtiden og pensjonene våre ble abortert, da sosialistene gav oss abortloven.” Dessutan vil ikkje pressa, som har ein stor sosialistisk majoritet, debattere saka, meiner han.<sup>117</sup> Men det finns lyspunkt også for Sæle. Mellom anna ser han svært positivt på at partia som foreslo utviding av grensa for sjølvbestemt abort frå 12 til 16 veker, vart så upopulære at mellom anna Stoltenberg måtte trekke saka ut av Ap sitt partiprogram.<sup>118</sup> Sæle trur også at når alvoret av pensjonsmarerittet og den feilslåtte politikken byrjar å sige innover oss, kjem alle i løpet av 20 år til å melde seg inn i ”Ja til Livet-rørsla.”<sup>119</sup>

### 3.2.3: Israel og Midtausten

Det er ingen saker Norge IDAG er så opptekne av som konflikta i Midtausten, og fortrinnsvis Israel. Saka er faktisk så pass viktig for Norge IDAG at dei bruker mykje spalteplass på

---

<sup>114</sup> Bondevik 2006: 187-188

<sup>115</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=356> (“En katastrofal landsmøtehelg” 19.05.2000)

<sup>116</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=356> (“En katastrofal landsmøtehelg” 19.05.2000)

<sup>117</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=4294> (“Takk for talen” 25.01.2004)

<sup>118</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=7496> (“Gjennombruddet” 19.05.2005)

<sup>119</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=4294> (“Takk for talen” 25.01.2004)

konflikten, utan at det er noko konkret utvikling i regionen. I motsetnad til to andre kristne aviser, *Dagen* og *Vårt Land*, der stoffmengda aukar kraftig rundt sensasjonelle eller dramatiske hendingar,<sup>120</sup> kan det verke som *Norge IDAG* alltid skriv mykje om konflikten. Konflikten med alle tenkeleg tilhøyrande aspekt vert breitt presentert i avisa, med sterke sympatiar for jødane, og spalteplassen går ofte med på å stadfeste jødane sin rett til landet, og til å rakke ned på motstandarane av Israel i til dels sterke ordelag. Mykje vert grunna med at jødane berre skal få oppfylt den profetien som er lovt dei i Bibelen. Denne saka har også vore viktig for mange kristne generelt, og sympatien for jødane har vore stor heilt fram til 80-talet, då opinionen byrja å snu i israellarane sin disfavour.<sup>121</sup>

Hovudfundamentet i mange av artiklane er bygd på eit trepunkts liste over ting skribentane vil ha gjennomført, som eg vel å kalle for ”ønskelista”. Første punkt er eit klart ja til sikringsgjerdet som Israel har sett opp gjennom regionen for hindre sjølvmondsbombarar i å ta seg inn i på jødisk territorium. I følgje Sæle har dette gjerdet stoppa 98 % av alle sjølvmondsbombarar, og redda hundrevis av liv på begge sider.<sup>122</sup> Neste punkt er eit krav om å flytte den norske ambassaden frå Tel-Aviv, der den ligg no, til Jerusalem, og godkjenne denne byen som Israel sin hovudstad. Det siste punktet handlar om jødiske busetnadar på Vestbredden. Sæle meiner at dei israelsvennlege må seie eit klart nei til det han kallar eit jødefritt Judea og Samaria, som er det gamle bibelske namnet på dette området.<sup>123</sup> Som grunngeving for denne haldninga vert det vist til Bibelen, der redaktøren foreslår Joel 3:7 for å lese om endetidas si nye antisemittisme.<sup>124</sup> Redaktøren samanliknar faktisk ei framtidig oppdeling av Israel med Nazi-Tyskland si deling av Tsjekkoslovakia i 1938, det vil seie ”*ut fra en meget tvilsom etnisitets-betraktning,*”<sup>125</sup>

Under det siste punktet på ”ønskelista” støttar redaktøren seg mellom anna til majoritetsleiaren i Kongressen i USA, Tom DeLay, som viser til at Israel etter folkeretten (San Remo-konferansen frå 1920) har klar rett til å busette seg i det bibelske kjernelandet. DeLay legg også til at ”*demokratiet har retten til landet, ikke diktaturet. Det er regelen for*

---

<sup>120</sup> Hirsch 2005: 7

<sup>121</sup> Tveit 2005: 118-119

<sup>122</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=12875> (“Igjen gir man Israel skylden” 25.06.2007)

<sup>123</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=12342> (“Fremgang for både KrF og FrP – Kan Kain og Abel bli venner?” 21.03.2007)

<sup>124</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=4111> (“Hva kan KrF og FrP gjøre sammen?” 22.12.2003)

<sup>125</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=2164> (“Hva nå KrF?” 18.10.2002)

*demokratisk utenrikspolitikk. Men i tillegg er dette Israels land.*"<sup>126</sup> Her ligg også ein del av kjerna i argumenteringa til Sæle i Midtausten-konflikta, nemleg prinsippet om demokrati. Han meiner mellom anna at ein vondskapens akse fins: *"Men da snakker man om bestemte politiske regimer, og om den nye muslimske fascismen hos Hizballah, Hamas og Iran, som vil utslette staten og demokratiet Israel.*"<sup>127</sup> Sæle nytta seg også av demokrati-argumentet under sakene knytta til SV sin boikott av israelske produkt: *"Ingen som legger et klart demokrati-kriterium til grunn, kan boikotte varer fra Israel"*. FrP-aren som i Sør-Trøndelag fylkeskommune stemte for boikott, fekk også i følgje redaktøren *"skikkelig refs av sine egne. Han er nok kommet på bedre tanker. I disse etterjulstider går han trolig rundt som en angrende og ekte demokrat.*"<sup>128</sup> Sæle meiner tydelegvis at det er ein motsetnad mellom det å vere for demokrati, og å vere for ein boikott av Israel.

Når det gjeld den einsame FrP-aren i Sør-Trøndelag står nok han for ei ganske anna linje enn det som er tilfellet for partieliten. Det er få Finn Jarle Sæle heidrar så mykje som den dåverande FrP-leiaren, Carl I. Hagen, i avisa. Hagen støttar nemleg, i følgje redaktøren, alle punkta på "ønskelista". I følgje *Norge IDAG* er også begge samde om at det første som må skje er at det må byggjast eit demokrati frå botnen i dei palestina-arabiske områda.<sup>129</sup> Sæle har også sett for seg ein framtidig draume plass for Hagen i ei regjering, nemleg som utanriksminister: *"Hagen er det beste valg som utenriksminister. Han har et krystallklart demokrati-kriterium for sin utenrikspolitikk. Han vil ikke støtte terrorister og folk som Arafat som underslår milliarder av folkets penger og av u-hjelpspengene. Venstresiden har alltid hatt en hang til korrupte revolusjoner finansiert ved hjelp av skattepengene våre.*"<sup>130</sup> Sæle trur også at eit fleirtal av det såkalla "vekkelsesfolket" ønsker ei fleirtalsregjering med nettopp ein FrP-ar som utanriksminister.<sup>131</sup> Det kan også sjå ut som redaktøren meiner at dei fleste av FrP sine medlemmar er samd i Hagen sitt syn på Midtausten-konflikta. Han snakkar ofte om FrP sitt Israelsvennskap, noko han også meiner er forklaringa på kvifor så mange tidlegare KrF-veljarar har gått over til FrP. Samstundes understrekar Sæle at sannsynlegvis er dei fleste israelsvennane framleis igjen i KrF.<sup>132</sup> Likevel meiner redaktøren at det er alarmerande for KrF at FrP stel stemmer frå KrF mellom anna i Hordaland, der KrF vart grunnlagd. Dette

<sup>126</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=2164> ("Hva nå KrF?" 18.10.2002)

<sup>127</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=11074> ("Paven og muslimene" 27.09.2006)

<sup>128</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=9022> ("Boikotten av Israel 05.01.2006)

<sup>129</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=12875> ("Igjen gir man Israel skylden" 25.06.2007)

<sup>130</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=4551> ("Politiske forandringer 27.02.2004)

<sup>131</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=1947> ("Jordskjelvgallupen – Hva betyr den?" 05.08.2002)

<sup>132</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=8415> ("Hva vet vi om velgervandringene ved valget?" 30.09.2005)

forklarar han med at KrF ofte stemmer mot si overtyding i nokre saker dei er for i Midtausten-konflikta, som for eksempel flyttinga av ambassaden.<sup>133</sup> Dei går altså frå sine standpunkt når det skal voterast.

Medan FrP får skryt i *Norge IDAG* for sine israelske sympatiar, får KrF tilsvarande kritikk for sine haldningar og handlingar i konflikten. For eksempel viser Sæle til ein granskingsrapport i KrF etter valnederlaget ved kommunevalet i 2003, der veljarane i undersøkinga bad om ei klarare støtte til demokratiet Israel. Redaktøren foreslo derfor at partiet skulle stå saman med Carl I. Hagen i synet på Israel. For utan breie alliansar kan ikkje KrF makte å stå fast i Israel-spørsmålet.<sup>134</sup> Dette er stort sett ein gjengongsmelodi for mange av Sæle sine innlegg: KrF må vende seg mot FrP for å søke støtte i Israel-spørsmålet.

Eit anna aspekt som Sæle ikkje likar ved Israelpolitikken til KrF er at ein sidestiller palestina-arabarane sin kamp med Israel sitt sjølvforsvar. Dette vil, i følgje han, bringe partiet tilbake til null hjå dei gamle veljarane. Likevel gir ikkje Sæle skulda til KrF som parti, det er meir den, i følgje han, altfor utbreidde sentrum-venstrefløya i partiet som får det meste av skulda for at hjertesakene ikkje vert teke skikkeleg vare på. For eksempel viser han til at NRK hadde avslørt at Israel og innvandring vart lagt vekt på av KrF-veljarar i vekkelsesmiljø, og rådar derfor leiaren i partiet til å lytte meir til også denne delen av veljarmassen. Han åtvara samstundes mot denne sentrum-venstrefløya i partiet, og mot å utelukke sentrum-høgrefløya frå posisjonar i partiet. Redaktøren trur at ei slik utelukking kan føre partiet under sperregrensa på sikt.<sup>135</sup> Han skuldar derfor partiet si venstreside for å ha teke fullstendig overhand, etter at Kåre Kristiansen og Gunnar Prestegård vart skuva ut frå sentrale posisjonar. KrF sin tidlegare leiar, Kåre Kristiansen, vert av Sæle kalla for ”kristenfolkets uoffisielle utenriksminister”. Kristiansen fekk ein heltestatus for sitt Israelsvennskap, og for at han forlèt nobelkomiteen i protest mot at Jassir Arafat skulle få tildelt Nobels fredspris. Ein av følgjene av ”utstøytinga” av Kristiansen er at partiet har ført ein Israelpolitikk i kontakt med Akersgata, og ikkje i kontakt med skarane av kjerneveljarar.<sup>136</sup> Sæle trur at taktikken til venstresida i partiet er å ”*Fri til de man tror er liberale og vil gi opp Bibelens syn i politikken, mens klare intellektuelle Israels-venner, jages ut i skogen.*”<sup>137</sup> I like rosande ordelag som Kristiansen vert ikkje etterfølgjaren hans i formannsstolen omtala. Noko som kan ha med at

<sup>133</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=7776> (“Gallupsjokket” 23.06.2005)

<sup>134</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=4317> (“KrF og Israel” 29.01.2004)

<sup>135</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=13197> (“Hva skjer på Karmøy?” 28.08.2007)

<sup>136</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=6768> (“KrF mellom barken og veden 21.02.2005)

<sup>137</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=8416> (“Hva vil KrF svare BA?” 30.09.2005)

Kjell Magne Bondevik ikkje alltid var like eintydig i si støtte til Israel som føregjengaren. Bondevik gjev ofte uttrykk for sin frustrasjon over den vanskeleg balansegangen til Midtausten-konflikta i sin biografi. Bondevik vedgår at han meiner at Israel har ein spesiell plass i Gud sin plan, men at han også støttar palestinarane sin legitime rett til sjølvbestemming.<sup>138</sup>

I tillegg til å halde høgresida i partiet høgt, meiner Sæle tydelegvis at "KrF-veljarane" er noko for seg sjølv. Dei vert også framstilt som heilt skuldlause når det gjeld den vendinga Sæle meiner at partiet har teke mot venstre. I samband med at Jostein Gaarder fekk trykt sine omstridde artiklar med kritikk av Israel, viste Sæle til ein undersøking mellom KrF og FrP-veljarar i sin artikkel "De beste velgerne" frå 2006: "*Når det gjelder avskrivningen av Gaarders synspunkter er Frp-velgere ikke i nærheten av den klarhet og tydelighet som KrF-velgerne har. Det er derimot Frps ledere. Det virker som om de er på linje med KrF-velgerne.*"<sup>139</sup> Sæle sett dermed eit slags likskapsteikn mellom KrF sine veljarar, og leiarane i FrP.

Fiendar utanfor dei to partia er det nok av, men ein av dei som Sæle ser ut til å like minst er tidlegare statsminister Kåre Willoch. Redaktøren seier seg, i ein artikkel frå 2004, samd med skattepolitikken til høgremannen, men "*Hans utenrikspolitikk kan snart ligge knust. Det er bra. For hans hovedpostulat om at Israel er en folkerettsstridig og umoralsk okkupant, og at jøder bosetter seg i strid med folkeretten og menneskerettene, i Judea og Samaria er feil.*"<sup>140</sup> Også i Bondevik sin biografi vert Willoch nemnd som Palestina-vennleg.<sup>141</sup> Likevel er det innanfor avisene at vi finn Sæle sine største fiendar. Han skriv i artikkelen "Bondevik må ta en tur på en fjelltopp": "*KrF må på offensiven straks... Støtten til demokratiet Israel i kampen mot terrorismen, sammen med Norges viktigste Nato-allierte USA, koster ikke penger, bare anseelse i den venstrevridde leiren, der arven forvaltes av NRK og løssalgsavisene i Akersgaten. Da blir det bråk. Masse bråk. Garantert.*"<sup>142</sup> I ein anna artikkel langar han ut mot spesielt Adresseavisen, og kallar den for den mest jødehatande avisa i Noreg, utan å grunnge angrepet på akkurat denne avisa noko nærmare.<sup>143</sup>

---

<sup>138</sup> Bondevik 2006: 251

<sup>139</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=10779> ("De beste velgerne" 15.08.2006)

<sup>140</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=4551> ("Politiske forandringer" 27.02.2004)

<sup>141</sup> Bondevik 2006: 210

<sup>142</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=2017> ("Bondevik må ta en tur på en fjelltopp 01.09.2002)

<sup>143</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=8388> ("Den todelte staten" 27.09.2005)



### 3.2.4: Det amerikanske samfunnet som ideal

Engasjementet rundt USA og dei amerikanske verdiane er delvis knytt opp mot dei to føregåande engasjementa om abort og Israel. I følgje Sæle er nemleg USA eit land som ligg nært opp i mot hans ideal i abortpolitikken då det generelt er mykje meir konservative haldningar til moralspørsmål i det amerikanske samfunn, enn i det norske. Dette trass i at det er store variasjonar i statane om sjølvbestemt abort er tillete. Dette gjer at avisa først og fremst støttar det republikanske partiet, då dette partiet tradisjonelt er den sterkaste motstandaren av for eksempel abort, men også homofile rettar. Det amerikanske samfunnet med si høge tilslutning til den lange rekkja av forskjellige menigheiter ein kan velje mellom, vert tydeleg også sett på som eit førebilete. Redaktøren har også ei urokkeleg tru på USA som verda sitt leiande økonomiske lokomotiv, og militære supermakt. Ein anna grunn til at *Norge IDAG* profilerar USA så sterkt er deira sterke økonomiske og moralske støtte til staten Israel. Dette kan og vere ein av hovudårsakene til at kjærleiken til USA har vore utbreidd i visse kristne miljø i Noreg.

Som nemnd før samanlikna Sæle Europa sin konkurranse med USA med ein gamleheim som møtte ungdomslandslaget til fotballkamp, på grunn av høge aborttal og lave fødselstal i Europa. Redaktøren hevdar at ”Ja til livet”-kreftene stend svært sterkt i USA, med støtte frå 90 millionar nye vekkelseskristne og 65 millionar aktive katolikkar, i tillegg til at dei mange spansktalande innvandrarane til landet vert aktive kristne i USA. Han poengterar at USA snart rundar 300 millionar innbyggjarar, og meiner at dei vil runde 400 millionar i 2043, til forskjell frå Europa der folkevekst vert bremsa og gjennomsnittsalderen berre aukar.<sup>144</sup> Sæle delar også mange av haldningane til president George W. Bush, som han tydelegvis ser på som førebilete for europearane. Som tidlegare nemnd stoppa presidenten all pengestønad til abort i u-landa, og redaktøren hevdar derfor at amerikanarane har som hovudstrategi å satse på ekteskap og seksuell fråhald i internasjonal utvikling.<sup>145</sup> Men Bush har ikkje æra åleine for fokuset på abort i USA, Pat Robertson si danning av ”Christian Coalition” som, i følgje Sæle, delar ut 40-70 millionar veljarguidar for kristne veljarar ved kvart val, vert også sett på som ein føregangsmann. Desse veljarguidane fortel kvar alle politikarar stend i spørsmål som abort- og familie-politikk. Sjølv om Sæle aldri nemner det sjølv, kan han, i sitt strev for å få

---

<sup>144</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=11351> (”Gamleheimmet mot ungdomslandslaget” 01.11.2006)

<sup>145</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=3679> (”Kristen politikk” 05.10.2003)

til kristne alliansar her i landet, ha fått inspirasjon frå Robertson. Sæle håpar tydelegvis at ein slik kristen koalisjon skal oppstå også i Noreg: ”Slik vinner en valg.”<sup>146</sup>

I eit svar på ein artikkel i avisa *Dagen* som kritiserte *Norge IDAG*, gjorde redaktøren det klart kva som var hovudoppgåva for avisa hans, nemleg ”å forsvare Israel og USA ut fra et klart demokratikriterium - og anbefale denne alliansen i stedet for den muslimske alliansen om Eurabia.”<sup>147</sup> Det kan derfor sjå ut som Sæle meiner at Israel og USA er to sider av same sak, sidan han så ofte nemner dei i lag. Men det er ikkje berre i Israel at USA er engasjert i Midtausten. Engasjementet, militært i denne samanhengen, er endå sterkare i Irak. Men det kan verke som redaktøren meiner at også dette er to sider av same sak, palestinske terroristar i Israel og muslimske terroristar i Irak. Han støttar i alle fall nærveret i både Irak og Israel heilhjarta. Til forsvar for den amerikanske krigføringa i Irak siterar han Carl I. Hagen sine ord om at Noreg må hjelpe USA i Irak akkurat som vi fekk hjelp av dei under 2. verdskrigen. Denne gongen var det mot Midtausten sin Hitler, Saddam Hussein,<sup>148</sup> som truga verdsfreden og drap sitt eige folk i Allah sitt namn. Dette meiner Sæle er ein god grunn til at FrP skal få utanriksministeren i ei framtidig regjering, dei hatar nemleg ikkje USA, skriv han.<sup>149</sup> I 2007 hadde Sæle likevel moderert si støtte til den amerikanske invasjonen, og drog mellom anna parallellen mellom fåfengte borgarlege forsøk på å få igjennom viktige saker her i landet, med den amerikanske krigsinnsatsen i Irak: ”de ville kome like langt som Bush i Irak.”<sup>150</sup> Med andre ord var han byrja i miste trua på amerikanske framgangen i landet, sjølv om han berre nemnde dette i samanheng med det politiske spelet i Noreg.

”Ap-leder Thorbjørn Jagland har innledet valgkampen med tidenes frontalangrep på Høyre. ”Det går ikke an å få både lavere skatter og mer bevilgninger til velferd. Det fins intet eksempel på det.” Men det gjør det. Amerikansk økonomi de siste 10 år viser at Jagland har feil.”<sup>151</sup> Dette sitatet frå juli 2001 illustrerar den sterke trua Sæle hadde på framtida til USA under George W. Bush. Redaktøren meinte at USA valde høgare produktivitet framfor høgare skattar, og hjalp sitt eige land med arbeidsløysa, samstundes som den åleine drog Japan og Europa sin økonomi opp frå grøfta. Utan den amerikanske hjelpa ville det ha gått gale med dei europeiske velferdsstatane, meiner Sæle. Vidare hevdar redaktøren at ”også

<sup>146</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=3679> (“Kristen politikk” 05.10.2003)

<sup>147</sup> <http://idag.no/ledere-oppslag.php3?ID=9506> (“Dagens løshvalper” 01.03.2006)

<sup>148</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=4967> (“En fornyer av norsk politikk” 06.05.2004)

<sup>149</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=6101> (“Storkjeften Aarebrot” 20.11.2004)

<sup>150</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=13051> (“Er Inger Lise radikal” 01.08.2007)

<sup>151</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=1358> (“Amerika, Thorbjørn!” 09.07.2001)



skatteinngangen øket i USA, fordi nasjonalproduktet steg med 50 prosent i dette tidsrommet. Det ble altså mye mer skatter til slutt for den amerikanske staten enn om man hadde skattet bort produktivitsveksten og valgt den samme utviklingen som i Norge, der Jagland styrte. Underskuddet på statsbudsjettet som alle spådde at Amerika aldri ville klare å få bukt med, endte i et enormt trillionoverskudd.”<sup>152</sup> Når ein tenkjer på dei store problema som Bush har hatt med budsjettunderskot i USA, ser ein at denne kommentarartiklen byggjer på eit mildt sagt sviktande faktagrunnlag. På toppen av alt dette fortel Sæle at Bush ville dele ut ein del av dette ”overskotet” som skattelette. ”Det er deres penger, ikke våre, sier han til folket sitt, som liker å høre slikt. Etter valget håper vi å få høre det samme i Norge. Innsatsen for velferdsstaten er også øket enormt i Amerika. Amerika har ennå ikke like god velferdsstat som Norge. Men poenget er at de har øket bevilgningene til skole og velferd kolossalt, samtidig som de kjørte en lavskatte- og produktivitetspolitikk. Du kan få skattelette og en bedre velferdsstat”, meiner redaktøren.<sup>153</sup> Dette meinte han ikkje berre i 2001, men tydelegvis også i 2004, då han skreiv ”I USA er det økonomien som avgjør. Den har Bondevik ordnet, akkurat som Bush.”<sup>154</sup> Sæle viser med denne artikkelen ein tiltru til amerikansk økonomi som sjølv få amerikanarar kan skryte av, samstundes som Bondevik får ei sjeldan fjør i hatten for si handtering av norsk økonomi.

Men det er ikkje berre USA sitt truskap til Israel, og det økonomiske og militære hegemoniet Sæle er imponert over. Den kristne trua stend også sterkt i dette landet. ”Nå kan en si at USA er menighetens og troens land, mens Norge er den likegyldige statskirkereligjøsitetens og vantroens land. Det er noe i det.”<sup>155</sup> Redaktøren støttar også den kontroversielle TV-kanalen FOX-TV som han meiner har verdas beste utanriksdekking. Dette grunnjev han med at dei, i følgje redaktøren, har utkonkurrert dei andre TV-kanalane. Med andre ord er dei, i Sæle sin logikk, best på utanriksdekking fordi dei er størst. Dette kjem fram når han fortel om at den nye norske kristne kanalen Verdikanalen kjem til å sende seks timar frå FOX kvar dag. Sæle meiner at denne kanalen vil knuse venstresida sitt nyhendehegemoni, og snakke om Amerika, Israel, homofili og tradisjonelle familieverdiar som ingen andre vil snakke om i Noreg.<sup>156</sup> Den kristne trua i USA gjer også at amerikanarar har ein sterkare givarkultur enn her i Noreg,

---

<sup>152</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppdrag.php3?ID=1358> (“Amerika, Thorbjørn!” 09.07.2001)

<sup>153</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppdrag.php3?ID=1358> (“Amerika, Thorbjørn!” 09.07.2001)

<sup>154</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppdrag.php3?ID=4283> (“Hvorfor KrF bør vinne valget” 23.01.2004)

<sup>155</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppdrag.php3?ID=3679> (“Kristen politikk” 05.10.2003)

<sup>156</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppdrag.php3?ID=7496> (“Gjennombruddet” 19.05.2005)

meinar redaktøren. ”...i USA gir de rike, i Norge er rikingene ofte gniere.”<sup>157</sup> Som så ofte elles slenger Sæle ut påstandar utan å ha dekning i noko anna enn i sine egne spekulasjonar.

### 3.2.5: Skepsis til homofili

Når det gjeld kristne moralsaker, er homofili ein av dei mest debatterte. Heller ikkje for *Norge IDAG* er dette noko unntak, og spørsmåla og problemstillingane er mange innanfor debatten. Avisa er fundamental motstandar av svært mange rettar som dei homofile krev, mellom anna likestilling mellom partnerskap og ekteskap, retten til å gifte seg, til å adoptere born og til å halde vigsla stillingar. Redaktør Finn Jarle Sæle vart også tildelt den lite ettertrakta ”homofobi-prisen” medan han framleis var i *Dagen*.<sup>158</sup> Sæle presenterar klare og bastante svar på dei fleste spørsmål også under dette emnet, og trekkjer nok ein gong inn FrP, og spesielt Hagen, som den fremste talsmennene for hans eige syn, medan han er noko meir avmålt når det gjeld KrF.

Det viktigaste standpunktet for Sæle i homofili-debatten er kampen for å halde på ekteskapslova. Det vil seie lova som seier at eit ekteskap skal vere mellom to menneske av ulikt kjønn. Redaktøren gjev også uttrykk for at han fryktar at kampen for denne lova allereie er tapt, og åtvarar som vanleg mot at utan ein fleirtalsallianse i Stortinget, kan ikkje denne lova bergast. Kanskje vil den forsvinne for alltid.<sup>159</sup> Han kallar også år 2005 for eit skjebnear, då alle lovene som gjekk på abort, ekteskap og familie fall, og parti etter parti gjekk inn for homofil adopsjon og homofile ekteskap.<sup>160</sup> Også her ser Sæle fiendar overalt, og ein av hovudfiendane er som vanleg norsk media, som han hevdar vert styrt av den politiske venstresida i Noreg. Redaktøren meiner at desse avisene stort sett er opptekne av mellom anna homofili, om noko positiv skal seiast, og mellom anna bibeltru kristne når noko negativt skal seiast. Sæle trøstar seg likevel med at i direktesendte debattar i NRK- Standpunkt og TV2- Holmgang vinn sakene som han brenn for gong på gong avstemningane på skjermen med 90 prosent mot 10 prosent.<sup>161</sup> Dette kan vere ein del av det han byggjer på når det gjeld tiltrua til grasrota i landet. Han meiner også at media starta ei heksejakt på dei som ”fronta det kristne syn på homofilisaka”, mellom andre Carl I. Hagen og Valgerd

---

<sup>157</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=1471> (“Skattelette for gaver” 06.09.2001)

<sup>158</sup> *Dagen* 19. mars 1999: side 3 (papirutgåve)

<sup>159</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=12608> (“Slem eller snill med Inger Lise Hansen” 04.05.2007)

<sup>160</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=7496> (“Gjennombruddet” 19.05.2005)

<sup>161</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=7496> (“Gjennombruddet” 19.05.2005)

Svarstad Haugland.<sup>162</sup> Sæle meiner også at fleire politiske parti mista mange av sine veljarar på å gå i mot kristne verdispørsmål, som for eksempel homofili. Dette gjeld spesielt Senterpartiet som i følgje redaktøren øydela oppslutninga si med sin ”*kulturradikale homofili-offensiv*”<sup>163</sup>, men og Venstre.<sup>164</sup> Poengteringa av dei andre partia sitt fråfall i saka er kanskje ei åtvaring til KrF om ikkje å gjere den same feilen, samstundes som det å nemne Hagen og Haugland i same andedrag understrekar viktigheita av samarbeid.

Når det gjeld KrF har Sæle klare fiendebilete av nokre av leiarane i denne saka, medan andre får skryt. Den nye unge nestleiareren Inger Lise Hansen er mellom dei som får mest kritikk for sitt standpunkt. Ho har, som før nemnd, uttala at ho vil verte kvitt mørkemannsstempelet som partiet har fått på seg, noko som for Sæle verkar som ein trussel mot bibelen sitt standpunkt mot homofili.<sup>165</sup> Ein opplagt helteskikkelse er Dagfinn Høybråten, som redaktøren openbart har sansen for. Nokre krefter i partiet hevdar, i følgje Sæle, at partileiaren snakka for mykje mot kjønnsnøytrale ekteskap og homofili under stortingsvalet i 2005, noko som gjorde at partiet tapte valet. Redaktøren motsetter seg sjølv sagt ei slik forklaring, og trur at partiet ville sett 5 % ved dette valet, om det ikkje hadde vore for Høybråten sin klare tale.<sup>166</sup> Partileiaren sin status i *Norge IDAG* vert ikkje mindre av at Martin Kolberg, i følgje Sæle, avviser samarbeid mellom KrF og Ap mellom anna på grunn av KrF sitt syn på homofile ekteskap, og at tidlegare LO-leiar Gerd Liv Valla, følgje Sæle, stempla Høybråten som mørkemann.<sup>167</sup> Ein anna, kanskje meir overraskande, helt i denne samanhengen er tidlegare KrF-leiar Valgerd Svarstad Haugland. Ho hadde, i følgje Sæle, kjempa for det kristne familiesynet, mot partnerskapslova og homofil adopsjon.<sup>168</sup> I alle fall var dette status i ein artikkel frå 2002. Sæle har rett nok vore meir negativ til den tidlegare partileiaren ved seinare høve, i alle fall på andre områder. Homofili har også generelt vore ei høgt prioritert kristen moralsak, fordi mange tolkar bibelen i den retninga at å leve som homofil er å leve i synd. Likevel har KrF hatt lite konkret i for eksempel partiprogramma sine som stigmatiserar homofile, bortsett frå motstanden mot adopsjon av born som kom på dagsorden i 1993.<sup>169</sup>

---

<sup>162</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=3916> (“Hvorfor er det så tøft å være kristen partileder 23.11.2003)

<sup>163</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=1830> (“Kan Valgerd få landets største parti” 19.04.2002)

<sup>164</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=2160> (“Hvordan kan KrF doble oppslutninga?” 17.10.2002)

<sup>165</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=8416> (“Hva vil KrF svare BA?” 30.09.2005)

<sup>166</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=8346> (“Valgforklaringene–Er det bortforklaringer?” 20.09.2005)

<sup>167</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=11830> (“Da Gerd Liv Valla fortalte sannheten til 10 fylkesledere i KrF” 12.01.2007)

<sup>168</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=1947> (“Jordskjelvgallupen – Hva betyr den?” 05.08.2002)

<sup>169</sup> KrF 1993: side 31

KrF når FrP berre til knea når det gjeld ros i *Norge IDAG* også i denne saka, og spesielt gjeld dette Carl I. Hagen. Grunnen til dette, som så ofte elles, er at FrP talar eit heilt tydeleg språk når det gjeld homofili. Hagen har for eksempel understreka at ekteskapet var ”*det normale*”, ”uten at det på noen måte diskriminerer de homofile”, meinte Sæle. Hagen slo under ein debatt også fast at definisjonen av ekteskapet føresett ein mann og ei kvinne. ”*Det er ingen grunn til å endre den kristne definisjonen av ekteskapet som vi har bygget på i 1000 år. Det er sannheten. Kampen står om selve det kristne ekteskapsbegrep*”, meiner Sæle. I same debatten gjorde Hagen eit poeng ut av at venstresida vil kjønnskvote alt, bortsett frå i ekteskapet der det ikkje skal vere to kjønns, eit skarpt poeng meiner redaktøren, og erklærer også at Hagen er den sterkaste debattanten på borgarleg side i denne saka.<sup>170</sup> Løysinga på alle problema også på dette området er som oftast ein allianse mellom dei to partia. Likevel har heller ikkje har FrP kome med så mykje konkret i partiprogrammet sitt om dette temaet, men har ein mykje skarpare tone i debattane, og vert ofte framheva positivt i *Norge IDAG* for sin klare tale på området.

### **3.2.6: Kampen for kristendomsundervisning og kristne privatskular**

Omsut for den kristne trua i undervisningssamanheng, har lenge vore ei god sak for mange kristne. *Norge IDAG* er i denne samanhengen heller ikkje noko unntak, sjølv om ikkje denne saka heilt kjem opp mot abortsaka og Israel i avisa. Til gjengjeld er Sæle spesielt oppteken av heimeundervisning, som han tydelegvis meiner er eit val alle kan gjere. Igjen peikar han til USA, der dette er lovleg i alle statar. Under dette punktet vert det ikkje fokusert så mykje på forskjellane mellom KrF og FrP i *Norge IDAG*, fordi partia tydelegvis er på linje her, både når det gjeld viktigheita av eit kristendomsfag og retten til å etablere kristne friskular. Men likevel vert det poengtert av FrP er i ferd med å stele ei gammal KrF-sak, nemleg at det skal vere 100 % likestilling mellom friskulane og dei offentlege skulane, og i følgje *Norge IDAG* er FrP av den folkelege oppfatninga av born ikkje har vondt av absoluttar: Skal det vere kristendomsfag, så skal det vere kristendomsfag.<sup>171</sup> Noko som vert høgt prioritert er å kunngjere at ein taper kampen om kristne friskular og kristendomsundervisninga om ein ikkje får til eit samarbeid mellom dei to partia. Det meste av plassen vert likevel brukt til å åtvara mot kva som vil skje om ein ikkje etablerar eit slikt samarbeid.

---

<sup>170</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=8460> (”Den store debatten om ekteskapet” 08.10.2005)

<sup>171</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=1947> (”Jordskjelvgallupen – Hva betyr den?” 05.08.2002)

Vernet om kristendomsundervisninga har lange røter også innanfor KrF, som har hatt det på programmet sidan 1936,<sup>172</sup> men også FrP hadde dette med relativt tidleg etter skipinga, då dei i 1981 gjekk inn for at det ikkje skulle undervisast i andre religionar enn i den protestantisk lutherske i norske skular.<sup>173</sup> Redaktøren er likevel ikkje heilt nøgd: *”Et kristent parti trenger vi for å kjempe for friskolene. De er skolens fornyelsesmulighet – og mange kristne sin mulighet til å undervise sine barn om Jesus, når KRL-faget nå skal fullstendig tømmes for det kristne sannhetsinnhold. For det er det som vil skje når man skal utarbeide et nytt KRL-fag som ikke gjør noen forskjell på kristendommen, buddhismen og islam. Ingen religioner vil være interessert i et religionsfag som relativiserer sannheten totalt. Vi må tilbake til det gamle kristendomsfaget.”*<sup>174</sup>, oppfordra Sæle i ein artikkel som omhandla FrP si overtaking av den kristne bastionen Karmøy før lokalvalet i 2007. Han vil rett nok at barn av foreldre med andre livssyn skal ha eiga religionsundervisning i skulen, men synst tydelegvis at det berre er kristendommen som har *”sannhetsinnhold”*. I same artikkelen oppfordra redaktøren også KrF til å vere eit parti for dei kristne sakene, og at dei ikkje lenger skulle vere redde for å verte kalla mørkemenn av sine fiendar. Han siterar også VG på at om KrF ikkje lenger tok sjanse på verte kalla mørkemenn, kva var då vitsen med partiet?

Redaktøren meiner også at borna, gjennom reforma av KRL-faget, har vorte frårana Jesus og barnetrua som skulle gjere dei trygge, nestekjærleiken, og dei ti bod, som skulle gjere dei livsdugelege. Skulda for dette legg han på Trond Giske som etterlet seg den siste reforma i departementet. Det altfor omfangsrrike pensumet kravde at ein måtte skjere ned innanfor kristendom og religion. *”Men dette behovet for å redusere stoffmengden er blitt brukt til å årelate kristendomsfaget igjen. I gamle dager trodde man at årelating var medisin. Senere innsikt har gjort det klart at årelating førte til mange pasienters altfor tidlige død.”*<sup>175</sup> Dette sitatet er frå januar 2002, eit halvt år inne i Bondevik II-regjeringa si levetid, noko som gjorde at det knytte seg store forventningar til den nye regjeringa sitt arbeid på dette området. I følgje Sæle hadde statssekretæren i utdanningsdepartementet uttala at kristendomsfaget var like viktig som gangetabellen i matematikk, men spenninga knytte seg mest til kva den nye utdanningsministeren frå Høgre, Kristin Clemet, ville gjere på området.<sup>176</sup>

---

<sup>172</sup> KrF 1936: side 1

<sup>173</sup> FrP 1981: side 5

<sup>174</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=13197> (“Hva skjer på Karmøy?” 28.08.2007)

<sup>175</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=1692> (“Kan den kristne skolen reddes” 29.01.2002)

<sup>176</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=1692> (“Kan den kristne skolen reddes” 29.01.2002)

Eit område som Sæle tydelegvis meinte at det, med rette, var mest grunn til håp om i samband med regjeringsskiftet, var ei endring i friskulelova. Dette etter at Høgre og FrP gjekk inn for denne endringa som, i følgje redaktøren, var til forveksling lik det som var utgangspunktet for KrF sin gamle friskulekamp. Spørsmålet var berre om KrF sa ”ja takk”.<sup>177</sup> Ein anna viktig strategi for å ta vare på landet si kristne verdiforankring i undervisninga er utdanninga av hundrevis av lærarar ved NLA og nye kristne lærarhøgskular,<sup>178</sup> meiner redaktøren. Også i denne saka ser Sæle mange fiendar, og spesielt vert det sikta til sosialistisk samfunnstyring som motarbeidar både friskulane og kristendomsundervisninga. I tillegg kjem dei som kallar friskulane for ”ekstremistskoler” fordi skulestyrarane trur på Skaparen i staden for utviklingslæra.<sup>179</sup>

### 3.2.7: Motstand mot muslimsk fundamentalisme

Nokre kristne ser på muslimar som ein trussel mot både vår vestlege kultur gjennom stor innvandring hit til landet, og mot Israel gjennom at palestinarane er tilstade i Midtausten. Det kjem også ein god del innvandringsfiendtlige lesarinnlegg på trykk i *Norge IDAG*, mellom anna frå tilhengjarar og medlemmar av det innvandringsfiendtlige politiske partiet Demokratane, men Finn Jarle Sæle sjølv tek sjeldan sterke uttalingar om sjølve innvandringa i sinn munn. Derimot kritiserar han i, til tider, sterke ordelag muslimar og islam. Denne kritikken har ofte samband med konflikta i Israel, og dei samanstøyta jødane har hatt med dei palestinske muslimane der. Dette punktet er derfor knytt til det punktet i dette kapitlet som handlar om Israel-Palestina-konflikta, og delvis knytt til punktet som omhandlar haldninga til USA og det amerikanske samfunnet, på grunn av amerikanarane sitt engasjement i Midtausten. Det er ofte på grunn av denne konflikta at Carl I. Hagen også har kome med verbale utfall mot muslimane, noko som har gjort at Sæle berre har trykt den tidlegare FrP-leiaren hardare til sitt bryst. *Norge IDAG* har ofte stilt seg bak desse utfalla, mellom anna den omtalte talen i *Levende Ord*,<sup>180</sup> men støtta også *Magazinet* som trykte Muhammed-teikningar under karikatur-striden.<sup>181</sup> Stort sett ser det ut til at redaktøren støttar dei fleste som uttalar seg kritisk til islam, om det er Carl I. Hagen eller Pave Benedict, men er som oftast raskt ute med å påpeike at det ikkje er religionen han kritiserar, men fundamentalismen.

---

<sup>177</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=1692> (“Kan den kristne skolen reddes” 29.01.2002)

<sup>178</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=1692> (“Kan den kristne skolen reddes” 29.01.2002)

<sup>179</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=8435> (“Våre skattepenger. Bare for medievenstre?” 05.10.2005)

<sup>180</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=5455> (“En seier for Israels venner” 03.08.2004)

<sup>181</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=11074> (“Paven og muslimene” 27.09.2006)



I følge *Norge IDAG* var FrP-veljarar i vekkingmiljø i samband med lokalvalet, mest opptekne av Israel og innvandring.<sup>182</sup> Det stod ikkje noko i artikkelen om kva slags innvandring det denne gongen var snakk om, men det er vel nærliggande å tru at det var den muslimske innvandringa som mest opptok kristne veljarar, då dette kan sjåast på som potensielt konkurrerande kulturell åtferd, spesielt innanfor religion. Likevel er det ikkje sjølve innvandringa Sæle er mest oppteken av, han fokuserar mest på dei muslimane som bur i Midtausten, og som ”lagar uro” i Israel. Han angrip også mange av dei kulturelle kjennemerka som han meiner at islam er berar av, som for eksempel deira intoleranse i forhold til andre religionar, totalitære system, kvinneundertrykking, den heilage krigføringa Jihad, dei muslimske lovene Sharia, terrorisme og fanatisme.

Spesielt er intoleransen innanfor religionen eit sentralt omgrep her, og vert brukt som argument i mange artiklar i forskjellige variantar. *”Toleransen fins der det fins kristne verdier i verden i dag. I land uten kristne verdier, mangler stort sett toleransen. Eller kan noen som er uenig, gi oss mange eksempler på toleranse, menneskeretter og full ytringsfrihet i land som ikke har blitt kristne?”*<sup>183</sup> Dette sitatet er ganske talande for kva haldningar Sæle har til islam, og det kan verke som om han meiner at berre kristne kan vere tolerante. Pave Benedict 16. sin tale i Regensburg i 2006 kan brukast som eksempel på denne intoleransen. Her siterte paven ein bysantinsk keisar frå 1300-talet som hadde sagt *”Vis meg hva Muhammed har bragt av nytt, og der vil du finne ting som bare er onde og umenneskelige”*. Denne fråsegnen skapte sterke reaksjonar i den muslimske verda, sjølv om Sæle framstilte dette som nærmast ein bagatell: *”Dermed var den islamske verden i kok igjen. Det ble ikke fullt så hett som da det ble laget noen historiske tegninger av Muhammed til en barnebok i Danmark. Man brente ambassader og svidde av kirker- og drepte ned folk rundt om i verden - for å demonstrere at islam ikke er en voldelig religion! For det var vold disse tegningene advarte mot.”*<sup>184</sup> Sæle var mellom dei som trua med å trykkje desse karikaturteikningane i si eiga avis, og kritiserte også dei som ville unnskylde seg overfor muslimane: *”Så sa man unnskyld i en seremoni utenfor Regjeringsbygget, som bare Frp kritiserte av de politiske partiene. Det var ingen intellektuell handling. Men den var godt ment. For fredens skyld. Norske forfattere var med rette bekymret for ytringsfrihetens skjebne.”*<sup>185</sup> Forsvaret av Carl I. Hagen sin tale i Levende Ord som er nemnd i innleiinga er eit anna godt eksempel på Sæle

---

<sup>182</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=13197> (“Hva skjer på Karmøy?” 28.08.2007)

<sup>183</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=11969> (“Debatten om kristen oppseding 01.02.2007)

<sup>184</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=11074> (“Paven og muslimene” 27.09.2006)

<sup>185</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=11074> (“Paven og muslimene” 27.09.2006)

sine haldningar til islam. Det kan verke som at hovudargumentet til å forsvare talen var at Hagen må ha lov å diskutere religion: *”Hagen har overhodet ikke hetset muslimer eller religionen. Det vil og politiet finne ut som har fått den tøvete anmeldelsen om blasfemi. Vi spiser skoene våre om resultatet blir et annet. Et liberalt islam må tåle at man diskuterer profeten Muhammed, akkurat som man diskuterer andre religionsstiftere. Vi håper de fins eller kan dannes et slikt liberalt islam.”*<sup>186</sup> Sæle er tydelegvis av den oppfatninga at muslimske fundamentalistar må verte meir liberale, samstundes som han sjølv meiner kristne skal vere konservative.

Den viktigaste grunnen til at Sæle er så kritisk overfor muslimane, er likevel Israel. *”Årsaken til Midtøsten-konflikten er at det politiske islam ser Israel som en teologisk vranglære på muslimsk jord. Det er blasfemi mot Allah- og pålegger de troende jihad, hellig krig, inntil området igjen er under muslimsk lov, sharia”*, i følgje Sæle. I ein artikkel frå 2007 uttalte han at jødane sine motstandarar tilhørte *”islamo-fascismen”*.<sup>187</sup> I artikkelen om pave Benedict skreiv han det same, og innlemma også Iran i dette selskapet, og som ein del av vondskapens akse. Han poengterte også igjen at Israel var demokratiet, medan motstandarane var totalitære.<sup>188</sup> Demokrati er eit av trumfkorta som Sæle ofte spelar mot Israel sine motstandarar, og spesielt muslimar. Redaktøren seier mellom anna: *”Bare en økonomisk utvikling og demokratiske styresett i de islamske land, kan hindre at denne trykkokeren eksploderer, og drar verden under i en katastrofe. Muslimer flest ønsker fred og velferd som alle andre. De er på framskrittets side- om de får tale fritt uten en kniv i ryggen. Det gjelder ikke minst kvinnene, som utgjør halvparten av muslimene.”*<sup>189</sup> Her er redaktøren på linje med Carl I. Hagen som i følgje *Norge IDAG* har sagt: *”vår støtte og våre penger må gå til demokratiet og demokratiske prosesser for full politisk og religiøs frihet, og en opphevelse av den massive kvinneundertrykkelsen i hvert arabisk land og andre forhold som gjør at muslimer og kristne søker asyl i Norge.”*<sup>190</sup>

Eit anna sentralt omgrep i Sæle sin kritikk av islam, er jihadismen: *”det at islam til tider (akkurat som den katolske kirke i sin mørkeste tid) har villet erobre verden med sverd”*. Sæle

---

<sup>186</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=5366> (“Hva sa Carl I. Hagen- og hva er sannheten?” 15.07.2004)

<sup>187</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=12342> (“Fremgang for bade KrF og FrP – Kan Kain og Abel bli venner?” 21.03.2007)

<sup>188</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=11074> (“Paven og muslimene” 27.09.2006)

<sup>189</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=11074> (“Paven og muslimene” 27.09.2006)

<sup>190</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=5366> (2004)



passar også på å sitere ein tidlegare muslim og lærar ved Al-Azhar-universitetet, Marc Gabriel, som har vorte omvendt til kristendommen. Han kan fortelje at *"læren om å beherske verden med sverd ligger innbakt i selve Koranen og i hadith, den muslimske tradisjonen,"*<sup>191</sup> Sjølv seier Sæle: *"De slemme er jo islamismen, eller den islamske fundamentalismen (for å bruke venstresidens eget språk) som gjør at det i alle arabiske land er såkalte anti-konverteringslover. Disse lover truer med dødsstraff for alle muslimer som blir kristne,"*<sup>192</sup> i ein artikkel der han ville tilbakevise Kristin Halvorsen sine påstandar om at Carl I. Hagen hadde vore for *"slem"* med muslimane til å kunne verte stortingspresident, i ei sak frå 2004. Redaktøren meiner også at sjølv vanlege muslimar flyktar frå fanatkarane i islam, og søker asyl i Noreg fordi livet deira er i fare.<sup>193</sup> Han er også på linje med Hagen når det gjeld Jassir Arafat: *"Hagen tok også debatten om Jassir Arafats og islamske lands bruk av barn i krig. Det var på høy tid at en partileder gjorde det. Vi kan sende videodokumentasjon fra palestina-arabisk TV, som viser hvordan Jassir Arafat systematisk lærer barn opp til å hate og drepe jøder. Vi kan framlegge dokumentasjon på hvordan Arafat betaler barnefamilier store summer for å få bruke deres barn som selvmordsbombere."*<sup>194</sup>

Som i dei fleste andre saker ser Sæle fiendar mot si sak i den norske pressa og i mange av dei politiske partia, spesielt på venstresida. Han skuldar nemleg venstresida for å nekte andre å diskutere totalitære system. Før var det kommunistiske diktatur ein ikkje skulle diskutere, no er det islam, meiner redaktøren.<sup>195</sup> Noko av det same seiast om *Bergensavisen, Dagbladet* og andre, som, i følgje Sæle, skjeller ut dei som presenterar kunnskap om islam som religiøse svermarar. Han hevdar at også desse nekta kunnskapen om Sovjetunionen og Kina sine totalitære manglar å nå fram til massane.<sup>196</sup>

## Oppsummering

Finn Jarle Sæle ser ut til å vere svært emosjonelt engasjert i alle dei seks fundamentsakene, men kanskje spesielt når det gjeld Israel og abort. Om noko skulle ta til ordet mot hans oppfatning av ein av desse sakene, vert dette nærmast sett på som eit personleg angrep. På grunn av at meiningane hans ligg eit stykke utanfor norma for ein gjennomsnittsnordmann på

---

<sup>191</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=11074> ("Paven og muslimene" 27.09.2006)

<sup>192</sup> <http://idag.no/ledere-oppslag.php3?ID=5556> ("Hvem skal velge Stortingspresident?" 24.08.2004)

<sup>193</sup> <http://idag.no/ledere-oppslag.php3?ID=5556> ("Hvem skal velge Stortingspresident?" 24.08.2004)

<sup>194</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=5366> ("Hva sa Carl I. Hagen- og hva er sannheten?" 15.07.2004)

<sup>195</sup> <http://idag.no/ledere-oppslag.php3?ID=5556> ("Hvem skal velge Stortingspresident?" 24.08.2004)

<sup>196</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=5366> ("Hva sa Carl I. Hagen- og hva er sannheten?" 15.07.2004)

dei fleste av områda, kjem angrepa frå ein rekkje kantar, sjølv om dei ikkje rettar seg direkte mot han. Ein av dei som jobbar mest aktiv mot hans verdiar er den, i følgje han, venstrevridne pressa, og spesielt tabloidavisene i Akersgata. Elles ser han også svært mange fiendar på Stortinget, dei fleste i rekkene til partia på venstresida, men også i det han har kalla ”sentrumvenstre-fløya” i KrF. ”Vennane” hans ser i hovudsak ut til å vere avgrensa til nokre i FrP og KrF si stortingsgruppe, ”bibeltru” prestar og nokre andre kristne aktivistar som delar hans syn. Han har med andre ord ein stor jobb framfor seg om han skal samle ein fleirtalskoalisjon rundt saker han synst er viktige.

I abortsaka legg han seg på ei kompromisslaus linje som ikkje vil tillate abort, eller ”fosterdrap” som han kallar det, uansett situasjon. Kompromissløyse er også stikkordet for haldninga til politikken i Midtausten-konflikta og forholdet til USA. Desse er sambundne på fleire måtar, gjennom USA si støtte til Israel, og gjennom deira krigføring mot dei arabiske nabolanda til jødane. Eit anna tema som er bunde opp mot dette er forholdet muslimsk kultur og muslimsk innvandring. Her er redaktøren framleis skeptisk, men ikkje fullt så avvisande som i dei føregåande tema. Under dette temaet slår Sæle også eit slag for pressefridomen, i alle fall når det gjaldt trykkinga av muhammed-karikaturane, som redaktøren meinte avisene hadde rett til å trykke. Det same gjeld for synet på homofile, sjølv om han rett nok er svært kritisk og fordomsfull, påstår han at han ikkje vil diskriminere dei . Når det gjeld kristne privatskular og kristendomsundervisning er desse i følgje Sæle livsviktige for å halde på den kristne kulturen, og han fryktar at dette er i ferd med å gå tapt. Her er det visse likskapstrekk med homofilisaka, der ekteskapslova er i same faren. Saka er i ferd med å gå tapt. Redaktøren ser nok med skrekk tilbake på den gongen då abortsaka og fråhaldssaka ”gjekk tapt”, og vil forhindre at desse går same vegen.

## 4. Alliansebygging i Norge IDAG

I starten av avisa *Norge IDAG* si levetid var korkje FrP eller kristne alliansar i politikken mykje omtala. I ein artikkel frå 2000 skreiv Finn Jarle Sæle rett nok at FrP hadde mykje klar ideologisk tenking. Men dette var innbakt i ein kritikk av at partiet hadde sagt ja til patent på fostervev.<sup>197</sup> Dette var også ein av få nettartiklar dette året der FrP var nemnd i samband med kristne hjertesaker. Allereie året etter, i 2001, var det ein klar auke i talet på desse artiklane. Då vart det også for første gong reist kritikk mot KrF for å ha støytt frå seg FrP, noko som førte til at kristne veljarar fekk igjennom færre av sine kjernesaker.<sup>198</sup> Stadig fleire artiklar dukkar også opp med støtte til FrP som hadde ”rett svar” i mange saker som avisa såg på som viktige. Ein må likevel vente til 2002 før ein finn ein artikkel som nemner ein allianse om viktige saker, denne gongen var det rett nok berre snakk om ein ”Midtøsten-allianse” mellom dei to partia.<sup>199</sup> På ei anna side byrja Sæle, som var forfattar av dei fleste artiklane som omfatta FrP, dette året å snakke om fleirtalsregjeringar med FrP som deltakar.

Ein politisk allianse mellom dei to partia vart det ikkje skrive om før i 2003: *”Framtidens politiske allianse er trolig mellom de to partiene som står hverandre nærmest i flest av kristenfolkets hjertesaker: KrF og Frp. Det bør kunne bli en sikker flertallskoalisjon sammen med Høyre, som kan gi landet stabil parlamentarisme og utvikling.”*<sup>200</sup> Redaktøren har tydelegvis på dette tidspunktet allereie fått svært høge tankar om FrP, som redningsparti for kristenfolket sine hjertesaker og ein stabil regjeringssamarbeidspartner. Frå og med 2003 hadde Sæle for alvor fått vatn på mølla når det gjaldt å redde kristne hjertesaker gjennom fleirtalsalliansar, og produserte frå då av ein jamn straum med leiarartiklar som oppfordra til eit slikt samarbeid. Redaktøren stiller seg stort sett fullstendig uforståande til at ein allianse ikkje allereie har materialisert seg. I følge Sæle er partia samde på dei mest vesentlege punkta i veldig mange viktige saker. Han har derfor trykt mange saker i avisa som argumenterar sterkt for ein allianse mellom dei, medan det er stor mangel på saker som sår tvil om ein framtidig allianse. Det næraste ein kjem skepsis til allianseplanane er artiklane som prøvar å forklare den ”uforståelege” uforsonlege haldninga KrF har teke til FrP og samarbeid. Artiklane i avisa prøvar også å finne ut kven som er skuld i at denne alliansen ikkje er eit faktum enno. Desse

---

<sup>197</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppdrag.php3?ID=356> (“En katastrofal landsmøtehelg” 19.05.2000)

<sup>198</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppdrag.php3?ID=1512> (“Frp overtar Sps rolle blant kristenvelgerne” 25.09.2001)

<sup>199</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppdrag.php3?ID=2164> (“Hva nå KrF?” 18.10.2002)

<sup>200</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppdrag.php3?ID=3678> (“Fremtidens politiske allianse?” 04.10.2003)

kan vere partimedlemmar eller grupper innanfor KrF, eller personar utanfor partiet, men sjeldan personar frå FrP, som nærmast har ei grenselaus vilje til å samarbeide, skal ein tru avisa.

Det kan verke som redaktøren dei siste åra har vorte meir og meir sikker på at denne alliansen er det einaste som kan redde sakene han brenn for. Desse siste fire åra har også Sæle vore konsekvent i sine haldningar til dei ulike sakene. Det kan derfor verke som om redaktøren, etter nokre års famling, fekk sementert korleis avisa skulle forhalde seg til dei ulike sakene og det politiske samarbeidsklimaet. Etersom at haldningane er såpass konstante frå dette punktet, er det heller ikkje noko stort poeng i å skilje dei forskjellige årgangane av avisa frå kvarandre. Det vert med andre ord meir formålsteneleg å dele dei inn i områder og saker, enn å fremje kronologien, akkurat som i hovuddelen i kapitel 3, men i motsetnad til kapitel 2.

Hovudmålet med dette kapitelet er å kartleggje kva planar Sæle har for ein framtidig allianse, og kva saker, personar og grupper han meiner verkar positivt inn på allianseplanane hans, og kva som stend i vegen for dei. Oversikta over planane hans omfattar for eksempel kva parti skal delta i den, kva maktinstans skal den innta. I tillegg kjem sjølve maktovertakinga, korleis og når har han planlagt at denne skal finne stad.

## **4.1: Kva talar for ein allianse?**

### **4.1.1: Allianse og fundamentsakene**

Hovudgrunnen til alliansetankane til Sæle er sjølvstapt at dei skal vere ei redningsbøye for forskjellige kristne saker, og spesielt hans eigne seks fundamentsaker, som i følgje han er i ferd med å gå tapt, kanskje for alltid. Desse sakene trur han at dei to partia kan einast om, og som vanleg er utanrikspolitikk eit sentralt tema, med Israel i sentrum. Sæle brukar Israels Venner på Stortinget til å prove at det er samarbeidsmogelegheiter mellom KrF og FrP i utanrikspolitikken: *”Et overbevisende tegn på at KrF og Frp er de naturlige samarbeidspartnere for tradisjonelle verdier og sunn fornuft, er sammensetningen av Israels Venner på Stortinget.”* Denne gruppa der eit fleirtal av stortingsrepresentantane var med så seint som i 1974, har no berre 28 medlemmar, der 17 er frå FrP, 10 frå KrF, og ein frå

Høgre.<sup>201</sup> Sæle brukte altså dette eksempelet som eit prov på at KrF og FrP kunne semjast om denne saka.

Eit av *Norge IDAG* sine eksempler på at dei to partia stod saman, i alle fall på nokre punkt, i Midtausten-konflikta var under Israel si krigføring i Libanon i 2006: ”*Partiformann Dagfinn Høybråten taler sterkt saken til de 90 000 som søker krigserstatning i Nord-Israel, der en million mennesker levde i bomberom under den månedlange krigen. Det ser i skrivende stund ut som om det er fra Frp hjelpen kommer. Mer og mer ser vi denne faktiske alliansen i norsk politikk i viktige verdispørsmål.*”<sup>202</sup> At KrF støttar jødane si sak er ikkje noko nytt, men her trekkjer Sæle den konklusjonen at sidan dei to partia er samde i akkurat denne svært avgrensa delen av konflikten, så ser vi ein allianse mellom partia i dette ”verdispørsmålet”. Men sannsynlegvis overvurderar Sæle viktigheita denne konflikten har for KrF. Det er og lite sannsynleg at det vert danna ein politisk allianse rundt denne saka, som Sæle foreslo allereie i 2002.

I følgje Sæle er det avgjerande at KrF har nokon å støtte seg til i dette som han kallar eit ”verdispørsmål”: ”*Men KrF har store gevinster på å stå sammen med Carl I. Hagen i synet på Israel. Uten store brede allianser kan ikke KrF make å stå fast i Israel-spørsmålet.*”<sup>203</sup> Eit av Sæle sine høgste ønsker er at Carl I. Hagen, som nemnd før, får utanriksministerstolen. Dette på grunn av at han, i følgje Sæle, ikkje hatar USA og har eit ”krystallklart demokratikriterium” for sin utanrikspolitikk. Dette er svært viktig for kristne i Noreg, i følgje Sæle, og spesielt for vekkelsesfolket.<sup>204</sup> Med dette sitatet trekkjer Sæle også inn ei anna av fundamentsakene som vert dekkja av denne ønskta alliansen, nemleg eit nærare vennskap med USA. Denne saka får ikkje vanlegvis så mykje plass i argumenteringa for alliansar i *Norge IDAG*, men om Hagen vert utanriksminister kjem også dette til å ordne seg, om ein skal tru redaktøren.

Konflikten i Midtausten inneheld også eit anna utanrikspolitisk aspekt som er sentralt i *Norge IDAG*, nemleg kampen mot muslimske fundamentalistar som KrF, i følgje Sæle, treng hjelp frå andre parti til å halde i hevd: ”*11. september er et resultat av at en delvis «forstod» og*

---

<sup>201</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=12342> (“Fremgang for bade KrF og FrP – Kan Kain og Abel bli venner?” 21.03.2007)

<sup>202</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=10980> (“Israelske ofre må ikkje glemmes” 13.09.2006)

<sup>203</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=4317> (“KrF og Israel” 29.01.2004)

<sup>204</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=1947> (“Jordskjelvgallupen – Hva betyr den?” 05.08.2002)

*delvis gav penger til Arafats terror. Det er dokumentert at han betalte terrorister og selvmordsbombere. Det er KrFs oppgave å peke på dette. Fordelen nå er at de kan regne med full støtte i denne saken fra et stadig større Fremskrittsparti. Man må slutte å beklage det som er en meget gunstig situasjon for kristen politikk - i en ny tid.*"<sup>205</sup> Redaktøren brukar har store ord for understreke viktigheita av eit samarbeid. Han meiner KrF sine samarbeidsmogelegheiter med FrP er ein veldig gunstig situasjon for kristen politikk, og legg i tillegg til at det er snakk om ei ny tid, altså ei forandring frå tidlegare. Han gjev også Arafat og PLO skulda for 11.september, over eit år etter terrorangrepa skjedde, og lenge etter at resten av verda hadde akseptert at dette var Bin Laden sitt verk. Dette aspektet ved Midtausten-konflikta dreg også ei ny fundamentalsak inn i den tenkte alliansen, nemleg motstanden mot muslimsk fundamentalisme.

Men sjølv Sæle er samd i at ein fleirtalsallianse ikkje kan dannast mellom berre KrF og FrP, slik den politiske situasjonen er i dag. Ein må også ha med Høgre om ein vil ha fleirtal, og i følge Sæle, har Høgre mange gode utanrikspolitikarar som passar bra til Midtausten-alliansen mellom KrF og FrP. Han meiner også at dei er det einaste alternativet sidan ei Israel-fiendleg linje dominerar i dei fleste andre parti.<sup>206</sup> Likevel er det ikkje så ofte han snakkar om Høgre, sjølv om dei er heilt nødvendige om ein skal kunne håpe på fleirtal i Stortinget for alliansen.

Den saka, ved sida av Israel-spørsmålet, som oftast vert brukt for å rettferdiggjere Sæle sin kamp for alliansar, er skulepolitikken. Desse to vert faktisk ofte nemnd i lag sjølv om det ikkje er noko openbar samanheng mellom dei: *"Spesielt partiets syn på Israel, friskolene og familiepolitikken gjør det naturlig å søke samarbeid på disse sakene med et stort parti som har flere arbeidervelgere enn Arbeiderpartiet i dag har (materialet er referert i boken om Frp-koden).*"<sup>207</sup> Når det gjeld skulepolitikken brukar Sæle eit nytt tungtvegande argument for allianse; trugmålet om avkristning: *"Kristenfolket i Norge må bygge en bred verdiallianse, om ikke landet skal bli helt avkristnet. Logisk av dette følger at det må etableres en flertallsallianse på Stortinget. Bare det kan bevare friskolene som er kristenfolkets siste skanse (og hjemlet i FN-erklæringene).*"<sup>208</sup> Argumentet om avkristning går også hand i hand med ei åtvaring mot å la den gamle kristne tradisjonen i landet gå tapt: *"Det er ingen tvil om at det er totalt unødvendig nå å tape de kristne sakene som er arbeidet fram i Norge de siste*

<sup>205</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=2164> ("Hva nå KrF?" 18.10.2002)

<sup>206</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=2164> ("Hva nå KrF?" 18.10.2002)

<sup>207</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=13121> ("KrF-majoritet sier ja til FrP" 14.08.2007)

<sup>208</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=6101> ("Storkjeften Aarebrot" 20.11.2004)

1000 år. *Kristelig Folkeparti kan i morgen inngå en flertallsallianse med Høyre og Frp om regjeringsmakt- dersom valget blir sånn ved stortingsvalget i 2009 som flertallet av gallupene tyder på.*"<sup>209</sup> Det høyrest enkelt ut å danne samarbeidsregjering når det vert sagt på denne måten, og redaktøren forlet nærmast røynda når han hevdar at ein slik snuoperasjon kan skje i løpet av ein dag.

I skuldfordelinga til Sæle er KrF den store syndebukken, og for å underbygge denne framstillinga støttar han seg mellom anna til Linda Austnes som i 2007 starta ei underskriftskampanje mot fjerninga av bordbønn i skulen: *"Nok er nok-aksjonen som samlet 65 000 underskrifter ved et spontant utspill fra Sunnmørskvinnen Linda Austnes, kan seire. Bare KrFs alenegang kan føre til at det ikke blir en flertallsallianse - og at avkristningen vinner sine største seire til nå. Helt unødvendig.*"<sup>210</sup> Politisk støttar Sæle seg på FrP som lenge har snakka varmt om friskulane. Redaktøren har også trua på at partiet vil støtte kravet om å få kristendomsfaget og dei ti bod tilbake igjen til skulen.<sup>211</sup> Han vil faktisk gå så langt som å seie at FrP fører gammal KrF-politikk, og at KrF derfor berre kan slutte seg til: *"Det gjelder også Friskolen. Frp vil ha 100 prosent likestilling med den offentlige skolen. Det er KrFs gamle drøm i friskolespørsmålet, som nå blir servert på gullfat. Det gjelder de 10 bud i skolen. Her står Frp for en folkelig oppfatning at barna ikke har vondt av å få absolutter. Skal det være kristendom, så skal det være kristendom. Igjen en av KrFs gamle hjertesaker.*"<sup>212</sup> Dette kan tyde på at redaktøren prøvar å gjere det pinleg for KrF at dei ikkje vil samarbeide med FrP, sjølv når FrP tilsynelatande meiner det same som KrF.

Ei sak som kjem litt i skuggen av friskulane og Israel i allianseargumenteringa, er ekteskapslova, sjølv om ho er nemnd fleire stadar. Situasjonen her er at det kan verke som om Sæle meiner at KrF har gjort ein god innsats, men treng stønad frå andre parti snøggast råd: *"Saken er at KrF har bare ett år på seg til å berge ekteskapsloven. Da må de finne alliansepartnere - som forplikter seg på borgerlig side til et samarbeid alt nå. Frp er det nærmeste parti som har villet understreke at ekteskapet er «det normale»,*"<sup>213</sup> Han dramatiserar situasjonen her ved å leggje tidspress på KrF, og å vise til ei løysing som er det einaste alternativet. Men det er ikkje berre det auka talet på mandat som lokkar Sæle til å

<sup>209</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=12637> ("Hva nå KrF?" 10.05.2007)

<sup>210</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=12637> ("Hva nå KrF?" 10.05.2007)

<sup>211</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=2160> ("Hvordan kan KrF doble oppslutningen" 17.10.2002)

<sup>212</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=1947> ("Jordskjelvgallupen – Hva betyr den?" 05.08.2002)

<sup>213</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=11830> ("Da Gerd Liv Valla fortalte sannheten til 10 fylkesledere i KrF" 12.01.2007)

ville ha med FrP i samarbeidet, men det er og viktig å få med Carl I. Hagen i debatten, som er den sterkaste debattanten på borgarleg side.<sup>214</sup> I denne samanhengen átvarar redaktøren også mot allianse med Venstre, som støttar partnerskapslova, og kunngjer at det er minst like naturleg å danne allianse med FrP, som han meiner stend KrF nærast i dei fleste livssynsspørsmål.<sup>215</sup>

I tillegg til dei seks fundamentsakene som Sæle i varierende grad innlemmar i alliansen, trekk han sporadisk fram andre mindre saker som han er bekymra for i den noverande politiske situasjonen, og som kunne ha vore sikra i ein allianse. Mellom anna skreiv *Norge IDAG* i 2004 at Høybråten hadde sagt at dei to partia hadde samanfallande syn på ei rekkje punkt, etter å ha vorte samde om blasfemispørsmålet.<sup>216</sup> Det har nemleg vore ei viktig sak for redaktøren ha halde blasfemiparagrafen i den norske lovverket i live. Eit anna litt meir nedtona sak i Sæle sine samarbeidsønske er kyrkjepolitikken, der han jobbar for oppløysinga av statskyrkja: ”...statskirkeordninger hvor åndelig og verdslig makt blandes ved bispeutnevnelser, noe som KrF og Frp nylig sammen ville avskaffe i Stortinget. Takk for kampen, selv om den ikke førte fram. Men FRIHETEN seirer til slutt.”<sup>217</sup> Her kjem åndskampen inn som ein slags krig for det som er rett, der det endelege resultatet skal verte fridomen. Også på dette området meiner redaktøren at FrP er på veg inn på KrF sine gamle einemerker: ”Det gjelder religionsfriheten og nei til avsettelse av bibeltro prester. Her stiller Frp seg på den kristne liberalismens grunn, som kjempet for Frihet under hele 1800-tallet. Samtlige historiske framstillinger gjør klart at dette er KrFs opprinnelige idegrunnlag, da partiet sprang ut av Venstre som var liberalismens parti i Norge.”<sup>218</sup> Her viser Sæle tydeleg si interesse for, og opphøging av, KrF si danningshistorie, og meiner tydelegvis at partiet må vende tilbake til desse røtene, som han meiner at FrP no har teke over.

#### **4.1.2: ”Veljarane og grasrota vil ha samarbeid”**

I sin frustrasjon over at leiinga i KrF så lenge har avvist eit samarbeid med FrP, ser Sæle derfor ofte mot KrF sine trufaste veljarar for å finne stønad for sine synspunkt. Før lokalvala i 2007 publiserte derfor *Norge IDAG* ein leiarartikkel som analyserte ei undersøking gjort av TNS gallup. Denne konkluderte med at 79 % av alle KrF sine veljarar i Bergen ville ha med

---

<sup>214</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppdrag.php3?ID=8460> (“Den store debatten om ekteskapet” 08.10.2005)

<sup>215</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppdrag.php3?ID=6151> (“Kjendisprestens klare omvendingsformaning til KrF” 30.11.2004)

<sup>216</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppdrag.php3?ID=5184> (2004)

<sup>217</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppdrag.php3?ID=4294> (2004)

<sup>218</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppdrag.php3?ID=1947> (“Jordskjelvgallupen – Hva betyr den?” 05.08.2002)



FrP i byregjeringa. Dette er rett nok eit stort fleirtal, men likevel går Sæle langt i å tillegge dei resterande veljarane haldningar som passar hans eigne: *”21 prosent av velgerne sier de ikke vil stemme KrF dersom de samarbeider med Frp. Det tror vi er et forbigående standpunkt. Det fins minst like mye å tape for KrF ved ikke å danne en ikke-sosialistisk flertallsallianse - spesielt på riksplan. Da kan minst like mange velgere gå lei og stemme for et regjeringalternativ.”*<sup>219</sup> Den siste setninga her er litt uklar, men det kan tyde at Sæle meiner minst 21 % av veljarane vil forlate partiet om det ikkje vert borgarleg fleirtalsregjering, til fordel for det andre regjeringalternativet. Her kjem det også fram eit viktig poeng i redaktøren sitt arbeid for alliansar; veljargruppene er meir samde seg i mellom, enn det toppolitikarane i dei respektive partia er.

I ei undersøking frå året før, som også er nemnd i førre kapittel, kunne Sæle stadfeste at KrF sine veljarar var dei ”beste veljarane”. Dette kunne dei titulere seg med fordi ingen andre veljarar slutta så mannjamt opp om å godkjenne staten Israel, noko 90,9 % av KrF-veljarane gjorde. Dessutan var alle dei spurte motstandarar av skatteauke, noko som i følgje redaktøren prova at dei også var dei beste nasjonaløkonomane. Sæle samanlikna dette med FrP-veljarane frå undersøkinga, der det også var langt mellom tilhengjarane av skatteauke. Det som likevel gjorde KrF-veljarane heilt spesielle, var klarheita og tydelegheita i konflikta i Midtausten, som FrP-veljarane mangla, skal ein tru Sæle. FrP sine leiarar hadde derimot dei same haldningane til Midtausten som KrF sine veljarar, i følgje redaktøren.<sup>220</sup> Det kan verke som Sæle meiner at veljarane til KrF veit betre enn partileiinga, og at dei har same synspunkt som han og FrP-leiinga har på konflikta. Det vert derfor, i følgje redaktøren, kort veg å vandre mellom dei to partia. Dreg ein det langt kan ein vel også seie at det ligg eit lite hint til KrF sine veljarar om at ein kanskje bør orientere seg litt i retning av det meir ”fornuftige” partiet FrP, i staden for å stemme KrF som er på veg i feil retning. Han meiner også at det finns nokre som ikkje likar at han presenterar slike ”fakta”: *”En del KrF-ere liker ikke at Norge IDAG presenterer valgstatistikken. Men slik statistikk forteller også at halvparten av KrF-velgerne vil ha et samarbeid med Frp, og på ingen måte ser de to partiene som motsetninger. Det er dominerende sentrum-venstre-kadrene i partiet som ser denne motsetningen. De har i det siste valgt mer negativ Frp-retorikk.”*<sup>221</sup> Her tillegg Sæle motstandarane sine i KrF, i tillegg til standhaftig motstand mot FrP-samarbeid, at dei nærmast er motstandar av

---

<sup>219</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=13121> (“KrF-majoritet sier ja til FrP” 14.08.2007)

<sup>220</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=10779> (“De beste velgerne” 15.08.2006)

<sup>221</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=12342> (“Fremgang for bade KrF og FrP – Kan Kain og Abel bli venner?” 21.03.2007)

ytringsfridomen og ”sanninga” skal kome fram. Også her prøvar han å vise at veljargruppene til dei to partia er meir samde seg i mellom, enn toppane i partia er. Sæle brukar også uttrykket ”kadre” om ein del av KrF. I følgje framandordboka er dette ei kjerne av leiarar og særleg aktive medlemmar av ein organisasjon, den er gjerne politisk, og gjerne også kommunistisk. Det siste tyder på at det er alvorlege skuldingar han kjem med.

Redaktøren har altså med hjelp av undersøkingar prøvd å vise at veljarane eigentleg vil ha eit samarbeid, mens partileiinga i KrF strittar i mot. Noko anna han brukar undersøkingar til er å prove at det er kort veg mellom dei to partia, mellom anna ved å påvise at mange veljarar vandrar mellom dei, og at dei kristne veljarane gjerne går til FrP dersom KrF ikkje gjer ein god nok jobb for kristne saker. Eit godt eksempel på det siste er ein leiarartikkel som omhandlar ei nettavstemning i Karmøybladet framfor av lokalvalet i 2007: *”KrF på Karmøy vil nok få et mye høyere valgresultat enn i nettavstemningen i Karmøybladet. Men Fremskrittsparti-trenden i kommunen er for tiden helt klar. Det vet vi også ut fra andre meningsundersøkelsen som gav Frp 40 prosent oppslutning på Karmøy. Det som vi også vet fra før av, er at Frp er største norske parti i de tre største norske bedehusfylkene: Møre og Romsdal, Agder og Rogaland. Og nå er vekkelsesøya, der bedehusene ligger så tett at en kan gå fra tak til tak som det sies, blitt Frp-bastion.”*<sup>222</sup> Det å referere til ei nettundersøking der den som vil kan stemme, og ikkje eit tilfeldig utval, må kunne karakteriserast som tvilsamt. Men i tillegg var utslaga på målinga til dels enorme ved dette høvet, med 60 % til FrP og berre 2 % til KrF. *Norge IDAG* presiserar rett nok at valresultatet kjem til å verte mykje høgare for KrF enn det som kom fram, men kvifor bruke ei slik avstemning i det heile om den er så upåliteleg?

Sæle ser også ein heilt spesiell alliert i kristne aktivistar. Eit godt eksempel på det siste er den før nemnde ”nok er nok-aksjonen” til Linda Austnes som protesterte mot fjerninga av bordbønna i skulen, der redaktøren åtvara mot andre alliansar enn den borgarlege, då denne er den einaste som kunne tenkast å oppfylle det denne rørsla stod for. Han set også likskapsteikn mellom ”nok er nok aksjonen” og forsvaret av Israel som ein anna aktivistgruppe, Israels venner, er opptekne av, og som heller ikkje vil verte oppfylte av andre enn heilt bestemte borgarlege parti.<sup>223</sup> Sæle reknar også med å ha vekkelsesfolket på si side: *”Forholdet til Israel alene er så viktig for vekkelsesfolket i Norge at trolig har et flertall av dem et ønske om*

<sup>222</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=13197> (“Hva skjer på Karmøy?” 28.08.2007)

<sup>223</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=12608> (“Slem eller snill med Inger Lise Hansen” 04.05.2007)

en flertallsregjering med en utenriksminister fra Frp. Overalt i sommer-Norge i år har vi møtt kristenledere og fotfolk som spør hvorfor ikke styringen av landet sikres økonomisk med en flertallsregjering med Frp og hvorfor ikke KrF og Frp kan gi Norge en ny utenrikspolitikk som støtter demokratiet i Midtøsten, istedet for voldelige muslimske fanatikere som kjemper for en stat i jødernes land.”<sup>224</sup> Han tek det med andre ord for gitt at eit fleirtal av vekkelsesfolket vil støtte ei borgarleg fleirtalsregjering. Men også innanfor KrF finns det eldsjeler som kjempar for hans standpunkt, og dei fleste av desse finn ein på grasrota, skal ein tru redaktøren: ”...vi vet ikke om kadrene i KrF har lært noe - og om de skjønner noe særlig av dette med flertall og regjeringsgrunnlag. Men det gjør jo grasrota - både i KrF og andre partier. Den dårlige behandlingen av et parti som spedalsk - mens alle andre bli ansett som en del av det gode selskap - liker ikke folk. Nordmenn liker ikke sånt. Det er ikke fair.”<sup>225</sup> Her kjem han tilbake til tanken om at toppane i politikken ikkje veit kva dei gjer, medan grasrota veit best.

#### **4.1.3: ”Veldig lite skil partia”**

Som nemnd ovanfor prøvar Sæle heile tida å framstille det som om det er svært lite som skil KrF og FrP, og spesielt i dei sakene som han er oppteken av. Redaktøren vil faktisk gå så langt som til å seie at det nesten er ingenting som skil KrF-veljarar frå FrP- og Høgre-veljarar. Skiljet går nemleg mellom desse partia, og dei andre.<sup>226</sup> *Norge IDAG* inneheld også mange innlegg der FrP-arar på forskjellige nivå i partihierarkiet hevdar at dei to partia er nær nok til danne eit samarbeid. Derimot er det få i toppleiinga i KrF som seier det same. Ein stad hevdar rett nok Sæle at Høybråten hadde sagt at KrF og FrP hadde samanfallande synspunkt i ei rekkje saker, etter at FrP snudde i KrF si retning i blasfemispørsmålet.<sup>227</sup> Eit endå meir dristig prosjekt som Sæle prøvar seg på er å samanlikne røtene til dei to partia: ”*KrF kommer fra den kristne liberalismens rot. Vekkelsesbevegelsenes velgere gikk til Venstre, den politiske liberalismens bannerfører, i 1880-årene. De gikk fra Venstre til KrF i 1930-årene. De begynte å gå til Fremskrittspartiet i 1990-årene. Frp er det tredje partiet av liberalistisk rot i norsk historie. Det morsomme er at hver gang det har oppstått et nytt liberalistisk parti i norsk historie har det blitt forhatt av det gamle partiet som bygget på den politiske*

---

<sup>224</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppdrag.php3?ID=1947> (“Jordskjelvgallupen – Hva betyr den?” 05.08.2002)

<sup>225</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppdrag.php3?ID=6151> (“Kjendisprestens klare omvendingsformaning til KrF” 30.11.2004)

<sup>226</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppdrag.php3?ID=10738> (“Skatteløgnen avslørt” 11.08.2006)

<sup>227</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppdrag.php3?ID=5184> (“Høybråten – en sann intellektuell” 09.06.2004)

*liberalismen.*”<sup>228</sup> Det kan her høyres ut som FrP har kome ut av KrF, og at det derfor er eit slags søsterparti av KrF. Denne søskenrelasjonen brukar han også til å forklare det anstrengde forholdet mellom dei: ”*Det er KrF og Frp som står hverandre nærmest i norsk politikk. De har også idehistorisk sett samme røtter i den gamle kristne engelske verdikonservative velferdsliberalismen, som først skapte partiet Venstre her til lands, så KrF, så Frp. At de er søsken av samme rot- kan ofte forklare hvorfor en hater hverandre.*”<sup>229</sup> Ved å strekkje denne påståtte relasjonen mellom dei så langt som mogeleg prøvar Sæle å få dei til å sjå ut som naturlege samarbeidspartnarar. Det kan og høyrest ut som at redaktøren faktisk vil bytte ut KrF med FrP som kristenfolket sine representantar. Eit kristent parti er nemleg, i følge Sæle, eit parti som samlar kristne veljarar med heilt ulike økonomiske oppfatningar, for å ta vare på dei kristne verdiane som andre parti har sett til side.<sup>230</sup> Dette er tydelegvis ein jobb han synst at FrP gjer betre enn KrF i augneblinken.

Ein av redaktøren sine sterkaste ønsker er openbart ein allianse mellom KrF og FrP, men han vinglar ofte mellom å kalle dei erkefiendar, eventuelt Kain og Abel, og naturlege samarbeidspartnarar. Desse motsetnadane vert i Sæle sine leiarartiklar forklart med at FrP, Sæle sjølv og ein del på grasrota i KrF ser på dei som naturlege samarbeidspartnarar, medan mellom anna leiinga i KrF gjer dei til erkefiendar. Redaktøren kallar derfor på eit generasjonsskifte hjå KrF,<sup>231</sup> for at FrP skal kunne sleppe til. Men innimellom kan det sjå ut som Sæle vil at samarbeidet skal strekkje seg endå lenger enn til denne alliansetanken. Han har mellom anna ytra ønske om at KrF og FrP skulle slå seg saman, og ”*opptre felles hver eneste lørdag – til valget er vunnet.*”<sup>232</sup> Tanken er tydelegvis at med ein gong dei finn ut at dei vil samarbeide med kvarandre, er det berre eit tidsspørsmål før dei vinn val.

#### **4.1.4: ”Populisme er positivt”**

Mange politikarar og veljarar vil nok hevde at FrP er eit populistisk parti. Sjølv om karakteristikken vanskeleg lar seg definere har Trond Johansen i si hovudoppgåve identifisert tre dimensjonar som han meiner dei fleste populistiske parti har. Det første er den negative haldninga til det representative demokratiet og makthavarane, punkt to er at dei skal vere folket sine representantar i ein slags opposisjon mot politikarane, medan det siste inneber

---

<sup>228</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppdrag.php3?ID=11830> (”Da Gerd Liv Valla fortalte sannheten til 10 fylkesledere i KrF” 12.01.2007)

<sup>229</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppdrag.php3?ID=3678> (”Fremtidens politiske allianse?” 04.10.2003)

<sup>230</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppdrag.php3?ID=1947> (”Jordskjelvgallupen – Hva betyr den?” 05.08.2002)

<sup>231</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppdrag.php3?ID=3678> (”Fremtidens politiske allianse?” 04.10.2003)

<sup>232</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppdrag.php3?ID=12754> (”Velsignet helg” 01.06.2007)

kravet om fleire folkeavstemmingar og auke bruken av direkte demokrati.<sup>233</sup> Sjølv om ikkje Johansen seier det, er det tydeleg at FrP i følge denne definisjonen tydeleg er eit populistisk parti. Mange FrP-tilhengjarar vil kanskje hevde at populistisk er ein nedsettande karakteristikk, og vil derfor meine at partiet ikkje passar til denne karakteristikken. Både dei som hevdar at FrP er eit populistisk parti og dei som hevdar at dei ikkje er det, kan stort sett einast om at populisme er negativt. Sæle på si side, støttar ingen av desse syna, han ser tvert om ut til å synst at populisme er positivt. Han meiner at å satse på populære saker også er populisme. I ein artikkel frå 2003 oppfordrar han faktisk KrF til å satse på saker han sjølv trur er populære, og heller leggje dei mindre populære død: *”Likestillingsfanatisme og kjønnskvoltering er noe av det våset som har fylt opp regjeringens politikk. Bli heller populær, og vinn valgene!”*<sup>234</sup> Her kjem redaktøren med ei klar oppfordring til KrF og den dåverande borgarlege regjeringa. Han meiner at dei skal satse på populære saker slik at dei vinn vala, og i alle fall ikkje satse på dei nemnde sakene som Sæle meiner er upopulære og han tydelegvis har lite til overs for. Han snakkar mellom anna om at dersom familiepartiet KrF skal over 10 % oppslutnad må dei fokusere på familie, og ikkje snakke om Arbeidarpartiet sine kondomautomatar, kjønnskvoltering og kvinnelege bispar.<sup>235</sup> Poenget hans er at KrF, og spesielt det han kallar for venstresida sine kadre i partiet, ikkje har forstått poenget. I følge Sæle skjønar dei seg, som sagt, ikkje så mykje på fleirtal og regjeringsgrunnlag.<sup>236</sup>

Som på så mange andre områder har Sæle høg tiltru til veljarane, og spesielt høgresida sine: *”...vi har før sagt i Norge IDAG at nesten halvparten av de norske velgerne hører hjemme på det vi vil kalle den populistiske høyresiden. De bestemmer hvilket parti de stemmer måneder før valget, og spesielt siste uken. De gjør det ut fra sakene som partiene fremmer. Og de shopper intelligent mellom partiene for å få sine saker fram.”*<sup>237</sup> Her levnar redaktøren liten tvil om kva han meiner om populisme. Han meiner tydelegvis at det er noko alle bør gjere, sidan han brukar ordet intelligent. Sæle har også si heilt eiga forklaring på utviklinga til omgrepet: *”...populistisk (et ord Ottar Brox brukte positivt i 60-årene, men som ble gjort til skjellsord av de som vil inn i EU og ikke likte folkeavstemningene om EU).”*<sup>238</sup> Redaktøren er

---

<sup>233</sup> Johansen (2007: 35)

<sup>234</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=4111> (“Hva kan KrF og FrP gjøre sammen?” 22.12.2003)

<sup>235</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=2160> (“Hvordan kan KrF doble oppslutningen” 17.10.2002)

<sup>236</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=6151> (“Kjendisprestens klare omvendingsformaning til KrF” 30.11.2004)

<sup>237</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=1830> (“Kan Valgjerd få landets største parti?” 19.04.2002)

<sup>238</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=1947> (“Jordskjelvgallupen – Hva betyr den?” 05.08.2002)

tydelegvis samd med den meininga han hevdar at Brox hadde med ordet, sidan han sjeldan er samd med EU-tilhengarar, då han sjølv er ein kompromisslaus EU-motstandar.

## 4.2: Kva talar mot ein allianse?

Sidan eit av Sæle sine hovudmål med *Norge IDAG* er å trekkje saman KrF og FrP i ein allianse, vert det ikkje så mykje plass i avisa til saker som handlar om det som står i vegen for ein allianse. Det meste av forklaringa på den manglande linken mellom partia vert stort sett brote ned til eit stort problem. Dette problemet er det enkeltpersonar innanfor partia som stend for, og helst berre innanfor KrF. I forhold til dette kjem også det at dei, i følgje Sæle, er søsterparti, og difor hatar kvarandre, heilt i skuggen.<sup>239</sup> Det kan sjå ut til at det ikkje er meiningsforskjellar i sakene som stend i vegen for ein allianse, skal ein tru redaktøren. I dei fleste sakene som Sæle konsentrerar seg om er det, i alle fall i følgje han sjølv, ubetydelege avstandar mellom partia. Dette sjølv om det finns ei sak der partia verkeleg ikkje er på linje, av dei viktige sakene til Sæle, nemleg Abort- og genpolitikken.

### 4.2.1: Usemje om abort- og genpolitikk

Av dei seks fundamentsakene, er det berre ei av dei som, i *Norge IDAG*, verkeleg stend fram som ei sak der dei to partia er usamde. Medan det ser ut som Sæle meiner at KrF og FrP meir eller mindre er på linje i dei fem andre sakene, står dei nesten som rake motsetnader i abort- og genforskingssaka. Til og med redaktøren har vedgått at FrP ikkje er heilt der han vil ha dei på dette området, sjølv om han ikkje nemner dette så ofte. Men dette kjem fram i den allereie omtalte artikkelen "*En katastrofal landsmøtehelg*" frå 2000, der både Høgre og FrP gjorde vedtak på landsmøtet sitt som tok dei i meir liberal retning i desse sakene. FrP sa mellom anna ja til patent på liv og bruk av fostervev, eit vedtak Sæle var tydeleg skuffa over sidan han meinte dei var eit parti med mykje klar ideologisk tenking. Redaktøren meinte at patent på liv var ein form for kannibalisme. Endå verre gjekk det, skal ein tru Sæle, på Høgre sitt landsmøte som tok vekk reservasjonsretten mot å stemme for abort i Stortinget.<sup>240</sup> Også i ein anna artikkel, denne gong frå 2002, skreiv Sæle at KrF stod heilt aleine i abortsaka, utan stønad frå noko anna parti.<sup>241</sup> Redaktøren klamrar seg likevel til at FrP framleis har reservasjonsretten intakt i abortspørsmålet, noko han tydelegvis ser på som eit viktig

---

<sup>239</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=3678> ("Fremtidens politiske allianse?" 04.10.2003)

<sup>240</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=356> ("En katastrofal landsmøtehelg" 19.05.2000)

<sup>241</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=1947> ("Jordskjelvgallupen – Hva betyr den?" 05.08.2002)



prinsipielt standpunkt.<sup>242</sup> I tillegg er han svært forsiktig med å nemne denne saka i samband med FrP, og fokuserar heller på dei sakene der partia, i alle fall tilsynelatande, er samde.

#### **4.2.2: Leiinga i KrF som bremseklossar**

Innanfor KrF er det, som før nemnd, nestleiar Inger Lise Hansen som er den største bremseklossen mot eit samarbeid med FrP, i følgje Sæle. Og redaktøren legg ei tung bær på den unge nestleieren sine skuldre: *”At Inger Lise Hansen skal være en garanti for KrFs alenegang og et nei til samarbeid med det største borgerlige partiet, er kanskje det største tap for kristenfolket noen gang i norsk politikk.”*<sup>243</sup> Om mangelen på borgarleg samarbeid er det største tap nokon gong, så illustrerar dette godt kor viktig alliansen er. Tapet er for eksempel større enn ved nederlaget i abortsaka på slutten av 70-talet. I ein artikkel frå veka før, ”Slem eller snill med Inger Lise Hansen”, skreiv Sæle at det borgarlege fleirtalsalternativet truleg ville gått på skinner om ein anna enn Hansen hadde vorte vald til nestleiar, og at veljarane no truleg må vente til 2013 før dei kan få eit regjeringsalternativ som er basert på eit borgarleg fleirtal. Det som i følgje Sæle skjedde, var at Hansen berre ”dukka opp” og forsterka kampen mot ei samling og fleirtalsalternativ på borgarleg side, når dette var nær ved å vere i boks.<sup>244</sup>

Men det er også andre faktorar som spelar inn i KrF si motvilje mot samarbeid. Redaktøren skriv for eksempel om noko han kallar ei ”uforklarleg tapsmekanisme”. Det ser ut til at Sæle meiner at denne mekanismen er todelt mellom at KrF ikkje vil samarbeide med det største borgarlege partiet, og partiet sin sjalusi mot den aukande oppslutnaden FrP har hatt.<sup>245</sup> Med dette siktar Sæle igjen til toppleiinga i partiet, og kanskje spesielt til Kjell Magne Bondevik som han også klagar for å stå i vegen for samarbeidet. Mellom anna kallar han Bondevik si ”uvilje” mot FrP for eit ”historisk misgrep”. Sæle kommenterar også ein tale som Hagen skal ha heldt på sin 25-årsdag som partileiar i 2003, der han skal ha slått fast at FrP ikkje trengte statsministerstolen om dei vart med i ei regjering, trass i at dei var største parti: *”Egentlig åpnet Hagen døren på fullt gap for at Bondevik fortsetter som regjeringens leder etter 2005. Statsminister Kjell Magne Bondevik brukte den samme anledningen på å stenge den døren for godt, tror vi. Han kunne istedet ha sagt at han ville ta stilling til slike forhold om situasjonen oppsto etter neste stortingsvalg. I stedet utelukket han igjen klart en regjering der Israelfvennlige og religionsfrihetsvennlige, familievennlige Frp, som lenge har vært og kan bli*

---

<sup>242</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=356> (“En katastrofal landsmøtehelg” 19.05.2000)

<sup>243</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=12637> (“Hva nå KrF?” 10.05.2007)

<sup>244</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=12608> (“Slem eller snill med Inger Lise Hansen” 04.05.2007)

<sup>245</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=12342> (“Fremgang for både KrF og FrP – Kan Kain og Abel bli venner?” 21.03.2007)

*landets største parti ved neste valg, er med.*”<sup>246</sup> Her vil Sæle igjen prøve å framstille det som om FrP er villeg til å ofre mykje for å kunne få delta i samarbeid, mens Bondevik er den som berre prøvar å øydeleggje.

Bondevik og Hansen, som i mange samanhengar er peika ut til dei største fiendane av alliansen, er likevel ikkje aleine i partiet. Fleirtalet av fylkesleiarane til KrF (10 av 17) som heller ville samarbeide med Arbeidarpartiet har heller ikkje redaktøren noko til overs for.<sup>247</sup> Sæle har også ein litt lite konkret og uformeleg flokk av medlemmar han kallar ”kadre”, som han hevdar stadig motarbeidar alliansetanken. Mellom anna talar desse ofte med same stemme som avisa *Vårt Land*, som også, i følgje Sæle, hevdar at KrF og FrP er for ulike.<sup>248</sup> Kadrane har også påført KrF sjukdomen ”FrP-fobi”, og partiet treng derfor ein reinsing i hovud og lemmar, skal ein tru Sæle, etter å ha villeia mange medlemmar til å nærmast tru at FrP var sjølve arvesynda.<sup>249</sup>

## Oppsummering

Etter å ha utvikla alliansetanken i *Norge IDAG* sakte men sikkert fram mot 2003, har Sæle gjort få endringar i sin strategi for å nå dette målet. I dei aller fleste saker som han er oppteken av, ser redaktøren likskapar mellom KrF og FrP, i alle fall i mange av dei aspekta som han er oppteken av innanfor kvar enkelt sak. Han har og vorte dyktig i alt frå å tolke utsegner i si bestemte retning, til å leggje ord i munnen på andre, for å kunne rettferdiggjere si optimisme for alliansen. Mellom anna trur han at dei KrF-veljarane som ikkje vil at partiet skal samarbeide med FrP er inne i ein ”forbigåande fase”, før dei, skal ein tru redaktøren, forstår kva som er det beste. Sæle er nemleg heilagt overtydd om at det berre er ein fleirtalsallianse på borgarleg side, som omfattar det største borgarlege partiet FrP, som kan redde dei kristne hjertesakene frå å gå tapt. Kampen for, og samlinga rundt, desse sakene skal hindre landet vårt i å verte avkristna. Ein anna ting som tydelegvis gjer han berre meir positiv til eit samarbeid med FrP, er den populistiske haldninga i partiet. Sæle sjølv meiner å ha observert at mange veljarane ventar til like før valet før ein bestemmer seg for partival, og ”shopper rundt” etter det beste alternativet. Dette meiner han tydelegvis er ein god ide.

---

<sup>246</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=2750> (“Februardagene som endret norsk politikk” 15.02.2003)

<sup>247</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=12342> (“Fremgang for bade KrF og FrP – Kan Kain og Abel bli venner?” 21.03.2007)

<sup>248</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=10738> (“Skatteløgnen avslørt” 11.08.2006)

<sup>249</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=6151> (“Kjendisprestens klare omvendingsformaning til KrF” 30.11.2004)



Hovudpoenget med dette kapitelet var å skaffe seg oversikt over planane til Sæle for ein framtidig allianse, og kva saker, personar og grupper redaktøren meinte talte for alliansen, og kva som talte mot. Dei sakene som tydelegvis er dei viktigaste for *Norge IDAG* å danne ein allianse rundt er: kampen for Israel sine rettar og den jødiske staten si overleving, kampen mot muslimar i både Midtausten og mot deira religiøse påverknad her i Noreg, betre venskap med USA, likestilling for dei kristne friskulane mot resten av utdanningssystemet, og kampen for ekteskapslova og mot partnerskapslova. I dei fleste av desse sakene kan det sjå ut som at Sæle meiner at KrF har rett retning i politikken, og at sakene kan få godt verje under alliansen. Likevel er han ikkje heilt nøgd, og ofte vil han at KrF skal verte meir lik FrP.

Abortsaka er ei sak som har vist seg å vere viktig for avisa i andre samanhengar, men vert ofte dyssa ned når det er snakk om alliansar. Dette kan kome av at KrF står ganske så aleine på sin motstand i dette spørsmålet, og at Sæle derfor ikkje vil drage inn saka fordi den splittar. Likevel held han døra på gløtt for FrP også i denne saka på grunn av at partiet framleis fristillar stortingsrepresentantane sine, i motsetnad til Høgre som har bunde sine representantar til ei positiv haldning til den eksisterande abortlova.

I kampen for alliansen om dei viktigaste sakene finn Sæle allierte i fleire leirar. Mellom anna støttar han seg på KrF sine veljarar, som han hevdar er ”dei beste”, og som i følgje han er villege til å inngå samarbeid med FrP. Når det gjeld FrP kan det verke som om redaktøren tillegg dei ei nærmast grenselaus vilje til å ville samarbeide. Denne same vilja finn Sæle på ingen måte i KrF, i alle fall ikkje i toppen av partiet. I toppen sitt nemleg folk som Kjell Magne Bondevik og Inger Lise Hansen og bremsar for samarbeidet. Først når ein kjem ned på grasrota i partiet finn ein ei venleg innstilling til FrP. Dette vert også hovudargumentet til redaktøren når han skal forklare kvifor eit slikt samarbeid ikkje allereie har funne stad. Så mange andre argument enn dette brukar han heller ikkje tid på å prøve å finne, kan det verke som.

For å fullstendig avdekkje allianseplanane til Sæle er det også nokre praktisk spørsmål som må svarast på. Den første går ut på å finne ut kva parti som skulle inngå i alliansen, og i kva slags forum denne alliansen skulle verke. Når det gjeld partia som skal delta i alliansen er KrF og FrP sjølvskrivne deltakarar, men Sæle innser at det sannsynlegvis ikkje vil verte fleirtal med berre desse to partia. Han ser derfor for seg at Høgre kan vere det partiet som

hjelper alliansen til fleirtal. Om Sæle sin tenkte allianse skulle oppnå målet sitt om fleirtal på Stortinget er det svært sannsynleg at dei vil søke regjeringsmakt. Redaktøren legg heller ikkje skjul på at det er sjølve kjernen i ideen: Regjeringsmakt for alliansepartnarane med fleirtalsforankring i Stortinget, som skal blokkere alle angrep mot kristne hjertesaker. Med desse kriteria oppfylte trur Sæle at alliansen vil kunne gjere store forandringar, ikkje minst i Midtausten-konflikta, sidan han så ofte snakkar om den i samband med alliansar. Levetida til denne regjeringa vert også lang, skal ein tru redaktøren, då han har skrive at alliansen vil sikre landet stabil parlamentarisme og utvikling. Underforstått vil dette tyde at det ikkje vil vere som ved dei siste vala, at oppslutningane varierar stort og med hyppige regjeringsskifter.

## 5. Tilnærmingar mellom KrF og FrP?

*Norge IDAG*-redaktør Finn Jarle Sæle har, som tidlegare vist, ikkje noko problem med å sjå klare samanhengar mellom KrF og FrP. Trass i den lunkne haldninga KrF sine toppolitikarar har hatt til FrP, også i følgje Sæle sine eigne artiklar, ser redaktøren lyset i enden av tunnelen. Fleire av hans utsegner tyder på optimisme vedrørande dei politiske alliansetankane han har. Spørsmålet er om det verkeleg er noko som peikar i den retninga i den politiske kvardagen på toppolitikarnivå eller hjå veljarmassane til dei to partia?

Første del av kapitelet vil verte brukt til å vurdere forholdet mellom toppane i dei to partia, med fokus på åra etter 1993 då Sæle starta sine politiske aktivitetar. Dette skal kunne klargjere om det har vore noko tilnærming mellom partitoppene i denne perioden. Denne første delen vil i all hovudsak vere eit framhald på det som vart avrunda i kapitel to, som tok for seg forholdet mellom dei to partia frå skipinga av, og fram til starten av 90-talet. Som i kapitel to vil eg i perioden fram mot 2001 bruke partiprogramma for å få oversikt over kva saker partia har prioritert. Desse vil primært verte brukt til å klarlegga den programmatisk utviklinga, men seier lite om den reelle utviklinga. Den reelle avstanden vil verte forsøkt målt gjennom fråsegner frå og handlingar av partitoppene, og ei analyse av valundersøkingane.

Oversikta i dette kapitelet vil også omfatte det som har skjedd etter valet i 2005, og dei endringane innanfor begge partia som dette valet medførte. Eit forhold som har fått ein heilt spesiell plass i oversikta, er knivinga mellom Hagen og Bondevik som varte i mange år, før sistnemnde trekte seg attende frå norsk politikk etter valet i 2005. Forholdet vert spesielt vektlagt fordi sjølvbiografiane som dei to, nesten samstundes, gav ut, klargjorde mange forhold mellom dei to leiarane som ein vanlegvis ikkje får tilgong til gjennom andre publikasjonar, som for eksempel aviser.

Andre del av kapitelet tek for seg veljarane som er ei meir uoversiktleg gruppe enn partitoppene. Ikkje berre er dei ei større masse å halde kontroll på, men dei er også svært lunefulle, skal ein tru statistikkane over dei siste vala sine veljarvandringar. Desse statistikkane er ein del av ei omfattande oversikt over veljarane som kjem ut etter kvart stortingsval frå Statistisk sentralbyrå (SSB). Her finn ein oversikt over både veljarvandringane, sakshaldningane og partiprofilane til veljarane, som ein nytte for å danne

seg eit bilete av utviklinga hjå veljarane når det gjeld avstanden mellom KrF og FrP.

Valundersøkinga har ei rikhaldig database over forskjellige spørsmål til veljarane, der fleire er relatert til fundamentsakene og andre aktuelle saker Sæle er oppteken av. Fordi ikkje alle fundamentsakene er omtalte i desse undersøkingane, vert det lagt til nokre problemstillingar som ligg nærast mogeleg opp til fundamentsakene. Eit eksempel på dette er innvandring, i staden for dei manglande problemstillingane rundt muslimsk fundamentalisme.

Haldningsendringar hjå veljarane til dei to partia kan seie noko om ei eventuell tilnærming mellom partia på veljarnivå. I tillegg har undersøkinga ei oversikt over noko dei kallar ”partiprofilar” som knyter veljarane til dei forskjellige partia opp mot mellom anna fråhaldssak og religiøs aktivitet.

## **5.1: Bles det mellom partitoppene?**

### **5.1.1: KrF og FrP 1993-2005**

I 1995 kom det eit leiarskifte i KrF, etter at Kjell Magne Bondevik hadde vore partileiar sidan 1983. Han gjekk då av, og Valgjerd Svarstad Haugland vart vald som arvtakar, sjølv om ho ikkje var ei konsekvent fråhaldskvinne.<sup>250</sup> Haugland skulle vise seg å verte ein kontroversiell leiar på grunn av sine liberale haldningar til enkelte spørsmål, trass i at partiet vaks seg større enn nokon gong under hennar leiing. To år etter sin avgang som partileiar skipa Kjell Magne Bondevik ei svært svak sentrumsregjering, målt i stortingsmandat. Ei av dei nye store sakene til regjeringa var kontantstøtteordninga, som skulle skape eit alternativ til barnehagane og gjere det lettare for foreldre å vere heime hjå barna.<sup>251</sup> Det kanskje viktigaste i denne samanhengen med denne regjeringa var budsjett samarbeidet med FrP og Høgre. Samarbeidet om kontantstøtta knytte regjeringspartiet nærare til Høgre i Stortinget for å sikre støtte, men i mange saker måtte dei trø svært varsamt med sitt låge mandattal i Stortinget.<sup>252</sup> FrP, som vanlegvis vart haldne utanfor borgarlege samarbeid, nytte også godt av regjeringa, då dei vart tekne inn i varmen som avtalepartnarar til regjeringa rundt budsjettarbeida.<sup>253</sup>

Etter nok eit godt val i 2001 vart igjen Bondevik statsminister, etter halvanna år med Arbeidarpartistyre. Denne gong for ei sentrum/høgre-regjering.<sup>254</sup> Men under kommunevalet to år etter dukka det opp ei valdtektsklaging i eigne rekkjer, kalla ”Medhaug-saka”, som

---

<sup>250</sup> Bondevik 2006: 301

<sup>251</sup> Furre 1999: 505

<sup>252</sup> Furre 1999: 506-507

<sup>253</sup> Furre 1999: 508

<sup>254</sup> Bondevik 2006: 516-517

skulle verte svært skadeleg for både partiet og leiaren Haugland. Sjølv om vedkommande seinare vart frifunnen, var dette, i følgje Bondevik, noko som hadde stor skuld i det svake valresultatet<sup>255</sup> på berre 6,9 prosent. Året etter gjekk Haugland av som partileiar fordi ho meinte ho mangla støtte i partiet, og vart erstatta med Dagfinn Høybråten.<sup>256</sup> Høybråten kan vel kanskje seiast å tilhøyre ein meir konservativ del av partiet, i motsetnad til Haugland som ofte vart skulda for å vere for liberal.

Når det gjeld FrP utvikla det seg sterke spenningar innanfor partiet utover 90-talet, også på leiarnivå. I følgje Carl I. Hagen var partiet delt i ikkje mindre enn tre fløyer, døypt dei kristenkonservative, populistane og liberalistane av pressa. Fremst i den første gruppa, stod mellom andre John Alvheim og Fridtjof Frank Gundersen.<sup>257</sup> Hagen hevdar i sin biografi at nestleiar Ellen Wibe, som stod i spissen for liberalistane i partiet, hadde sett fram krav om at partiet ikkje skulle knyte seg til den kristne religionen.<sup>258</sup> Wibe fekk også viljen sin på landsmøtet framfor stortingsvalet i 1993, trass i Alvheim sine iherdige protestar. Hagen sjølv meiner at han gjekk med på dette berre for å hindre skandale, og å halde partiet samla.<sup>259</sup> Gjennom si kursending fjerna no FrP seg frå KrF, og det gjorde heller ikkje saka betre at partiet omfamna den nye gen- og bioteknologien som KrF hadde åtvare mot. Partiet stilte seg også heilhjarta bak utviklinga innanfor dette området på sitt partiprogram for 1993.<sup>260</sup> Valet gjekk dårleg for partiet som meir enn halverte stortingsgruppa si, og berre fekk 6,3 %.<sup>261</sup> Dette kom sannsynlegvis av at EF-saka tok mykje av merksemda frå eit parti som helst såg at innvandringsspørsmålet vart ei av hovudsakene.<sup>262</sup> Året etter det elendige stortingsvalet kom det til eit avgjerande slag innanfor partiet då landsmøtet vart heldt på Bolkesjø, seinare omdøypt til "Dolkesjø" av tabloidpressa. Liberalistane som i følgje Hagen hadde forsøkt å overta partiet, vart nærmast utradert som fraksjon, og Ellen Wibe gjekk av som nestleiar.<sup>263</sup> På det same møtet la Hagen om kursen vedrørande den religiøse tilknytninga partiet skulle ha. Tydeleg inspirert av Alvheim skjerpa partiformannen kampen mot muslimske fundamentalistar, og siterte fleire gongar bibelen i landsmøtetalen sin.<sup>264</sup> Etter ei periode med

---

<sup>255</sup> Bondevik 2006: 590-591

<sup>256</sup> Bondevik 2006: 598

<sup>257</sup> Hagen 2007: 187

<sup>258</sup> Hagen 2007: 198

<sup>259</sup> Hagen 2007: 200

<sup>260</sup> KrF Valgprogram 1993: 24-25

<sup>261</sup> Furre 1999: 507

<sup>262</sup> Furre 1999: 496

<sup>263</sup> Hagen 2007: 217

<sup>264</sup> Ekeberg 2001: 250

reduisert profilering av religiøse saker, kom altså partiet tilbake til dette etter Bolkesjø, og nærma seg atter ein gong KrF.

Før valet i 1997 presenterte partiet eit partiprogram som for første gong slo utvetydig fast at stat og kyrkje burde skiljast,<sup>265</sup> og gjekk inn for ei auke i kontantstønaden til småbarnsforeldre.<sup>266</sup> Begge sakene er viktige for mange kristne, og partiet byrja dermed for alvor å ta form som eit aktuelt alternativ for kristne veljarar. KrF har tradisjonelt latt det vere opp til kyrkja sjølv om den vil vere sjølvstendig, så ein viss meningsforskjell ligg det i dette spørsmålet i høve til FrP. Kontantstønaden er derimot ein av KrF sine hjarteborn, og bidrog nok sikkert til å trekkje dei to partia nærare kvarandre.

### 5.1.2: Samanstøytar mellom Hagen og Bondevik

Sjølv om FrP vart det nest største opposisjonspartiet til den sitande Stoltenberg-regjeringa etter valet i 2001, fekk dei heller ikkje denne gongen partiet delta i dei borgarlege regjeringsforhandlingane.<sup>267</sup> Også ein generell samarbeidsavtale mellom FrP og regjeringa vart avvist.<sup>268</sup> Likevel gjekk FrP med på å støtte det nye borgarlege regjeringsalternativet.<sup>269</sup> Men i løpet av denne regjeringsperioden byrja verkeleg forholdet mellom FrP-leiar Carl I. Hagen og statsminister Kjell Magne Bondevik å verte betent. Stortingspresident-vervet som Hagen lenge hadde ønska seg vart gjeve til Arbeidarpartiets Jørgen Kosmo, noko som fall FrP-leiaren tungt for brystet.<sup>270</sup> FrP-formannen skriv i sin biografi: *”om forakten min for KrF hadde vært stor før, ble den ikke mindre etter en slik ydmykende behandling.”*<sup>271</sup> Denne haldninga stod ved lag også fram mot neste val, der Bondevik, for eksempel under eittårsjubileet for samlingsregjeringa, blankt avviste eit samarbeid med FrP.<sup>272</sup>

I 2003 heldt både Bondevik og Hagen innlegg for ei gruppe kalla ”Israels Venner” i Oslo.<sup>273</sup> Bondevik meinte i sin biografi frå 2006 at Hagen heldt eit mykje mindre balansert innlegg enn han, og at Hagen gjennom dette vann mange stemmer i miljø med sterkt sympati for jødane.<sup>274</sup> Konflikten i Midtausten vart eit tilbakevendande problem for regjeringa og spesielt

---

<sup>265</sup> KrF Valgprogram 1997: 8

<sup>266</sup> KrF Valgprogram 1997: 44

<sup>267</sup> Hagen 2007: 403

<sup>268</sup> Bondevik 2006: 508

<sup>269</sup> Hagen 2007: 402

<sup>270</sup> Bondevik 2006: 517

<sup>271</sup> Hagen 2007: 404

<sup>272</sup> Bondevik 2006: 553-554

<sup>273</sup> Må ikkje forvekslast med ”Israels venner på Stortinget” som er nemnde før i oppgåva.

<sup>274</sup> Bondevik 2006: 574

KrF, då mange i det kristne miljøet ikkje såg blidt på at Bondevik forsøkte å balansere synspunkta sine. Mellom anna kalla generalsekretæren i indremisjonen, Karl Johan Hallaråker, Bondevik for ein ”løpegutt for dei palestinaarabiske styresmaktene”.<sup>275</sup>

Det uforsonelige klimaet mellom Hagen og Bondevik vanskeleggjorde også eit budsjettssamarbeid i 2004, noko som var ein av grunnane til at regjeringa måtte vende seg til Arbeidarpartiet for å få budsjettet i hamn.<sup>276</sup> Hagen fekk også ein slags hemn over regjeringa som hadde blokkert ambisjonane hans om å verte stortingspresident etter valet i 2001, då han før valkampen i 2005 gjekk ut og kunngjorde at han ikkje ville støtte ei regjeringa leia av Bondevik.<sup>277</sup> Etter valet heldt Hagen ord, og regjeringa måtte etter valet gå av til fordel for det raud-grøne regjeringsalternativet.<sup>278</sup>

Det vanskelege forholdet mellom Bondevik og Hagen har nok dei siste åra bidrege til at forholda mellom deira respektive parti vart dårlegare, men dette fekk sjølvstundt mindre å seie etter at hovudpersonane sjølve trekte seg inn i bakgrunnen. Likevel kan ein tydeleg sjå ein tendens innanfor FrP sine partiprogram i retning av at kristne hjertesaker gradvis vart viktigare for partiet. På fleire områder nærma FrP seg haldningane i KrF, sjølv om ein del framleis var forskjellig.

### **5.1.3: Etter valet i 2005**

Sidan dei verbale samanstøyta før stortingsvalet i 2005, mellom FrP-leiar Carl I. Hagen og statsminister Kjell Magne Bondevik, har mykje skjedd i partia til dei to toppane. Bondevik måtte gå av som statsminister som følgje av FrP si manglande støtte, og steig dermed ned frå sin posisjon som ein av dei to partitoppene i KrF, og ut av norsk politikk. Hagen på si side gjekk i løpet av den følgjande stortingsperioden av som partileiar, og meininga var at han skulle trappe ned den politiske aktiviteten sin i kraft av si nye stilling som Stortingets visepresident. Den tidlegare FrP-leiaren har likevel heldt seg relativt politisk aktiv også etter dette med for eksempel ein del utspel i media, medan Bondevik altså har vorte nesten usynleg på den politiske arenaen. I KrF har Dagfinn Høybråten vorte den ustridde leiaren av partiet etter at hans partikollega forsvann frå statsministerstolen, medan FrP sin nye leiar, Siv Jensen, altså må kjempe om merksemda med den tungt profilerte tidlegare partileiaren. Frontane

---

<sup>275</sup> Bondevik 2006: 660

<sup>276</sup> Bondevik 2006: 602-603

<sup>277</sup> Bondevik 2006: 675

<sup>278</sup> Bondevik 2006: 688

mellom partia ser derfor ut til å ha gått frå å vere Bondevik/Høybråten mot Hagen, til å verte Høybråten mot Hagen/Jensen. Mange trudde at Hagen sin avgang som partiformann kanskje ville gjere det lettare å samarbeide med partiet, og at denne avgangen på ein måte skulle gravleggje stridane Hagen hadde vore årsak til dei borgarlege.<sup>279</sup> Men det nærare samarbeid mellom FrP og dei andre borgarlege partia, kom aldri. Grunnen til at dette kan ha vorte mislukka er at den tidlegare partileiaren har heldt fram som ein slags sjuande far i huset.

Omveltingane i toppen av partiapparata, og dei litt uklare nye maktkonstellasjonane i FrP, har komplisert arbeidet med å få oversikt over kvar toppane i dei to partia står i forhold til kvarandre, og om desse har kome nærare dei siste åra. Men nokre episodar skil seg likevel ut. Eit eksempel var då Hagen møtte Høybråten til debatt om Midtausten-konflikta og bistand i Politisk kvarter i NRK i august 2007. I denne debatten kom Høybråten FrP i møte når det gjaldt konflikten i Midtausten, mellom anna på Israel sin bruk av "forsvarsmuren", som dei begge kalla han. KrF-leiaren var tydeleg oppteken av å avsanne myta om at hans parti var meir utydeleg i sitt forsvar av Israel enn det FrP var. *Bergens Tidende*, som publiserte ein svært Høybråten-kritisk leiarartikkel dagen etter, ville gå så langt som å seie at hans forgjengar, Kjell Magne Bondevik, aldri ville ha sunke så djupt som Høybråten, sjølv med den veljarflukta som KrF no møter. *BT* meinte også at det ikkje var nokre endringar i FrP sitt synspunkt på konflikten, medan det var overraskande at KrF også hadde lagt seg på denne banale og ukritiske linja.<sup>280</sup> Likevel var kanskje det aller viktigaste i debatten at Høybråten sette likskapsteikn mellom KrF og FrP sin politikk på dette området. "*Det er en viktig politisk avklaring som her skjer, når Carl I. Hagen sier at KrF og Fremskrittspartiet står sammen når det gjelder forsvaret av Israel, og støtte til Israel.*"<sup>281</sup> KrF-leiaren viste likevel i same debatten at partia stend langt frå kvarandre i bistandsspørsmål.

Ei anna sak som har vore framme i media etter utskiftingane i partitoppene, er Siv Jensen sitt ønske om ein omkamp vedrørande blasfemiparagrafen. I 2005 ville opposisjonen på Stortinget fjerne denne paragrafen mot Bondevik-regjeringa si vilje, men den gongen greip, i følge *Vårt Land*, Carl I. Hagen inn og hindra dette. I februar 2007, i kjølvatnet av karikaturstriden og i frykta for islamske fundamentalistar, vart også den tidlegare partileiaren samd i at denne lovparagrafen er moda for oppheving. Det mest interessante med saka er

---

<sup>279</sup> <http://www.dagbladet.no/nyheter/2005/08/24/441166.html> ("Mine ønsker skal ikkje stå i veien for et bredt borgerlig samarbeid" 24.08.2005)

<sup>280</sup> <http://www.bt.no/meninger/leder/article402634.ece> ("Ynkelige Høybråten 31.08.2007)

<sup>281</sup> Teke frå mi eiga transkribering av ein debatt mellom Hagen og Høybråten 30/8 2007 i NRK.



likevel Høybråten sin reaksjon til *Vårt Land* på FrP sitt utspel: ”Siden våren 2005 har de snudd i flere saker. Dette er en av dem. Vi ser at det nye lederskapet øker avstanden til KrF.”<sup>282</sup> Sjølv om at KrF-leiaren tydelegvis vil gje inntrykk av at partiet står saman med FrP i Midtausten-konflikta, er denne siste kommentaren eit tydeleg teikn på at avstanden mellom partia er for stor til samarbeid, og i følgje Høybråten, aukande. Det gjennomført uforsonlege linja Bondevik førte overfor FrP, vart altså med små modifikasjonar vidareført av Høybråten, då han vart partiet sin klare leiar etter valet i 2005.

## 5.2: Kva med veljarane?

Det er vel unødvendig å seie at det er forskjell på politikarane i toppen av partia og veljarane. Mange veljarar manglar oversikta over det politiske landskapet og forholdet mellom partia, medan mange politikarar kanskje manglar kontakt med grasrota og kva veljarane eigentleg meiner. Begge partar har dermed kvar sitt store problem, noko som også gjer sitt til at avstanden mellom dei er stor. Politikarane på si side har ikkje vanskeleg for å få ut sine budskapar gjennom mellom anna pressa og partiprogramma, medan veljarane stort sett berre har vala som sitt talerøyr, der dei oftast berre vert plassert i båsen til det partiet dei stemte på. Derimot kan mykje interessant avdekkjast om ein grev djupare i valundersøkingane som kjem ut i tilknytning til kvart stortingsval. Her kan ein finne ut kva veljarane meiner om kvart enkelt tema, og ved å undersøke endringane i veljarmassen frå val til val kan ein finne ut i kva retning KrF og FrP sine veljarar går, og om dei eventuelt nærmar seg kvarandre.

Ein del av undersøkinga tek for seg partiprofilen til dei to partia, og kan avdekkje kva slags veljarar dei to partia trekkjer til seg, og kva haldningar veljarane har til for eksempel alkohol og religion. Spesielt det siste er interessant i denne samanhengen. Ut i frå det punktet kan vi sjå om det for eksempel vert fleire med religiøs tilknytning som stemmer på FrP. Dette ville då indikere at vegen mellom partia har vorte kortare på veljarnivå. Det same kan ein seie om den delen av undersøkinga som tek for seg veljarvandringane mellom partia. Dersom det er store vandringar av veljarar mellom dei to partia, indikerer dette at avstanden har vorte mindre. Resten av undersøkinga avslører kva slags haldningar veljarane har i enkeltsaker. Utviklinga av veljargrunnlaget til partia og haldningsendringar innanfor veljarmassen kan ein finne ved å setje dei forskjellige undersøkingane opp mot kvarandre, då mange av spørsmåla går att.

---

<sup>282</sup> <http://www2.vl.no/apps/pbcs.dll/article?AID=/20070203/ARTIKLER/70203002>

### 5.2.1: Innleiande om valundersøkingane til Statistisk sentralbyrå

Dei fire utvalde valundersøkingane, i tidsrommet 1993-2005, har vorte gjennomført i eit samarbeid mellom Statistisk sentralbyrå (SSB) og Institutt for samfunnsforskning (ISF). Forskningsleiar Bernt Aardal og professor Henry Valen, begge ved ISF, har hatt det faglege ansvaret for undersøkinga, og stått for utarbeidinga av skjema. SSB har trekt utvalet, gjennomført datainnsamlinga, tilrettelagd data i etterkant og retta feil i materialet.<sup>283</sup> Opplegget er stort sett uendra frå val til val, bortsett frå i 2001 då undersøkinga var delt i to mellom talmateriale som vart innhenta før valet og tal som vart innhenta etter valet.<sup>284</sup>

Ved alle dei fire aktuelle Stortingsvala deltok omlag 3000 personar i undersøkingane i kvart enkelt val. Av desse vert om lag halvparten av respondentane trekt ut frå det førre valet sitt utval. Det vil seie at ca. 1500 får delta i to valundersøkingar etter kvarandre. Den andre halvdelen vert trekt ut tilfeldig frå SSB sitt utvalsregister. Men utvalet vert også balansert ved å hente inn for eksempel ungdommar og innvandrar for at undersøkinga skal stemme overens med den norske befolkninga.<sup>285</sup>

### Feilkjelder

Når det gjeld usikkerheita ved resultatata til spørjeundersøkinga er eit av hovudproblema at berre eit utval av folket er trekt ut til å vere med. Dette kallast ofte utvalgsvarians. Denne usikkerheita følgjer heile undersøkinga, og slår til med vekslande styrke avhengig av kor mange som har svart på dei forskjellige spørsmåla. Standardavviket er eit mål på denne usikkerheita, og er mellom anna avhengig av talet på personar som deltek. Statistisk sett vil usikkerheita minke når talet på deltakar går oppover.<sup>286</sup> Dette ser derimot ikkje ut til å stemme for FrP sine veljarar. Partiet ser ut til å vere til dels kraftig underrepresentert ved alle valundersøkingane, uansett oppslutnad ved valet. I undersøkinga for stortingsvalet i 1993 oppgjev at 4,7 % av dei spurte stemte på partiet, medan det offisielle valresultatet seier 6,3 %. Det vil sei at kvar fjerde FrP-veljar "ikkje er med" i oversikta. For KrF var avstanden mykje mindre, men også dei var noko underrepresentert. Partiet fekk 7,9 % ved valet, mens 7,2 % av utvalet svarte at dei stemte på partiet.<sup>287</sup> Denne relativt høge underrepresentasjonen tek seg opp att for FrP i alle vala, medan KrF har ein liten overrepresentasjon i dei to vala dei gjorde

---

<sup>283</sup> Aardal 1995: 7

<sup>284</sup> Aardal 2003: 7

<sup>285</sup> Aardal 1999: 8

<sup>286</sup> Aardal 1995: 9

<sup>287</sup> Aardal 1995: 17

det godt, 1997 og 2001. Derimot har partiet ganske sterk underrepresentasjon i 2005, då dei gjorde det dårleg. Det ser ut til å liggje ein samanheng i at parti som har gjort gode val også har positiv differanse, og omvendt. I alle fall er dette tilfellet ved dei tre siste stortingsvala. Unntaket er FrP som alltid har svært negativ differanse, uansett korleis dei gjorde det i det verkelege stortingsvalet.<sup>288</sup> Det er vanskeleg å seie kva som skulle vere grunnen til dette, men det kan vere at ein del ikkje vil innrømme at dei faktisk stemte på partiet, eller at FrP sine veljarar rett og slett ikkje er like aktive til å delta i spørjeundersøkingar som andre. Det gjer at alle funn hjå FrP sine veljarar vert mindre sikre.

Eit problem som er vanskelegare å kontrollere er om intervjuobjektet gjev ”feil” svar, eller om intervjuaren kryssar av i feil rubrikk eller skriv ufullstendige opplysningar i skjemaet. Mange av desse feila vert aldri retta. Når det gjeld intervjuobjektet kan han gjere variantar av såkalla ”målefeil”. Den eine kan vere at objektet har problem med å hugse langt tilbake i tid, at spørsmålet er for komplisert eller blir misforstått. Ein spesiell type målefeil kan også vere at enkelte spørsmål vert oppfatta som ømtålege. Dette kan gjere at svaret går i retning av det som er mest sosialt akseptert.<sup>289</sup>

Eit anna problem som dukka opp undervegs i valundersøkingane er variasjonane på nokre av spørsmålsstillingane. Nokre av spørsmåla går att med eksakt lik ordlyd i alle dei tre aktuelle vala, og er derfor dei aller mest interessante å samanlikne. Andre har forandra nokre få ord frå førre gong, noko som sjølv sagt må takast med i rekneskapen, og andre igjen har stilt spørsmål om same tema, men med heilt forskjellige spørsmål, noko som gjer dei ganske vanskeleg å samanlikne. Eit eksempel på det siste er å ta stilling til desse to fråsegnene om skular: ”Vi bør tillate kommersielle privatskoler” var problemstillinga i 2005, medan den var ”Flere private skoler er nødvendig for å øke kvaliteten på undervisninga” i 2001. Desse er ikkje umiddelbart samanliknelege, men handlar om mykje det same, og vil verte brukt til å gje ein forsiktig peikepinn på rørsleane til veljarane. Det siste problemet med spørsmåla er den typen som vert stilt ved berre eit bestemt val, og som ikkje kjem igjen. Desse kan berre brukast til å undersøke avstanden mellom partia på eit bestemt tidspunkt.

---

<sup>288</sup> Aardal 2007: 27

<sup>289</sup> Aardal 1995: 10

### 5.2.2: Prioriteringar og avgrensingar

Eit sentralt problem ved starten av mitt arbeid med valundersøkingane var å velje ut dei undersøkingane som gav det beste og mest aktuelle bilete av veljarvandringane og haldningsendringane til veljarane. Sjølv om det allereie ved valet i 1989 var ein stor overgang av veljarar frå KrF til FrP,<sup>290</sup> så var det først på starten av 1990-talet at Carl I. Hagen hadde sett seg som mål å gjere FrP sin profil meir kristen-vennleg, i følgje den uautoriserte biografien ”Kong Carl”.<sup>291</sup> Det vart derfor naturleg å bruke denne profilendringa som grense for kva undersøkingar som skulle med i oppgåva, og kva som blir halde utanfor. Det første valet som vert teke med er derfor 1993.

Det er stor forskjell på dei fire utvalde vala når det gjeld relevans for oppgåva. Det første valet romar ei relevant tidsperiode, den første ”kristninga” av FrP, men svært få av spørsmåla i undersøkinga er vinkla opp mot partipreferansar. Det vil seia at ein ser folket under eitt i forskjellige spørsmål, og lar vere å dele dei opp etter kva parti dei stemte på. Den delen av undersøkinga som tek for seg aktuelle spørsmål i tida vert derfor nesten verdiløst i denne oppgåva sin samanheng, og vil derfor verte tona ned når det gjeld dette stortingsvalet. Framstillinga av partiprofilen i 1993 er derimot lik dei etterfølgjande vala, og vil derfor verte teken med. Når det gjeld vala i 1997 og 2001 har desse eit rikhaldig utval av spørsmål som er knytte opp mot partipreferansar. Mange av dei er også aktuelle for oppgåva. Dessverre liknar den mest interessante undersøkinga, for 2005, mest på den frå 1993. Den er faktisk heilt utan problemstillingar som er vinkla opp mot partipreferansar. Denne undersøkinga er derimot så viktig, fordi FrP stal rekordmange veljarar frå KrF i dette valet, at eg bestilte tala frå valet frå Norsk samfunnsvitenskaplege datatjeneste (NSD). Eg fekk då tilsendt svara på alle spørsmål i undersøkinga, frå alle dei nesten 3000 respondentane. Svara var sett inn i eit praktisk dataprogram, med eit rutenett der respondentane låg vassrett, og svara deira stod loddrett. Nesten alle svara var koda med eit tal mellom 0 og 9, og det var mogeleg å rangere veljarane etter kva svar dei hadde på eit bestemt spørsmål. Dei som svarte 0 vil då kome øvst, vidare dei som svarte 1, og så bortetter. Ei sentral kollone var den som avslørte kva parti veljarane stemte på, som gjorde at eg kunne fjerne alle som ikkje svarte enten 5 for KrF, eller 8 for FrP. Eg stod då att med 424 respondentar. 95 som stemte på KrF, og 329 som stemte på FrP. Med hjelp av rangeringsverktøyet kunne eg lett telje meg fram til kor stor svarprosent dei

---

<sup>290</sup> Ekeberg 2001:163

<sup>291</sup> Ekeberg 2001:223-225

forskjellege alternativa hadde fått på dei forskjellige spørsmåla. Denne undersøkinga, med mine bearbeidingar, følgjer oppgåva som vedlegg.

### **Val av saker**

KrF og FrP fokuserar på forskjellige saker, og ligg på nokre område langt frå kvarandre i standpunkt, medan dei på andre område ligg ganske tett opp til kvarandre. Sidan KrF ikkje lenger har monopol på dei kristne veljarane blir det derfor ei utfordring å plukke ut kva saker kristne veljarar i Noreg bryr seg mest om. Hovudsakleg er sakene som vart utplukka godt kjende tradisjonelle kristne hjertesaker, medan nokre få er av ein meir tidstypisk karakter, som for eksempel gen-forskning. I all hovudsak stemmer dei utplukka sakene også overeins med fundamentsakene som *Norge IDAG* og Finn Jarle Sæle er opptekne av. Dessverre er det ingen spørsmål knytt til veljarane sitt forhold til USA og Midtausten-konflikten, der spesielt i det sistnemnde tema hadde vore svært interessant å samanlikne partia. Det at desse to viktige områda i *Norge IDAG* sin journalistikk ikkje er teke med, øydelegg samanlikningsgrunnlaget litt, men dei fire andre fundamentsakene frå avisa som har vorte fokusert på i oppgåva er dekte, i alle fall til ei viss grad.

Private skulane, og spesielt dei kristne, er eit viktig område for begge parti, men kanskje på litt forskjellige måtar. KrF er opptekne av kristne skal ha alternative tilbud til undervisning, medan FrP kanskje meir er oppteken av privatisering av skulevesenet generelt. Uansett står dei, i alle fall på leiarnivå, side om side i sitt forsvar av dei kristne friskulane. I debatten rundt kristendomsundervisning i skulen er begge partia ivrige tilhengjarar av å få det kristne livssyn inn i skulen att, sjølv om FrP ikkje nemner dette i partiprogramma sine etter 1993. Begge gjev uttrykk for at denne delen av undervisninga er i ferd med å bli utvatna av det nye KRL-faget.

Når gjeld innvandring har nok dette vore ei meir sentral sak for FrP enn for KrF. FrP kjempar for full innvandringsstopp, medan KrF har lagt seg på ei langt meir forsiktig linje. Det kan tenkast at FrP vil tene mange kristne stemmer på å fokusere på den muslimske innvandringa, då det er mange som er urolige for den religiøse påverknaden frå desse. No er ikkje innvandring ei av Sæle sine fundamentsaker, men dette temaet kan gje ein viss peikepinn på KrF-veljarane sine haldningar til innvandrarar, også muslimske. Ein vil likevel ikkje kunne skilje den muslimske gruppa frå andre innvandrargrupper, då innvandrarane er sett under eitt i undersøkinga.

Problematikken rundt rettar for homofile er også ei sak som er viktig for begge parti. Ei tradisjonell grunngeving mot rettane deira frå ein kristen ståstad ligg ofte i tolkinga av bibelen, og at homofil livsstil vert sett på som syndig eller unormalt. Saka har fått auka aktualitet gjennom dei siste 30-40-åra då fleire og fleire har stått fram med si legning, og har vorte meir akseptert i mange delar av samfunnslivet. I undersøkinga oppstend det eit problem fordi det er forskjellige problemstillingar som er presentert på dette området. Mens problemstillinga dreiar seg om haldninga til sambuande homofile i 1997 og 2001, er den vendt til adopsjon for homofile i 2005. Hovudproblemet her er at desse to forskjellige typane spørsmål ikkje er opplagt samanliknelege.

Motstanden mot sjølvbestemt abort er ei gammal kristen hjartesak, som kan vere tapt i møte med det moderne samfunnet, men som det for mange er knytt sterk kjensler til. Litt i same temagata som abort ligg gen-forsking som er eit av dei nyare tema som er tekne med i den religiøse debatten. Mange kristne er opptekne av dei moralske aspekta ved å forske på mellom anna foster, og mykje av tankegodset som vert brukt i abortkampen vert også nytta her.

Eit av valundersøkinga sine spørsmål går ut på å finne kor på venstre/høgre-skalaen dei forskjellige veljarane plasserar seg på ein skala frå 0 til 10. Dette har ikkje så mykje med kristne hjartesaker å gjere, men vert her teken med for å følgje utviklinga av dei to veljargruppene sine rørsler langs denne aksen. I tillegg har også undersøkinga for 2005 ei oversikt som viser kva parti respondentane ikkje vil ha med i regjering. Spesielt interessant vert det naturleg nok å undersøke kva dei to partia sine veljarar meiner om kvarandre. Eit anna tilleggsspørsmål, som kjem utanfor dei valde saksområda, men som likevel er svært interessant, er om vi bør satse på eit samfunn der kristne verdiar spelar ei større rolle. Dessverre er denne problemstillinga berre med i undersøkingane for 1997 og 2001.

### **5.2.3: Veljarvandringane mellom KrF og FrP**

#### **Stortingsvalet 1993**

Dette valet vart av mange kalla EF-stortingsvalet, grunna den brennheite debatten om Noreg sin søknad om medlemskap i EF, som gjekk føre seg i valkampen framfor dette valet. Denne viktige saka sette mange andre aktuelle problem totalt i skuggen, og gjorde at parti som profilerte seg sterkt på dette området, spesielt på nei-sida, kunne få sterk framgang. I denne

samanhengen stilte KrF- og FrP-veljarane ganske ulikt i 1993, då partiet til dei førstnemnde veljarane halla klart mot nei-sida, og det sistnemnde i stikk motsett retning.<sup>292</sup> Men medan Sp auka oppslutninga si kraftig grunna si negative haldning til EF-medlemskap, greidde ikkje to andre EF-motstandarar, SV og KrF, å hauste fruktene. KrF hadde tvert om ein liten tilbakegong frå valet i 1989. For FrP sin del var valet ei katastrofe. Partiet fekk rekordoppslutninga 13,0 % ved valet fire år før, men vart meir enn halvvert til 6,3 % i dette. Mangelen på profilering av partiet sine viktigaste saker er sannsynlegvis største delen av forklaringa.

Ved dette valet var veljarvandringa mellom dei to partia nesten i likevekt. KrF tok 4 % av den totale veljarskaren til FrP frå valet i 1989, medan 5 % gjekk motsett veg. Dette var i følgje valstatistikkane siste gong KrF har teke veljarar frå FrP i det heile. Sjølv om valresultatet var brukbart hadde faktisk KrF eit netto veljartap til alle parti på Stortinget i forhold til valet fire år før. Dette vil seie at partiet mottok færre veljarar enn dei gav frå seg til alle parti. Likevel hadde dei svært lite fråfall til heimsitjargruppa. FrP på si side hadde ikkje overraskande, med tanke på det dårlege valresultatet, store tap av veljarar i fleire retningar, spesielt til Ap, Høgre og heimsitjargruppa. Likevel greidde altså partiet å ha ein netto veljargevinst i forhold til KrF, sjølv om han var liten.<sup>293</sup>

### **Stortingsvalet 1997**

Ved valet dette året gjorde begge parti eit brakval. Framstegspartiet gjekk fram 9,0 prosentpoeng til 15,3 %, og vart landet sitt nest største parti. Medan Kristeleg Folkeparti fekk 13,7 % oppslutning, ein framgong på 5,4 prosentpoeng, noko som gjorde at partiet tok tredjeplassen i storleik etter mandat. FrP og KrF fekk etter dette 25 mandat kvar i Stortinget, to fleire enn Høgre som var litt større enn KrF i talet på stemmer. Som ein naturleg følgje av denne valsuksessen hadde dei to partia netto veljargevinst i forhold til dei fleste andre parti frå stortingsvalet i 1993, i følgje Valundersøking til SSB. FrP tapte berre stemmer til Venstre, medan KrF, interessant nok, tapte til FrP.<sup>294</sup>

Sjølv om KrF allereie i 1997 hadde eit netto veljartap til FrP i forhold til valet i 1993, var tapet av ein svært avgrensa karakter. KrF tapte 2 % av sine gamle veljarar til FrP, medan

---

<sup>292</sup> Aardal 1995: 31

<sup>293</sup> Aardal 1995: 19

<sup>294</sup> Aardal 1999: 19

ingen i undersøkinga gjekk motsett veg. KrF var faktisk det partiet som FrP ”stal” færrest stemmer frå. På den andre sida var FrP det einaste partiet KrF ikkje tok stemmer frå, i følgje undersøkinga.<sup>295</sup>

### **Stortingsvalet 2001**

Valet i 2001 resulterte i ein liten tilbakegong både for FrP og KrF. FrP fekk 14,6 %, men fekk likevel eit mandat meir enn dei hadde ved førre val. KrF på si side enda på 12,4 %. Begge partia heldt seg med andre ord meir eller mindre stabile i eit val der andre parti opplevde store svingingar i oppslutnad i forhold til tidlegare val. SSB si valundersøking for dette Stortingsvalet viser at vandringane mellom partia langt frå var like fordelaktige for FrP og KrF som dei var fire år før.<sup>296</sup> FrP tapte, i følgje undersøkinga, 1/3 av 97-veljarane sine til Høgre i 2001, men lak lite til resten av partia, derav ingen til KrF. Vandringa andre vegen tok seg derimot opp ved dette valet, der 6 % av veljarane forlet KrF til fordel for FrP. Berre Høgre stal fleire stemmer frå KrF enn FrP.<sup>297</sup>

### **Stortingsvalet 2005**

Etter å ha vore omtrent jamstore i to Stortingsval på rad gjekk KrF og FrP i heilt forskjellige retningar ved valet i 2005. På førehand hadde formannen i FrP, Carl I. Hagen som sagt gått ut i media, og proklamert at FrP ikkje kunne støtte ei regjering leia av KrF sin statsministerkandidat, Kjell Magne Bondevik. Den sittande regjeringa leia av nettopp Bondevik erklærte at dei ikkje ville kaste statsministeren sin, noko som førte til ei endå sterkare splitting på borgarleg side mellom regjeringa og FrP. Valet vart ei katastrofe for KrF, som halverte stortingsgruppa si, og gjekk tilbake 5,6 prosentpoeng til 6,8 %. FrP gjekk på si side kraftig fram med ein oppslutnad på 22,1 %, ein framgong på 7,4 prosentpoeng.

Trass i FrP sin kraftige framgong ved dette valet var det ein forbausande liten del av 2001-veljarane deira som stemte på partiet også i 2005. Dette må sjølvsagt tyde på at partiet tek veljarar frå andre parti, og sjølvsagt også betydeleg fleire enn dei har tapt. Medan dei sjølve tapte mange av veljarane sine til Ap og Høgre, tok dei attende endå fleire frå Høgre, og mest

---

<sup>295</sup> Aardal 1999: 19

<sup>296</sup> Aardal 2003: 20

<sup>297</sup> Aardal 2003: 20



interessant av alt, 15 % av KrF sine veljarar. Partiet hadde netto veljargevinst til alle parti på Stortinget bortsett frå Ap. I tillegg hadde dei ein netto veljargevinst i heimesitargruppa.<sup>298</sup>

For KrF sin del er valstatistikkane trist lesnad. Med sitt katastrofeval lak partiet i alle retningar, og hadde netto veljartap til alle parti som kom inn på Stortinget. Berre frå Høgre greidde partiet å hente eit lite knippe veljarar. For tredje valet på rad greier ikkje partiet, i følgje statistikken, å hente nokon veljarar frå FrP. Partiet har også tap til heimesitargruppa. Tala sin tale er tydeleg, men kanskje mest overraskande for mange er at partiet taper mest til FrP som i likskap med Ap tek 15 % av dei gamle veljarane deira.<sup>299</sup>

Ein kan tolke den siste undersøkinga i den retninga at det er relativt lett å gå frå KrF til FrP, men vanskeleg å gå motsett veg. Ein logisk konklusjon ein kan trekkje er at avstanden mellom dei to partia har vorte mindre, sidan det er lettare for veljarane å vandre mellom dei. Det finst derimot ein klar logisk brest i dette fordi veljarflaumen berre går eine vegen. Ein teori som kanskje har meir føre seg er at mange av dei innanfor KrF som ville ha samarbeid med FrP, truleg forlet partiet med denne veljarstraumen over i FrP. Dette etterlet færre samarbeidsvillige i partiet, og reduserar faktisk sjansen for samarbeidsvilje innanfor KrF, og aukar avstanden mellom dei to veljarmassane.

#### **5.2.4: Partiprofilar for KrF og FrP basert på fråhald og religiøs tilknytning**

I SSB si oversikt over partiprofilane til dei to partia er det to områder som utmerkar seg som spesielt interessante i denne samanhengen. Det er forholdet partiet sine veljarar har til fråhald frå alkoholhaldige drikkevarer og tilknytninga deira til religiøse miljø. Begge kategoriane er delt inn i fire typar. Når det gjeld fråhaldsdelen er denne delt inn ”aktiv fråhald”, ”passiv fråhald”, ”passiv ikkje-fråhald” og ”protesterande ikkje-fråhald”. Her tyder den første kategorien at ein er svært eller nokså interessert i fråhaldssaka, medan den siste meiner at styremaktene si alkoholregulering er for streng. Religiøs tilknytning er delt inn i ”medlem”, ”middels aktivitet”, ”lav aktivitet” og ”passiv”. Førstnemnde går på medlemskap i kristeleg foreining eller organisasjon, ”middels” tyder å ha delteke på religiøse møter meir enn to gongar den siste månaden, medan ”lav” har ein frekvens på 1-2 gongar, og ”passiv” er utan oppmøte.<sup>300</sup>

---

<sup>298</sup> Aardal 2007: 9

<sup>299</sup> Aardal 2007: 9

<sup>300</sup> Aardal 1999: 13

## **KrF**

Tala for KrF ved valet i 1993 skil seg markant frå alle dei andre tala i begge kategoriar. Når det gjeld fråhaldssaka svarar nemleg 53 % av KrF sine veljarar at dei er ”aktiv fråhald” i 1993,<sup>301</sup> mot berre 29 % fire år seinare. Dette aukar litt igjen i dei to neste Stortingsvala til 34 % og vidare til 37 %, <sup>302</sup> utan at dei igjen oppnår tala frå 1993. Dette kan ha med den lave oppslutnaden partiet hadde ved valet i 1993, og at dei derfor stod på eit slags grunnfjell av veljarmassen. I dei to vala som følgde hadde partiet ein sterk framgong, og trekte derfor kanskje til seg ein større del av veljarane som ikkje var religiøse i same grad som grunnfjellet var. Dette kan vere årsaka til delen av fråhaldsfolk i veljarmassen gjekk ned i desse vala, for så å gå opp igjen ved siste val då oppslutnaden gjekk tilbake att. Same tendensen finn vi Bernt Aardal i si studie av førre stortingsval, sjølv om han ikkje nemner dette i samanheng med valet i 1993.<sup>303</sup>

Den same tendensen kan ein sjå i oversikta over den religiøse aktiviteten. Her svarar 57 % av partiet sine veljarar at dei er medlemmar i ein religiøs organisasjon i 1993, medan talet vert redusert til 35 % i 1997.<sup>304</sup> Dette talet stig, som i den fråhaldskategorien, i båe dei to Stortingsvala som følgjer, til 40 % og vidare med ei dramatisk stigning til 59 % i 2005.<sup>305</sup> I denne delen kan ein sjå endå tydelegare at partiet nesten berre har grunnfjellet att i 1993 og i 2005, medan dei i dei to mellomliggande vala har ei meir verdimesig samansett veljarmasse. Dette viser igjen på delen av dei som er passivt religiøse innanfor veljargruppa. Denne stig som venta til eit høgt nivå i 1997 og 2001, med 27 % og 23 %, <sup>306</sup> medan det i 1993 var 15 %, <sup>307</sup> og gjekk heilt ned i 4 % i 2005.<sup>308</sup>

## **FrP**

Når det gjeld FrP er ikkje statistikken for fråhaldssaka så interessant som for KrF. Grunnen er at denne held seg ganske stabil i heile perioden, også om ein tek med 1993-valet. Når det gjeld gruppa med aktive fråhaldande ligg delen av partiet sine veljarar som har denne statusen på mellom 2 % og 5 % mellom vala, medan gjennomsnittet i folket varierar mellom 4 % og 9 %. Verdt å merkje seg er at FrP-veljarane 5 % i 2001, til 2 % i 2005, medan gjennomsnittet

---

<sup>301</sup> Aardal 1999: 23

<sup>302</sup> Aardal 2007: 17

<sup>303</sup> Aardal ”Norske velgere” 2007: 53

<sup>304</sup> Aardal 1999: 23

<sup>305</sup> Aardal 2007: 17

<sup>306</sup> Aardal 2007: 17

<sup>307</sup> Aardal 1999: 23

<sup>308</sup> Aardal 2007: 17

for befolkninga sett under eitt går frå 8 % til 4 % i same periode.<sup>309</sup> Eit tilsvarande fall finn vi likevel ikkje mellom KrF sine veljarar.

I det religiøse spørsmålet gjev oversikta over den delen av FrP-veljarane som er passivt religiøse ikkje noko eintydig utvikling, då denne svingar opp og ned i området 61-71 %.<sup>310</sup> Medan gruppa som var religiøst aktive gjekk markant fram i førre val. Denne delen låg jamt på 6-7 % i perioden 1993-2001,<sup>311</sup> medan det steig bratt til 11 % ved valet i 2005.<sup>312</sup> Partiet hadde til då ligge eit par prosent under veljargjennomsnittet som hadde ligge på 8-10 %, til å leggje seg på ein prosent over gjennomsnittet ved førre Stortingsval. Dette var også valet då FrP tok flest stemmer frå KrF, og sjølv om framgangen ser relativt liten ut, er det ikkje utenkeleg at det var overgangen av veljarar som gjorde utslaget. Dette er også det einaste teiknet på at FrP nærmar seg KrF i oversikta over partiprofilane, sjølv om avstandane framleis er svært store.

### **Studien av stortingsvalet i 2005**

I sitt kapitel for studia av stortingsvalet i 2005 brukar Sunniva Holberg eit sitat frå ein leiarartikkel av Finn Jarle Sæle som eksempel på at kristne no tek i mot FrP med opne armar.<sup>313</sup> Eit av dei mest interessante funna hennar er at utviklinga i oppslutninga mellom dei ho kallar ”organisert aktive” kristne. Denne kategorien er noko lausleg definert, men ut frå forklaringa som vert gjeven ser det ut til at det er mykje av det same som ”medlem” under religiøs tilknytning i partiprofilane frå valundersøkinga, som vert forklart i neste delkapitel. Her fann ho at i 2001 stemte 48 % av dei ”organisert aktive” KrF, mot berre 24 % i 2005. Dette er dramatiske tal om ein tek i rekneskapet at partiet aldri før har vore under 39 % så lenge desse undersøkingane har helde på. Ikkje overraskande har FrP på si side lenge hatt relativt låg oppslutnad i denne gruppa. Gjennomsnittleg har differansen mellom dei to partia vore på 43 prosentpoeng i 1973-2001. Denne differansen datt som ei lodd til berre 9 prosentpoeng i 2005, då FrP noterte sitt soleklart høgaste oppslutnad i denne gruppa nokon gong, med 15 %.<sup>314</sup>

---

<sup>309</sup> Aardal 2007: 20

<sup>310</sup> Aardal 2007: 20

<sup>311</sup> Aardal 1999: 26

<sup>312</sup> Aardal 2007: 20

<sup>313</sup> Holberg i Aardal ”Norske velgere” 2007: 227

<sup>314</sup> Holberg i Aardal ”Norske velgere” 2007: 233

Holberg sin konklusjon når det gjeld veljarvandringa er at FrP-veljarane har vore i rørsle i ei religiøs retning, men at dei framleis er eit godt stykke unna KrF-veljaren. Ho finn heller ingen teikn på ei aukande tilnærming mellom partia når det gjeld innvandring og innvandringspolitikk. Koplinga mellom religiøse verdiar og innvandring som har gjort seg gjeldande internasjonalt, har ikkje kom til syne her i landet. Holberg trur også at KrF sine regjeringsdeltakingar har redusert handlingsrommet deira i forhold til Israel-spørsmålet, noko som har gjort at veljarar med hjarte for jødane har gått over til FrP, som til tider har framstått som "Israels beste venn". Hovudpoenget er likevel at FrP-veljarane har nærma seg KrF-veljarane, men at dei framleis er eit godt stykke unna. Samstundes haldninga til innvandrar nesten uforandra, og i Israel-spørsmålet tek FrP over veljarane til KrF, snarare enn å nærme seg partiet.<sup>315</sup>

### **5.2.5: Partisamanlikningar over forskjellige aktuelle tema**

Spørsmåla og problemstillingane som respondentane skulle svare på kunne i all hovudsak delast opp i tre typar svaralternativ. Den første gjekk ut på å svare ved hjelp av ein skala frå 0 til 10, der desse to tala representerar to ytterkantar innanfor eit spørsmål. Neste kategori var å svare ved hjelp av utsegnene "helt enig", "nokså enig", "både og", "nokså uenig" og "helt uenig". Den siste var ein slags kombinasjon av dei to føregåande, der ein fekk presentert fire påstandar som var rangert frå ein til fire, der ein skulle velje den ein er mest samd med.

Mange av spørsmåla og problemstillingane frå undersøkinga i 1997 og 2001 vart som sagt heldt opp mot kva parti dei enkelte veljarane hadde stemt på. Slik kan undersøkingane hjelpe oss til å finne fram til haldningar som er typiske for kvar enkelt veljargruppe, og ut frå dette kan vi få ein peikpinn på rørslene til KrF og FrP sine veljargrupper, og om desse har kome nærare kvarandre dei siste vala. Eit problem med vala i 1993 og 2005 er at desse såg respondentane av undersøkinga under eitt, og ikkje i forhold til partitilhøyrse. Dette problemet vart, som nemnd, løyst i det siste valet ved at eg fekk tala frå undersøkinga tilsendt frå NSD, og rekonstruerte dei slik at dei kunne samanliknast med vala i 1997 og 2001. Dette problemet vart ikkje løyst når det gjaldt 1993, så dette valet vert tona ned i denne delen, og hovudfokuset heller retta mot 1997, 2001 og 2005.

---

<sup>315</sup> Holberg i Aardal "Norske velgere" 2007: 343

## **Innvandring**

Når det gjeld innvandring treff ikkje spørsmåla i undersøkinga heilt med den delen av innvandringa som er relevant for oppgåva. Det mest interessante hadde vore å undersøkt kva respondentane meinte om muslimske innvandrarar sin innverknad på norsk, og spesielt kristen, kultur. Eit så spesifikt spørsmål finns ikkje i nokon av undersøkingane, men ein kan få ein viss idé om korleis veljarane sine haldningar til innvandrarar er innanfor dei to partia, og kva avstanden mellom veljargruppene er på dette tidspunktet.

Den kanskje beste indikatoren i undersøkinga på om KrF og FrP er samde i innvandringa sin påverknad på norsk, fortrinnsvis kristen, kultur, er utsegna ”Innvandring utgjør en alvorlig trussel mot vår nasjonale egenart”. Denne har vore med i alle dei tre aktuelle undersøkingane, og ordstillinga har vore heilt uforandra. I 1997 var 68 % av FrP-veljarane enten ”heilt samd” (”helt enig”), eller ”nokså samd” (”nokså enig”) i denne påstanden,<sup>316</sup> noko som heldt seg nokså stabilt i dei to neste vala også.<sup>317</sup> KrF sine veljarar legg seg her på eit nivå som er omtrent det halve av FrP sine tilsvarende tal med rundt 1/3 av stemmene både i 1997<sup>318</sup> og i 2001,<sup>319</sup> før det plutseleg sprett opp i 44 % i 2005.<sup>320</sup> Største endringa ser ut til å vere at mange flyttar seg frå ”nokså usamd” (”nokså uenig”) til nokså samd, då svært få svarar mellomalternativet ”både og”. Den høge oppslutnaden rundt utsegna frå FrP-veljarane si side er ikkje spesielt overraskande. Den bratte auken i KrF si veljarmasse treng derimot ei forklaring. Sidan så mange forlet partiet til fordel for FrP ved dette valet, skulle ein tru at ”FrP-element” som innvandringsmotstand ville gå ned, i staden går den opp. Dette kan ha med aktualiteten til utsegna å gjere. Det kan tenkast at karikaturstriden i muslimske verda og den aukande valden i Irak kan ha vore med på å drage ein del KrF-arar over til ein meir innvandrarskeptisk posisjon.

Til utsegna ”I dårlige tider bør vi først og fremst sørge for arbeid til nordmenn” er det berre litt høgare oppslutnad for ”heilt samd” enn for ”nokså samd” mellom KrF sine veljarar over alle tre vala, enn det motsette synet. Mellom FrP sine veljarar ser ¾ ut til å ha innteke dei same standpunkta. Halvparten av FrP sine veljarar har også innteke det standpunktet ”heilt

---

<sup>316</sup> Aardal (1999: 37)

<sup>317</sup> Aardal (2003: 36) og Appendix

<sup>318</sup> Aardal (1999: 37)

<sup>319</sup> Aardal (2003: 36)

<sup>320</sup> Sjå Appendix

samd". Alle desse tala er forbausande stabile over alle tre vala. Tyngdepunktet for KrF sine veljarar ligg altså nesten heilt på midten av skalaen, medan FrP sitt tyngdepunkt ligg heilt ut på eine kanten.<sup>321</sup>

Ei anna problemstilling relatert til innvandring gjeld om ein skal gjere det lettare for innvandrarar å få "adgang" til Noreg, eller om dette bør avgrensast endå meir enn i dag. Dette spørsmålet vert svart på med hjelp av ein skala frå 0 til 10, der den mest restriktive politikken stend for 10. Påfallande for begge partia i alle tre vala var den lave tilslutninga til karakterane heilt opp til og med fire. For eksempel svarte berre 9 % av KrF sine veljarar enten 0, 1, 2, 3 eller 4 ved valundersøkinga i 2005.<sup>322</sup> Karakteren 5 som ligg midt på skalaen som ein slags "både og"-karakter, har derimot stor tilslutnad frå KrF sine veljarar ved alle tre vala. Dette er den klart hyppigast brukte karakteren for desse veljarane, der om lag ein tredjedel svarar dette. Dette er slett ikkje tilfellet for FrP sine veljarar som varierar mellom 5 % og 11 % på denne karakteren. Ved alle tre vala har FrP sine veljarar karakteren 10 som den klar mest populære på dette spørsmålet, med rundt 40 % av stemmene. KrF har altså tyngdepunkt rundt midten av skala, sjølv om dei hallar litt over mot ein meir restriktiv politikk. FrP sine veljarar har tyngdepunktet heilt til høgre på skalaen, og der tilslutnaden nesten søkk heilt proporsjonalt med karakterane. Dessutan er det nesten inga utvikling for nokon av partia. Tala er ganske jamne for alle tre vala.<sup>323</sup> Tyngdepunkta på skalaen til dei to veljarmassane ligg altså eit godt stykke frå kvarandre, men ein ting ser dei ut til å vere samde om; innvandrarar bør ikkje få lettare tilgang til Noreg.

### **Private skular og kristendomsundervising**

Når det gjeld spørsmål relatert til opprettinga av private skular, ser det ut til at dei to veljargruppene står på same side. I undersøkingane er det litt for mykje variasjon i spørsmåla frå val til val til at det er teneleg å samanlikne dei direkte. Likevel viser dei forskjellige spørsmåla i alle fall ein ting, nemleg likskapen mellom veljarane til KrF og FrP i dette spørsmålet. 26 % av begge veljargrupper var i 2005 "heilt samd" i at det bør tillast å opprette kommersielle private skular. Rett nok hadde FrP ein del fleire som svarte "nokså samd" enn KrF, så summen av "heilt samd" og "nokså samd" vart 47 % på KrF mot 60 % på

---

<sup>321</sup> Aardal (1999: 53), (Aardal 2003:54) og Appendix

<sup>322</sup> Sjå Appendix

<sup>323</sup> Aardal (1999: 43), Aardal (2003: 73) og Appendix

FrP.<sup>324</sup> I 2001 var likskapen endå større då veljarane vart presentert for utsegna: ”Flere private skoler er nødvendig for å øke kvaliteten på undervisninga”. I begge partia sa 60 % av veljarane sa seg ”heilt samd” eller ”nokså samd” i påstanden.<sup>325</sup> Trass i denne store tilslutnaden til private skular, er tydelegvis veljarane også ivrige tilhengjarar av den offentlege skulen. I same undersøking, stod det også ei problemstilling retta mot offentlig skular: ”en sterk offentlig skole er nødvendig for å sikre alle et likeverdig utdanningstilbud”. Her var heile 87 % av begge partia sine veljarar enten ”heilt samd” eller ”nokså samd” i påstanden.<sup>326</sup>

Ein anna viktig del av skulepolitikken for kristne er synet på kristendomsundervisninga. Ved alle tre vala har respondentane plassert seg sjølv på ein skala frå 0 til 10 i dette spørsmålet. Der 0 er obligatorisk kristendomsundervisning i grunnskulen, og 10 er frivillig kristendomsundervisning i grunnskulen. KrF sine veljarar gav naturleg nok stor støtte til kristendomsundervisninga. Ikkje uventa la mellom 69 % og 84 % av deira veljarar seg på karakterane frå 0 til 3 på denne skalaen ved dei tre vala, og med svært få svar på dei høgste tala. FrP sine veljarar halla også mest mot obligatorisk kristendomsundervisning, men ikkje på langt nær så mykje som KrF sine. Dei hadde rett nok rundt 30 % av sine veljarar på karakteren 0, men tala var mykje meir spreidd utover linja, og med rundt 20 % på karakteren 10. Veljarane fjerna seg også frå kvarandre, FrP hadde flest tilhengjarar for kristendomsundervisninga i 1997, hadde KrF den høgste oppslutnaden frå 2005.<sup>327</sup>

### **Abort og gen-politikk**

Det mest interessante abortspørsmålet var delt inn i fire. Respondenten vart presentert for fire forskjellige standpunkt, og skulle ta stilling til kva for eit av dei han sto nærmast. Den første var at abort aldri skal tillastast, nummer to var at det skal tillastast om liv og helse er i fare, på det tredje punktet skulle det tillastast grunna personlege forhold, og den siste var sjølvbestemt abort. Denne problemstillinga var nesten heilt uforandra over dei tre aktuelle vala. Innanfor begge veljarmassane var det svært få som plasserte seg sjølv på det første alternativet. Derimot er det svært mange veljarar frå KrF som plasserar seg på nummer to, mellom 52 % og 64 %, der det høgste talet kom i 2005. For FrP varierar tala stort på dette punktet, med mellom 13 % og 26 %, der det lågaste talet kom i 2005. For KrF varierar tala for sjølvbestemt abort stort, mellom 15 % og 30 %, medan FrP sine veljarar ligg mellom 51 % og 65 %.

---

<sup>324</sup> Sjø Appendix

<sup>325</sup> Aardal (2003: 35)

<sup>326</sup> Aardal (2003: 70)

<sup>327</sup> Aardal (1999: 44), Aardal (2003: 74) og Appendix

Spesielt interessant å observere er at det lågaste talet til KrF kom i 2005, medan det høgaste for FrP også kom dette året. Slik var det også for punkt to, så kanskje kan ein sjå ein trend i at partia sine veljarar er på veg vekk frå kvarandre på dette punktet.<sup>328</sup>

Når det gjeld gen-politikk er dessverre materialet i undersøkingane mangelfullt. Berre i 1997 vart det laga ei problemstilling som var relatert til dette området. Respondenten skulle den gongen ta stilling til utsegna ”Det bør ikke være lov til å foreta inngrep i naturlige arveanlegg hos mennesker og dyr”. Her såg det ut til at veljarane frå dei to partia var på linje. 93 % var ”heilt samd” eller ”nokså samd” i denne påstanden mellom KrF sine veljarar og 88 % for FrP.<sup>329</sup> Det einaste ein kan seie ut frå desse tala er at dei to veljargruppene såg ut til å semjast på dette området i 1997.

### **Synet på homofile**

I undersøkingane for 1997 og 2001 vart respondentane stilt overfor utsegna ”samboende homofile bør ha samme rettigheter som gifte”. Mellom desse vala var det få endringar innanfor partia, der KrF hadde halvparten på ”heilt usamd”, og ytterlegare nesten 20 % på ”nokså usamd”. FrP var ikkje full så sterke motstandarar, og hadde for eksempel jamt ¼ på ”heilt samd”, men hadde likevel 60 % på ”nokså usamd” og ”heilt usamd” tilsaman.

Dessverre er det ikkje mogeleg å gjere ei slik samanlikning i 2005, fordi det då vert presentert eit heilt nytt spørsmål som krinsa rundt homofile sine rettar, nemleg adopsjon. Spørsmålet var om homofile skulle ha same mogelegheit som heterofile til å adoptere. Også her halla begge veljargruppene kraftig mot den sida som ville nekte homofile denne retten. Eit anna likskapstrekk med tidlegare problemstillingar om homofile er at FrP ikkje var fullt så eintydige som KrF var, og hadde faktisk 25 % på ”heilt samd” og ”nokså samd” tilsaman, mot KrF sine 9 %. KrF hadde også klart høgare på ”heilt usamd” med sine 80 %, mot FrP sine 52 %.<sup>330</sup>

### **Andre interessante statistikkar**

Ei anna problemstilling som berre var med i undersøkinga i 1997 og 2001 var om vi burde satse på eit samfunn der kristne verdier spelte ei større rolle. Her låg FrP sine veljarar veldig jamt fordelt utover, med rundt 20 % på alle alternativa, bortsett frå ”både og”-, og ”veit

---

<sup>328</sup> Aardal (1999: 32), Aardal (2003: 52) og Appendix

<sup>329</sup> Aardal (2003: 65)

<sup>330</sup> Aardal (1999: 39), Aardal (2003: 38) og Appendix



ikkje"-kategorien. Einaste større endringa på dei undersøkingane for partiet var at "nokså samd" sakk frå 33 % til 26 % frå 1997 til 2001, medan "heilt usamd" steig frå 12 % til 19 %. Partiet sine veljarar gjekk altså tydelegvis ikkje i ei meir religiøs retning mellom desse vala. For KrF sin del låg ikkje uventa brorparten av veljarane deira på "heilt samd", med 67 %, i tillegg til at ytterlegare 22 % låg på "nokså samd". Begge desse tala sakk litt til 2001, men hadde framleis eit stort fleirtal.<sup>331</sup> Det mest interessante hadde sjølvst vore å ha tal for 2005 på dette, men denne problemstillinga var som sagt ikkje med i den undersøkinga.

Eit spørsmål som derimot har gått igjen ved alle tre undersøkingane er spørsmålet om kvar ein vil plassere seg sjølv på ein politisk venstre-høgre-akse, som er skalert frå 0 på ytste venstre side til 10 på ytste høgre side. KrF sine veljarar hadde flest treff på 5, der mellom 24 % til 35 % av deira veljarar plasserte seg på dei tre vala. Gjennomsnittet ser likevel ut til å liggje på ein plass mellom 5 og 6, eller på 6, ved alle vala. FrP sine veljarar plasserte seg oftast på 8 med rundt ein ¼ av respondentane, medan midtpunkt ser ut til å ha låge på rundt 7. Begge partia har til felles at berre karakterane 5 til 8 har 10 % eller meir av veljarane, men tyngdepunkta ligg altså i kvar sin ende av dette sjiktet.<sup>332</sup>

### **Kva med regjeringssituasjonen?**

Eit svært interessant spørsmål som vart stilt i undersøkinga for 2005, men som stend utanfor dei vanlege saksspørsmåla, omhandlar potensielle regjeringssamarbeid. Dessverre er ikkje tala for dei to andre vala tilgjengeleg på dette spørsmålet, i alle fall ikkje sett i samanheng med partipreferansar. I første del av spørsmålet vart respondentane bedne å svare på om det er noko parti dei ikkje ville ha med i ei regjering. Mellom KrF sine veljarar svara 38 % at dei ikkje ville ha med FrP. Berre 3 % ville stenge ute Høgre.<sup>333</sup> 17 % av KrF-veljarane ville ikkje stenge ut noko parti frå ei regjering.<sup>334</sup>

Også mange av FrP sine veljarar har minst eit parti dei ikkje vil ha med i regjeringa, 72 %. Av desse var det ein fjerdedel som ikkje ville ha med KrF i regjeringa. På same tid var det berre 2 % som ikkje ville ha med Høgre i ei regjering.<sup>335</sup> 25 % vil ikkje stenge noko parti ut

---

<sup>331</sup> Aardal (1999: 68), Aardal (2003: 68)

<sup>332</sup> Aardal (1999: 59), Aardal (2003: 79) og Appendix

<sup>333</sup> Sjå Appendix

<sup>334</sup> Sjå Appendix

<sup>335</sup> Sjå Appendix

frå regjeringssamarbeid.<sup>336</sup> Veljarane til begge parti er med andre ord litt skeptiske til kvarandre, men derimot svært vennleg innstilt til Høgre. Det ser med andre ord ut til at begge partia vil kunne oppleve ei stor veljarflukt om dei skulle hamne i samarbeidsregjering med den andre. Mest å tape har tydelegvis KrF, noko partileiinga truleg har merka seg.

### 5.3: Oppsummering

KrF og dei andre borgarlege partia har i samband med alle sine regjeringsskipingar vore klare på at FrP ikkje skulle vere ein del av samarbeidet. Dette trass i at FrP har vakse seg så stort at det no er vanskeleg å halde dei utanfor ei borgarleg regjering, i alle fall med tanke på ei fleirtalsregjering. På leiarnivå ser det heller ikkje dei siste åra ut til å vere store endringar i forholdet mellom FrP og KrF. At KrF-leiar Dagfinn Høybråten prøvde å tale med same røyst som Carl I. Hagen i forsvaret av Israel, kan kanskje meir sjåast på som eit forsøk på å demme opp for veljarflukta, heller enn å kome FrP i møte med tanke på samarbeid. Medan toppane nærmar seg kvarandre i Midtausten-konflikten, fjernar dei seg på andre områder, som for eksempel når det gjeld blasfemiparagrafen. Denne paragrafen vart sikra av regjeringa med Bondevik i spissen i 2005, med hjelp av FrP i Stortinget, etter at partiet først ville fjerne den. Finn Jarle Sæle trykte trygginga av denne paragrafen til sitt bryst, og tok den som eit av teikna på at eit samarbeid mellom KrF og FrP var nær føreståande.<sup>337</sup> Berre to år etter ville FrP på nytt fjerne han, noko som fekk Høybråten til å uttale at avstanden no hadde vorte større. Når avstanden, i følge partileiaren, har vorte større skulle det tilseie svært små sjansar for eit samarbeid då dette var uaktuelt allereie medan avstanden framleis ikkje var så stor som no. Denne haldningsendringa i FrP gjer draumen om samarbeid endå fjernare for Sæle.

Mellom veljarane ser avstanden ut til å vere mindre enn mellom leiarane. Når det gjeld veljarvandringane, kan desse tolkast på fleire måtar. Etter relativt beskjedne overgangar mellom partia i 1993 og 1997, aukar plutselig FrP sin veljarkapring frå KrF i 2001 til 6 % mot 0 % motsett veg. Dette toppar seg fire år seinare når FrP stel 15 % av KrF sine veljarar, medan framleis ingen gjeng motsett veg. Ein skulle tru at det var mindre avstand mellom partia så lenge det var store veljarovergongar. Problemet er at desse berre går ein veg, til FrP. Ei meir nærliggande slutning er at sidan så mange forlet KrF til fordel for FrP er det få igjen av den fløya i KrF si veljarmasse som låg nært opp til FrP, noko som aukar avstanden mellom dei.

---

<sup>336</sup> Sjå Appendix

<sup>337</sup> <http://www.idag.no/debatt-oppslag.php3?ID=5184> ("Høybråten – en sann intellektuell" 09.06.2004)

Når det gjeld partiprofilane til dei to partia i undersøkingane, så er det berre KrF sine veljarar som følgjer eit klart mønster. Både i fråhaldsspørsmålet og spørsmålet om religiøs tilknytning har KrF to toppar, ein i 1993 og ein i 2005, medan oppslutninga rundt desse spørsmål er markert lågare i 1997 og 2001. Dette kan kome av at partiet hadde klart lågare oppslutnad i dei to førstnemnde vala, som sannsynlegvis førte til at dei stod att på grunnfjellet av veljarmassen sin. Ein nærliggande tanke er det då at dei mest religiøse stod at som veljarar av partiet, noko som viste seg i statistikken. Dette grunnfjellet ser ut til å vere lenger frå FrP, enn når partiet er større og har mange veljarar som ikkje tilhøyrer grunnfjellet. Dette kan forklare kvifor partiet er lengst frå FrP-veljarane sine haldningar når partiet er lite. FrP på si side ligg på ein jamt låg oppslutnad på både fråhaldssak og religiøsitet, sett i forhold til landsgjennomsnittet. Interessant nok spratt religiøsiteten i partiet eit godt hakk opp i 2005, til å leggje seg over landsgjennomsnittet, i eit val der partiet stal rekordmange veljarar frå KrF.

Rett nok ser vi ein klar auke i skepsisen mot innvandrarar sin innverknad på den nasjonale eigenarten vår mellom KrF sine veljarar i siste val, men dei andre statistikkane over innvandringsrelaterte spørsmål viser ingen eintydig framgang for denne haldninga. Derimot kan ein ut frå statistikkane sjå at KrF-veljarar ikkje akkurat vil gjere det lettare for innvandrarar å kome til landet. Dette er derimot ikkje noko nytt i siste val, men har vore jamt i alle tre. Ikkje overraskande legg FrP sine veljarar seg på ei langt meir innvandrings skeptisk linje enn KrF sine, der dei mellom anna vil gjere det mykje vanskelegare for innvandrarar å få tilgang til Noreg. Med andre ord var det få overraskingar her, og ikkje noko som eintydig tyder på at veljarane nærmar seg kvarandre på dette området.

I skulepolitikken ser veljarar til dei to partia ut til å vere mykje meir samde enn i innvandringsspørsmålet. Begge gruppene er tilhengjarar av private skular, men også, forvirrande nok, er dei sterke tilhengjarar av den offentlege skulen. Likevel er det forskjellar også her. FrP sine veljarar er ikkje like opptekne av obligatorisk kristendomsundervisning, som det KrF er. Sjølv om dette ikkje var spesielt overraskande, er det interessant å leggje merke til at oppslutnaden rundt kristendomsfaget var sterkast for FrP i 1997, og svakast i 2005. Det kan dermed sjå ut som veljargruppene heller fjernar seg frå kvarandre, enn at dei kjem nærare. Om dette er tilfellet gjev det Sæle sine draumar eit skot for baugen, då denne saka var eit av dei områda kor Sæle tydeleg hadde mest tru på at partia kunne samarbeide.

Når det gjeld abortpolitikken har KrF og FrP, i alle fall i følgje partiprogramma, vore motpolar. KrF er tilhengjarar av ei meir restriktiv abortlov enn den som er no, medan FrP korkje engasjerar seg spesielt mykje i saka, eller er spesielt usamde i den gjeldande lova. Få av veljarane, i nokon av partia, legg seg på ei totalforbodslinje. Derimot er det svært mange KrF-veljarar som legg seg på ei meir restriktiv linje, med stor avstand til tala som gjeld FrP-veljarar. Når det gjeld spørsmålet om retten til sjølvbestemt abort sprikar tala aller mest i 2005, der berre 15 % av KrF sine veljarar er tilhengjarar, medan talet for FrP er 65 %. Avstanden er altså på 50 prosentpoeng. Sjølv om det ikkje er noko eintydige haldningsendringar fram mot dei siste vala innanfor veljargruppene på andre områder, kan ikkje dette seiast å tale til fordel for Sæle si tese om at veljarane skal verte meir samde seg imellom enn partitoppene. Heller ikkje på spørsmål som krinsa rundt haldningar til homofile og homofile rettar, hadde partia nærma seg kvarandre markert på veljarnivå. Begge veljargruppene var rett nok mellom dei aller mest skeptiske når gjaldt rettar for homofile, men likevel var avstandane relativt store.

I tala frå undersøkingane i 1997 og 2001 var det ganske eintydig at veldig mange av KrF sine veljarar var opptekne av at kristne verdiar skulle spele ei større rolle. Ikkje overraskande var ikkje tala for FrP sitt vedkomande like store. Denne problemstillinga kunne vore svært interessant hadde det ikkje vore for at den ikkje var gjenteke i 2005. Veljarane si eigenplassering på ein venstre-høgre-skalaen frå 0 til 10, var derimot med på alle vala. Den viste at KrF sine veljarar plasserte seg mellom 5 og 6, medan FrP-veljaren gjennomsnittleg plasserar seg sjølv på rundt 7. Avstanden er ikkje avskrekkande stor i dette spørsmålet, men tala for regjeringssamarbeid i 2005 er meir dramatiske for dei som ønsker regjeringssamarbeid mellom partia. Innanfor KrF si veljarmasse ville 38 % ikkje ha samarbeid med FrP, medan 24 % av FrP sine ikkje ville ha med KrF i regjering. Tala som Sæle refererer til når det gjeld vilje til samarbeid er ofte meir fordelaktige enn dei som valundersøkinga har funne. Noko som vil seie at også desse tala ser ut til å gjere det vanskelegare for å Sæle å realisere draumane sine.

## 6. Konklusjon

Som ein kan sjå av partihistoriene fram mot 1993 var det ikkje mykje som tyda på at det ville verte ein koalisjon eller allianse mellom KrF og FrP som skulle sikre kristne hjertesaker. Liberalist-fløya i FrP gjorde på landsmøtet dette året eit iherdig forsøk på å fjerne seg frå kristne verdiar, medan KrF på si side hadde hatt tydelege vanskar med å samarbeid med andre borgarlege parti berre nokre år før, på grunn av EF-saka. I dette politiske klimaet byrja den dåverande Dagen-redaktøren Finn Jarle Sæle eit prosjekt som hadde som mål å hindre partnerskapslova i å verte vedteken i Stortinget, Kristen Koalisjon Norge. Sjølv om rørsla var relativt lita kan dette ha vore det som for alvor utløyste Sæle si interesse for alliansar om kristne saker.

### **Alliansebygging – Eit luftslott eller berande konstruksjon**

Då Sæle starta si eiga avis, *Norge IDAG* i 1999, var det først utan så mange spor av alliansetankar. Dei første to åra hadde faktisk korkje FrP eller alliansar nokon sentral plass i avisa. Først i 2001 byrja snøballen å rulle, FrP vart stadig oftare nemnd i samband med kristne hjertesaker, og det vart også for første gong retta kritikk mot KrF for å ha støytt frå seg FrP. Året etter vart ordet ”allianse” første gong brukt av avisa i forslaget til ein ”Midtausten-allianse” mellom KrF og FrP. Dette året vart også FrP for første gong lansert som deltakar i fleirtalsregjeringar på borgarleg side. I 2003 vart endeleg all moderasjon lagt til side av Sæle, og frå då av ønskte han FrP, KrF og tidvis også Høgre saman i ein allianse som skulle redde kristne hjertesaker, og har sidan ikkje gått tilbake på dette. Dei siste åra vart det meir og meir tydeleg for lesarane kva som var dei viktigaste sakene i denne alliansen, og dei seks fundamentsakene utkrystalliserte seg. Desse seks er sympati av Israel, opphøginga av det amerikanske samfunnet, kampen mot abort, motstanden mot muslimsk fundamentalisme, forsvaret av kristne privatskular og kristendomsundervisning, og kampen mot homofile rettar.

Sjølv om Sæle gjerne vil det, så er ikkje KrF og FrP på langt nær heilt samde om alle fundamentsakene som alliansen skal byggast rundt. Det vart derfor sentralt å finne ut kva saker som ut frå Sæle sine artiklar peika i retning av ei allianse, og kva saker som peika i motsett retning. I tillegg til sakene vart aktuelle personar og grupper vurdert etter same metode. Altså; kva saker, personar og grupper er det som verkar positivt inn på allianseplanane til Sæle, og kva som verkar negativt inn? Undersøkinga av allianseplanane

hans omfattar også kva parti han vil ha med i denne, korleis dei skal ta makta, og når denne maktovertakinga kjem.

Oversikta over kva saker, personar og grupper som verkar positivt inn på allianseplanane er delt i fire. Det første punktet er fundamentsakene som, i følgje Sæle, KrF og FrP er samde om. I alle fall er dei samde om at dei er viktige. Når det gjeld Midtausten-konflikten påstår Sæle at ein allianse allereie har materialisert seg. Så lenge det er Carl. I. Hagen som får utanriksministerposten kjem den norske politikken til å verte betre både i forhold til Midtausten og USA, etter Sæle sitt syn. Også Høgre får skryt for sin Midtausten-politikk og vert tekne inn i det gode selskap i denne fundamentsaka. I kampen mot muslimske fundamentalistar meiner redaktøren at KrF treng stønad frå andre parti for å halde motstanden. Derfor meiner Sæle at dei er i ein svært gunstig posisjon i dagens politikk, fordi han meiner at FrP stend så nært dei i standpunkt.

I skulepolitikken trugar Sæle med avkristning og tap av tusen år lange tradisjonar om det ikkje vert danna ein allianse for å ta vare på fundamentsaka vedrørende kristendomsundervisning og kristne friskular. Nokre av dei same argumenta vert nytta når det gjeld motstanden mot forskjellige rettar for homofile. Her vert Carl I. Hagen igjen trekt inn, denne gongen som ein god debattant som det er viktig å få med i alliansen. Hagen stend også fram som den personen som heilt klart verkar mest positivt inn på alliansebygginga til Sæle. I tillegg til desse fem fundamentsakene kjem det også fram at partia er samde i nokre mindre saker og, for eksempel kyrkjepolitikk og debatten rundt blasfemi-paragrafen. Sæle meiner at KrF og FrP er samde om alle desse små og store sakene, noko som trekkjer partia nærare eit samarbeid, og helst om regjeringsmakt.

Punkt nummer to som talar for ein allianse, er at grasrota og veljarane, i følgje Sæle, ønsker samarbeid sterkare enn politikarane. Desse stend dermed fram som dei gruppene som verkar mest positivt inn på alliansebygginga. Mest av alt meiner redaktøren at KrF sine veljarar er meir opptekne av å kome i ein allianse enn det KrF sine politikarar er. Mellom anna viser han til ei undersøking frå Bergen som seier 79 % av KrF sine veljarar vil ha med FrP i byregjeringa, og meiner at dei resterande 21 % berre har innteke eit forbigåande standpunkt mot eit samarbeid. Sæle gjev også KrF sine veljarar stempelet som ”dei beste veljarane”, fordi dei støttar så mannjamt opp om forsvaret av Israel. Presentasjonen av liknande nedslåande gallupar for KrF, der han tek i bruk tvilsame kjelder som for eksempel

nettavstemningar, ser ut til å vere ein taktikk for å få KrF-leiinga til å samarbeide med FrP fordi dei ikkje skal miste fleire veljarar.

Sæle nemner ikkje så mykje om FrP-veljarane si vilje, men truleg tek han denne støtta for gitt. I staden fokuserar redaktøren på at han har noko han kallar grasrota på si side i kampen for alliansar. Mellom anna trekk han inn ”nok-er-nok-aksjonen” til Linda Austnes som ville hindre ei fjerning av bordbønna i skulen. Dette utan at Austnes har gjeve si støtte til Sæle sine allianseplanar. Andre han nemner er diverse Israelsvennlege grupperingar og vekkelsesfolket. Med andre ord får redaktøren det til å sjå ut som han har både det store fleirtalet av KrF-veljarar, vekkelsesfolket og kristne interesseorganisasjonar i ryggen.

Det tredje argumentet for ein allianse er at så lite skil partia. Om ein skal tru artikkane i avisa og lesarinnlegga, frå KrF-politikarar på grasrota og FrP-politikarar generelt, er det berre FrP som har ”forstått” dette, medan KrF framleis er like motvillige. Men Høybråten sin kommentar om at KrF og FrP samanfallande synspunkt på ei rekkje saker, som Sæle refererer frå, tente eit håp for alliansen. Vidare argumenterar redaktøren for at det er eit nært partislektskap mellom dei, fordi dei har same røter i den gamle kristne engelske verdikonservative velferdsliberalismen. Dette slektskapet skulle dermed tilseie at dei er naturlege samarbeidspartnarar, skal ein tru Sæle. Han håpar derfor på eit generasjonsskifte i KrF, som skal bane veg for denne alliansen, fordi han tydelegvis trur at dagens allianse vert stoppa av enkeltpersonar som det berre er å skifte ut.

Det siste punktet er like mykje eit argument for alliansen, som det er eit motargument mot dei som innvendar at KrF ikkje kan samarbeide med eit populistisk parti. Medan mange ser på populisme som noko negativt, er Sæle svært positivt innstilt til den. I redaktøren sin definisjon er populisme at partia satsar på dei populære sakene, i denne samanhengen, for kristne veljarar. Han meiner at KrF brukar for mykje tid på saker han ser på som irrelevante, for eksempel det han kallar for likestillingsfanatisme og kjønnskvotering. I staden bør dei heller prøve å bli populære, og dermed vinne vala, oppfordrar Sæle. Her kjem også hyllinga av KrF sine veljarar fram att, han meiner dei ”shoppar” intelligent rundt mellom partia, og bestemmer seg først den siste veka før valet. Med andre ord likar KrF-veljarane populistiske parti.

Lista over saker, personar og grupper som verkar inn på allianseplanane i ei negativ retning er svært mykje kortare enn den som viser dei som verkar positivt inn, skal ein tru avisa. Faktisk har den berre to punkt. Av desse er eit av dei ei fundamentsak. Denne saka er den einaste av dei seks fundamentsakene der Sæle har problem med å plassere som ei samarbeidssak for ein framtidig allianse, nemleg abort- og genpolitikken. Redaktøren må her innsjå at KrF stend sørgjeleg åleine på sitt standpunkt mot abort, men han åtvarar likevel partiet sterkt mot å gå på akkord med denne haldninga. Det er heller dei andre partia som må ta til fornufta, skal ein tru Sæle. Han er tydeleg skuffa over FrP i denne saka sjølv om han ikkje nemner dette så ofte, men set si lit til at partiet kjem til å halde på reservasjonsretten, som gjer at i alle fall stortingsrepresentantar frå partiet kan stemme mot abortlova om dei vil.

Det andre som motarbeidar Sæle sine planar for allianse er motviljen innanfor leiinga i KrF. Spesielt har redaktøren sett seg ut den nye nestleiaren, Inger Lise Hansen, som ein av dei store fiendane til hans allianse. Han legg mykje ansvar på den unge nestleiaren, og hevdar at med henne i leiinga, må ein kanskje vente til 2013 før ein får sjå ei borgarleg samling. Men Hansen er ikkje den einaste bremseklossen innanfor KrF, også Bondevik har stått standhaftig imot alle forsøk på alliansebygging, skal ein tru redaktøren. Hansen og Bondevik vert dermed dei personane som verkar klart mest negativt inn på allianseplanane. Sæle kallar denne motviljen for ei ”tapsmekanisme” som er todelt mellom partiet sin sjalusi mot FrP sin aukande oppslutnad, og at dei rett og slett ikkje vil samarbeide med det største borgarlege partiet. Redaktøren har vorte meir og meir utålmodig etter som åra har gått utan noko samarbeid, og brukar også her til dels sterke karakteristikkar om avgjersler som er gjort innanfor KrF. For eksempel kallar han avvisingane av FrP for ”det største tap for kristenfolket nokon gong” og eit ”historisk misgrep”.

Sjølv om *Norge IDAG* publiserar mange fleire saker som peikar i retning av ein allianse, enn dei som peikar motsett veg, er KrF-leiinga sin motstand mot alliansen svært viktig for alliansane si framtid. Utan KrF er det svært lite igjen av alliansen, sidan Høgre berre er sporadisk nemnde, og ikkje alltid ser ut til å vere ein del av planane. Sæle ser ut til å inkorporere Høgre i planane berre dei gongane han kjem på at han må ha fleirtal, noko han neppe får med berre KrF og FrP. Men om ein får i stand ei trepartiregjerung, med KrF, Høgre og FrP, er det framleis ein del som skal på plass før Sæle får oppfylt draumen sin. Mellom anna vil han ha Carl I. Hagen som utanriksminister, noko som ville vere eit svært kontroversielt val i ei slik regjerung. Sæle ivrar faktisk slik etter å få i stand ei slik



fleirtalsregjering at han knapt kan vente til neste val. Det er ofte neste stortingsval som er horisonten for allianseplanane, då dei borgarlege får fleirtal og dei kristne sakene kan sikrast.

### **Kjem partane nærare?**

Året 1994 var viktig for FrP når det gjaldt overgangen til å verte eit meir religiøst parti. Carl I. Hagen tok dette året grep på landsmøtet for å styre partiet i ei meir kristeleg retning, etter at partiet først hadde gått motsett veg året før. FrP kom i løpet av den følgjande stortingsperioden KrF i møte på for eksempel kontantstønad, sjølv om det er uvisst om dette var på grunn av "kristninga" av partiet. I same periode gjennomgjekk KrF partileiarskifte i både 1995 og 2002, utan at dette endra nemneverdig på forholdet til FrP. FrP kom seg rett nok i posisjon til å vere støtteparti til to Bondevik-regjeringar, men utan at dei var i nærleiken av å vere aktuelle for regjeringsamarbeid. Mellom andre heldt statsministeren fast ved at FrP ikkje skulle inn i regjeringa. Når Hagen heller ikkje fekk vere stortingspresident, forverra forholdet seg til Bondevik så mykje at FrP ikkje lenger ville støtte regjeringa.

Etter valet i 2005 håpte mange at samarbeidsklimaet mellom FrP og dei borgarlege skulle verte betre då den kontroversielle partileiaren Hagen skulle trekkje seg attende. Men sjølv med ein ny og meir konservativ partileiar i KrF, med Dagfinn Høybråten frå 2002, kom ikkje FrP noko nærare eit samarbeid. Høybråten på si side følte tydelegvis at han måtte følgje FrP i Midtausten-konflikten på grunn av veljarflukta, og la seg etterkvart på ei meir kontroversiell linje. Derimot glei partia på nytt frå kvarandre i debatten rundt blasfemiparagrafen, etter at FrP først kom KrF i møte i dette spørsmålet i førre stortingsperiode. I mange av sakene har då også partia nærma seg kvarandre, særleg når gjeld kristne hjertesaker, men framleis er avstanden stor på andre områder. Den er tydelegvis så stor at det ikkje er aktuelt, i alle fall for KrF, å samarbeide med FrP i den næraste framtid.

I mi analyse av veljarane til dei to partia valde eg å dele denne i tre, mellom veljarvandringar, dei såkalla partiprofilane og sakene. Det første punktet, veljarvandringane, var ganske eintydige. Etter å ha hatt ei marginal flytting av veljarar mellom KrF og FrP i 1993 og 1997 med lite netto veljartap til den andre, endra dette seg i 2001. Då tok FrP 6 % av KrF sine gamle veljarar, heller ikkje dette så mykje, men ingen gjekk andre vegen. Toppen vart likevel nådd i 2005 då FrP tok 15 % frå KrF, og framleis ingen gjekk motsett veg. Med første augekast skulle ein tru at den store veljarovergangen skuldast at veljargruppene hadde vorte

likare sidan det tydelegvis var så lett å skifte mellom desse to partia. Eit viktig poeng er likevel at veljarane berre går den eine vegen. Det gjer at mange av KrF-veljarane som ville ha samarbeid med FrP allereie har forlete partiet. Avstanden mellom veljarane ser derfor snarare ut til å ha auka fordi det etter denne store veljarovergangen sannsynlegvis var færre igjen som kunne tenke seg eit samarbeid.

I partiprofilane var det også lite som peika mot større likskapar mellom dei to veljargruppene. Oversikta viste tydeleg at den gjennomsnittlege KrF-veljaren både var meir religiøst aktiv og meir fråhalden i forhold til alkohol når partiet hadde lav oppslutnad, enn når den var høg. Dette mønsteret stemte for alle fire vala, og har sannsynlegvis med at når partiet var lite stod det att med dei kristne kjerneveljarane på grunnfjellet. FrP på si side hadde få variasjonar på begge områder, men om ein skulle trekkje fram noko som peikar i retning av større likskap må det vere at den religiøse aktiviteten til FrP-veljaren la seg over landsgjennomsnittet for første gong i 2005. Dette var som sagt det året då FrP tok rekordmange veljarar frå KrF, og sannsynlegvis gjorde dette utslaget. Likevel er endringane i FrP sin partiprofil ganske små sjølv om ein ser det over fire val, og lite tyder på at dei har vorte mykje likare KrF-veljaren her.

Oversikta over dei forskjellige sakene er meir komplisert enn i dei to førre avsnitta fordi talet på tabellar er mykje høgare, noko som gjere samanlikninga meir samansett. Analysen av undersøkinga er delt i seks, der fire av dei rettar seg inn på synet på fundamentsakene, medan dei to siste er spørsmål av ein meir generell karakter, mellom anna veljaren sin eigenplassering på høgre-venstreskalaen og veljaren sitt syn på regjeringssituasjonen. Det første området gjeld innvandring der ein har fleire problemstillingar å velje mellom, men utsegna ”Innvandring utgjør en alvorlig trussel mot vår nasjonale egenart” var den mest interessante, då fundamentsaka dreiar seg om den kulturelle innverknaden til muslimske innvandrarar. I alle tre vala hadde FrP-veljarane svært høg tilslutnaden til svaralternativet ”heilt samd” eller ”nokså samd” på dette spørsmålet, medan KrF sine veljarar hadde langt lågare oppslutnad til dei same alternativa, før dei plutsleg gjorde eit hopp oppover i 2005. På dei andre spørsmåla legg FrP-veljarane seg gjennomsnittleg på ein langt meir restriktiv linje enn KrF, og tala held seg ganske jamne over alle vala, utan store utslag. Det einaste større utslaget finn vi altså i trusselen mot vår nasjonale egenart der KrF går frå 33 % til 44 % i ”heilt samd” eller ”nokså samd”. Ein kan med stort sannsyn seie at dette er det viktigaste

aspektet i innvandringspolitikken for KrF-veljarar fordi nasjonale eigenart mellom anna har med religion å gjere, og at dei nærma seg FrP-veljaren akkurat her.

Andre punkt som gjeld veljarane sitt forhold til private skular og kristendomsundervisning er det vanskeleg å sjå noko utvikling på grunn av dei skiftande spørsmålstillingane frå undersøking til undersøking. Men likevel er det ikkje vanskeleg å konkludere med at begge parti sine veljarar er tilhengjarar av private skular, og ligg ganske nær kvarandre. Når det gjeld kristendomsundervisning gjev KrF sine veljarar ikkje overraskande svært høg tilslutnad til obligatorisk undervisning, og FrP-veljarane også hallar mest mot dette er dei mykje meir spreidd utover skalaen. Dei fleste tala er jamne for alle tre vala, men verdt å merke seg er at FrP har størst tilslutnad til obligatorisk kristendomsundervisning i 1997, medan KrF hadde høgst i 2005, altså motsett. Dei to veljargruppene er altså ganske like når det gjeld private skular, medan ulikskapen er stor, og er aukande når det gjeld obligatorisk kristendomsundervisning.

Når gjeld abort- og genpolitikk går det eit ganske markant skilje mellom dei to delane. Begge veljargruppene var samde i at det ikkje burde vore lovleg å foreta inngrep i naturlege arveanlegg hjå mennesker og dyr, i alle fall i 1997-undersøkinga. Det er ikkje tilfellet for abortsaka, der avstandane er svært store. Mellom anna var 15 % av KrF-veljarane for sjølvbestemt abort i 2005, medan 65 % av FrP-veljarane var det. I tillegg var dette den høgste tilslutninga for FrP-veljarane på dei tre vala, mens det var den lågaste for KrF-veljarane, noko som kan tyde på at avstanden aukar. Sak nummer fire var forholdet til rettar for homofile, der begge parti hadde jamt høg tilslutnad til å nekte sambuande homofile dei same rettane som gift i 1997- og 2001-undersøkinga, og til adoptere i 2005. FrP sine veljarar var jamt over ikkje fullt så skeptiske som KrF sine, men låg ikkje så langt unna. Ein kan derfor med stor grad av sikkerheit seie at veljarane er på linje i dette spørsmålet.

I statistikkane over dei meir generelle spørsmåla finn ein for eksempel ei oversikt over om veljaren meiner vi burde satse på eit samfunn der kristne verdiar spelte ei større rolle. Ikkje overraskande var KrF sine tilhengjarar sterke tilhengjarar av dette, medan FrP hadde jamn spreiding på alle alternativa. Eit anna problemstilling gjekk på eigenplasseringa på ein høgrevstreskala frå 0 til 10, der 0 var lengst til venstre. KrF-veljarane la seg jamt mellom 5 og 6 på ved alle vala, medan FrP hadde eit gjennomsnitt på rundt 7. Med så lite endring på begge spørsmåla ser det ut til veljarane ikkje er noko nærare kvarandre her i alle fall. Det sjette og

siste punktet i valundersøkingane som eg fann det verdt å analysere var kva parti dei forskjellige veljarane ikkje vil ha med i ei eventuell regjering. Her svarte 38 % av KrF-veljarane at dei ikkje ville ha med FrP i regjering, medan 24 % av FrP sine veljarar ikkje ville ha med KrF i ei regjering. Verdt å merkje seg er at berre 3 % av KrF-veljarane ville utelate Høgre, medan 2 % av FrP-veljarane ville det same.

### **Går det mot ein allianse?**

I sine leiarartiklar ser Sæle fram mot ein nærmast utopisk borgarleg fleirtalsallianse som skal ende alle sorger for dei som er opptekne av kristne hjertesaker i Noreg. I denne alliansen skal FrP, KrF, og tidvis også Høgre danne grunnlag for fleirtalet som skal sikre dei viktige sakene, utan å måtte kompromisse, fordi dei stort sett er samde om det viktigaste. Sjølv når redaktøren skriv om ”tilbakeslag” for allianseplanane, har han ei eiga evne til å sjå lyset i enden av tunnelen, uansett kor håplaus situasjonen kan sjå ut.

I den verkeleg verda ser det derimot ut til at det er mindre hald i allianseplanane. Det at så mange forlet KrF til fordel for FrP, tyder på at det er færre FrP-sympatisørar igjen enn tidlegare i KrF, noko som reduserar sjansen endå meir for samarbeid. Partileiarane ser ut til å vere vanskeleg å overtale, men det skuffar nok Sæle mest at veljargruppene ikkje har vorte likare enn dei framstend i undersøkingane. Berre på svært avgrensa områder tyder det på at KrF-veljarane ville hjelpe Sæle sine allianseplanar mot målet.

## Litteraturliste:

- Aslaksen, Trine – ”Plass til islam i Norge?” – Universitetet i Oslo – 2006.
- Berg, Sonja Lovise – ”Samling om verdier” – Universitetet i Oslo – 2003.
- Bondevik, Kjell Magne – ”Et liv i spenning” – Aschehoug 2006.
- Boye, Tore – ”Opplevelser og tanker om Fremskrittspartiet” – BBD forlag – Arendal – 2006.
- Ekeberg, Jan Ove og Snoen, Jan Arild – ”Kong Carl” – Kagge Forlag – Oslo 2001.
- Furre, Berge – ”Norsk historie 1914-2000” – Det Norske Samlaget – Oslo 1999.
- Hagen, Carl I. – ”Ærlig talt – Memoarer 1944-2007” – Cappelen – 2007.
- Hirsch, Silje Marie – ”Mellom bibel og menneskerettigheter” – Samfunnsvitenskapelige fakultet - Universitet i Oslo – 2005.
- Holberg, Sunniva – ”Menneskefiskere eller stemmefiskere?” – Universitetet i Oslo – 2006.
- Johansen, Trond – ”Et populistisk manifest” – Hovedoppgave, institutt for statsvitenskap ved Universitetet i Oslo – 2007.
- Mjeldheim, Leiv – ”Den gyldne mellomvegen” – ”Tema frå Venstres historie 1905-1940” – Vigmostad & Bjørke – Bergen, 2006.
- Rokkan, Stein – ”Stat, nasjon, klasse” – Universitetsforlaget, Oslo – 2001.
- Sæle, Finn Jarle og Torp, Jan-Aage – ”Norge vend i tide” – Rex Forlag – Oslo – 1993.
- Tveit, Odd Karsten – ”Krig og diplomati” – Oslo-Jerusalem 1978-96 – Aschehoug – Oslo 2005.
- Winsnes, Ole Gunnar (red.) – ”Tallenes tale 2003” – Tapir akademisk forlag – Trondheim 2004.
- Aardal, Bernt, Valen, Henry og Berglund, Frode – Valgundersøkelsen 1993, dokumentasjonsrapport – Statistisk sentralbyrå – Oslo-Kongsvinger 1995.
- Aardal, Bernt, Valen, Henry og Opheim, Ingunn - Valgundersøkelsen 1997, dokumentasjonsrapport – Statistisk sentralbyrå – Oslo-Kongsvinger - 1999.
- Aardal, Bernt, Valen, Henry, Karlsen, Rune, Kleven, Øyvinn, og Normann, Tor Morten - Valgundersøkelsen 2001, dokumentasjonsrapport – Statistisk sentralbyrå – Oslo-Kongsvinger - 2003.
- Aardal, Bernt, Høstmark, Maria, Lagerstrøm, Bengt, Oscar, og Stavn, Guro - Valgundersøkelsen 2005, dokumentasjonsrapport – Statistisk sentralbyrå – Oslo-Kongsvinger - 2007.

Aardal, Bernt (red.) – ”Velgere i 90-årene” – NKS-forlaget – Oslo – 1999.

Aardal, Bernt (red.) – ”Velgere i villrede...” – ”En analyse av stortingsvalget 2001” - N.W. Damm og sønn – Oslo - 2003.

Aardal, Bernt (red.) – ”Norske velgere” – ”En studie av stortingsvalget 2005” – N.W. Damm og sønn – 2007.

## **Andre kjelder:**

CD-rom: Norsk samfunnvitenskaplig datatjeneste - ”Vi vil...! – Norske partiprogrammer 1884-2001” – 2001.

Nettstadar:

<http://home.online.no/> (Hjemme Undervisningen i Norge - på Internett)

<http://www.aftenposten.no>

<http://www.bt.no>

<http://www.dagbladet.no>

<http://www.idag.nob> (Norge IDAG sin nettstad)

<http://www.ikrist.com> (I Kristus Jesus – Informasjon fra Kristenfronten)

Aviser (papirutgåver):

Dagen

Norge IDAG





## Appendix:

### Valundersøkinga 2005

#### KrF

8f: Innvandring utgjør en alvorlig trussel mot vår nasjonale egenart...

	<b>Helt enig</b>	<b>Nokså enig</b>	<b>Både og</b>	<b>Nokså uenig</b>	<b>Helt uenig</b>	<b>Vet i.</b>
Antall	15	27	4	23	26	0
%	16	28	4	24	27	0

11: Vi bør gjøre det lettere for innvandrere å få adgang til Norge (0) – antall innvandrere til Norge bør begrenses enda sterkere enn i dag (10)...

	<b>0</b>	<b>1</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>5</b>	<b>6</b>	<b>7</b>	<b>8</b>	<b>9</b>	<b>10</b>	<b>Vet i.</b>
Antall	2	0	1	4	2	30	11	9	16	4	15	1
%	2	0	1	4	2	32	12	9	17	4	15	1

12: Kristendomsundervisningen bør obligatorisk i grunnskolen (0) – kristendomsundervisningen bør være frivillig i grunnskolen (10)

	<b>0</b>	<b>1</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>5</b>	<b>6</b>	<b>7</b>	<b>8</b>	<b>9</b>	<b>10</b>	<b>Vet i.</b>
Antall	50	8	10	10	4	4	0	0	1	0	7	1
%	53	8	11	11	4	4	0	0	1	0	7	1

15c: Grensen for selvbestemt abort bør utvides fra 12 til 16 uker...

	<b>Helt enig</b>	<b>Nokså enig</b>	<b>Både og</b>	<b>Nokså uenig</b>	<b>Helt uenig</b>	<b>Vet i.</b>
Antall	2	2	0	5	86	0
%	2	2	0	5	91	0

15g: Det bør være samme mulighet til adopsjon for homofile som for heterofile...(v044)

	<b>Helt enig</b>	<b>Nokså enig</b>	<b>Både og</b>	<b>Nokså uenig</b>	<b>Helt uenig</b>	<b>Vet i.</b>
Antall	5	4	0	10	76	0
%	5	4	0	11	80	0

27: Hvilket av disse uttalelsene stemmer best med din egen mening?

(1: Abort bør aldri tillates, 2: Abort bør tillates hvis kvinnes liv eller helse er i fare, 3: Abort bør også tillates hvis kvinnen på grunn av personlige forhold har meget vanskelig for å ta seg av et barn, 4: Selvbestemt abort. Den enkelte kvinne må selv få bestemme om hun vil føde sitt barn. 8: Vet ikke)

	<b>1</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>8</b>
Antall	3	61	17	14	0
%	3	64	18	15	0

28b: I dårlige tider bør vi først og fremst sørge for arbeid til nordmenn...

	<b>Helt enig</b>	<b>Nokså enig</b>	<b>Både og</b>	<b>Nokså uenig</b>	<b>Helt uenig</b>	<b>Vet i.</b>
Antall	17	30	5	24	19	0
%	18	30	5	25	20	0

28c: Vi bør tillate kommersielle privatskoler...

	<b>Helt enig</b>	<b>Nokså enig</b>	<b>Både og</b>	<b>Nokså uenig</b>	<b>Helt uenig</b>	<b>Vet i.</b>
Antall	25	20	4	21	25	0
%	26	21	4	22	26	0

28d: Flyktninger og innvandrere bør ha samme rett til sosialhjelp som nordmenn, selv om de ikke er norske statsborgere...

	<b>Helt enig</b>	<b>Nokså enig</b>	<b>Både og</b>	<b>Nokså uenig</b>	<b>Helt uenig</b>	<b>Vet i.</b>
Antall	31	35	2	17	10	0
%	33	37	2	18	10	0

28h: Hvis innvandrere uten norsk statsborgerskap begår en kriminell handling, skal de utvises...

	<b>Helt enig</b>	<b>Nokså enig</b>	<b>Både og</b>	<b>Nokså uenig</b>	<b>Helt uenig</b>	<b>Vet i.</b>
Antall	60	22	2	10	1	0
%	63	23	2	11	1	0

42: Hvor vil du plassere KrF på en skala der 0 betyr venstresiden og 10 betyr høyresiden?

	<b>0</b>	<b>1</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>5</b>	<b>6</b>	<b>7</b>	<b>8</b>	<b>9</b>	<b>10</b>	<b>Vet i.</b>
Antall	0	0	0	1	2	16	23	26	14	4	1	8
%	0	0	0	1	2	17	24	27	15	4	1	8

43: Hvor vil du plassere deg selv på en skala der 0 betyr venstresiden og 10 betyr høyresiden?

	<b>0</b>	<b>1</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>5</b>	<b>6</b>	<b>7</b>	<b>8</b>	<b>9</b>	<b>10</b>	<b>Vet i.</b>
Antall	1	0	0	3	6	23	14	23	14	3	2	6
%	1	0	0	3	6	24	15	24	15	3	2	6

57a: Er det ett eller flere partier du overhodet ikke ønsker skal inngå i en regjering?

	<b>Ja</b>	<b>Kanskje, i tvil</b>	<b>Nei</b>	<b>Har ikke stemt</b>	<b>Vet ikke</b>
Antall: 76		2	16	0	1
%: 80		2	17	0	1

57b: Hvilket parti eller hvilke partier er dette?

	<b>Ja</b>	<b>Nei</b>
Høyre:	3 (3 %)	75 (79 %)
FrP:	36 (38 %)	42 (44 %)

**FrP**

8f: Innvandring utgjør en alvorlig trussel mot vår nasjonale egenart...

	<b>Helt enig</b>	<b>Nokså enig</b>	<b>Både og</b>	<b>Nokså uenig</b>	<b>Helt uenig</b>	<b>Vet i.</b>
Antall	103	115	14	58	39	0
%	31	35	4	18	12	0

11: Vi bør gjøre det lettere for innvandrere å få adgang til Norge (0) – antall innvandrere til Norge bør begrenses enda sterkere enn i dag (10)...

	<b>0</b>	<b>1</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>5</b>	<b>6</b>	<b>7</b>	<b>8</b>	<b>9</b>	<b>10</b>	<b>Vet i.</b>
Antall	1	2	1	1	4	31	17	48	65	24	134	1
%	0	1	0	0	1	9	5	14	20	7	41	0

12: Kristendomsundervisningen bør obligatorisk i grunnskolen (0) – kristendomsundervisningen bør være frivillig i grunnskolen (10)

	<b>0</b>	<b>1</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>5</b>	<b>6</b>	<b>7</b>	<b>8</b>	<b>9</b>	<b>10</b>	<b>Vet i.</b>
Antall	89	24	22	20	11	50	4	8	22	6	72	1
%	27	7	7	6	3	15	1	2	7	2	22	0

15c: Grensen for selvbestemt abort bør utvides fra 12 til 16 uker...

	<b>Helt enig</b>	<b>Nokså enig</b>	<b>Både og</b>	<b>Nokså uenig</b>	<b>Helt uenig</b>	<b>Vet i.</b>
Antall	38	46	19	46	169	11
%	12	14	6	14	51	3

15g: Det bør være samme mulighet til adopsjon for homofile som for heterofile...

	<b>Helt enig</b>	<b>Nokså enig</b>	<b>Både og</b>	<b>Nokså uenig</b>	<b>Helt uenig</b>	<b>Vet i.</b>
Antall	43	41	11	59	171	4
%	13	12	3	18	52	1

27: Hvilket av disse uttalelsene (om abort) stemmer best med din egen mening?

(1: Abort bør aldri tillates, 2: Abort bør tillates hvis kvinnes liv eller helse er i fare, 3: Abort bør også tillates hvis kvinnen på grunn av personlige forhold har meget vanskelig for å ta seg av et barn, 4: Selvbestemt abort. Den enkelte kvinne må selv få bestemme om hun vil føde sitt barn. 8: Vet ikkje)

	<b>1</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>8</b>
Antall	4	44	68	213	0
%	1	13	21	65	0

28b: I dårlige tider bør vi først og fremst sørge for arbeid til nordmenn...

	<b>Helt enig</b>	<b>Nokså enig</b>	<b>Både og</b>	<b>Nokså uenig</b>	<b>Helt uenig</b>	<b>Vet i.</b>
Antall	151	92	7	54	25	0
%	46	28	2	16	8	0

28c: Vi bør tillate kommersielle privatskoler...

	<b>Helt enig</b>	<b>Nokså enig</b>	<b>Både og</b>	<b>Nokså uenig</b>	<b>Helt uenig</b>	<b>Vet i.</b>
Antall	85	113	16	67	41	7
%	26	34	5	20	12	2

28d: Flyktninger og innvandrere bør ha samme rett til sosialhjelp som nordmenn, selv om de ikke er norske statsborgere...

	<b>Helt enig</b>	<b>Nokså enig</b>	<b>Både og</b>	<b>Nokså uenig</b>	<b>Helt uenig</b>	<b>Vet i.</b>
Antall	44	83	11	96	92	3
%	13	25	3	29	28	1

28h: Hvis innvandrere uten norsk statsborgerskap begår en kriminell handling, skal de utvises...

	<b>Helt enig</b>	<b>Nokså enig</b>	<b>Både og</b>	<b>Nokså uenig</b>	<b>Helt uenig</b>	<b>Vet i.</b>
Antall	270	45	6	4	4	0
%	82	14	2	1	1	0

42: Hvor vil du plassere FrP på en skala der 0 betyr venstresiden og 10 betyr høyresiden?

	<b>0</b>	<b>1</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>5</b>	<b>6</b>	<b>7</b>	<b>8</b>	<b>9</b>	<b>10</b>	<b>Vet i.</b>
Antall	0	0	1	1	7	19	22	40	54	82	83	20
%	0	0	0	0	2	6	7	12	16	25	25	6

43: Hvor vil du plassere deg selv på en skala der 0 betyr venstresiden og 10 betyr høyresiden?

	<b>0</b>	<b>1</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>5</b>	<b>6</b>	<b>7</b>	<b>8</b>	<b>9</b>	<b>10</b>	<b>Vet i.</b>
Antall	3	1	3	2	7	53	48	69	77	25	24	17
%	1	0	1	1	2	16	15	21	23	8	7	5

57a: Er det ett eller flere partier du overhodet ikke ønsker skal inngå i en regjering?

	<b>Ja</b>	<b>Kanskje, i tvil</b>	<b>Nei</b>	<b>Har ikke stemt</b>	<b>Vet ikke</b>
Antall: 236	9		82	0	2
%:	72	3	25	0	1

57b: Hvilket parti eller hvilke partier er dette?

	<b>Ja</b>	<b>Nei</b>
Høyre:	8 (2 %)	237 (72 %)
KrF:	80 (24 %)	165 (50 %)